

FØREORD

Denne hovudoppgåva har vore eit ganske omfattande stykke arbeid, men på same tid spanande og utfordrande. No kan eg endeleg få rose alle dei gode støttespelarane undervegs. Eg vil takke familie, slekt og vene samt rettleiar Martin Eide for hjelp, tolmod og gode råd. Ei særskild takk også til redaksjonen for *Norsk Presses Historie 1763-2010* for stipend våren 2003.

Den som fortener mi største takk er framfor alle faren min. Du las med entusiasme og smil kring munnen prosjektbeskrivelsen for oppgåva. Ikkje visste eg at det skulle vere siste gong vi såg kvarandre, for brått ein novemberdag i 2002 var du ikkje hos oss lenger. I kraft av minnet om ein svært kunnskapsrik og inspirerande far, som tolmodig svara på alle spørsmåla mine, har du likevel vore del i arbeidet vidare. Du har halde meg oppe og ført meg framover når eg leita etter løysingar. Difor vil eg tileigne dette arbeidet til deg, pappa. *Du er alltid nær.*

Naustdal/Bergen, mai 2004

FØREORD.....	i
INNLEIING	1
Identitet mellom nasjon og profesjon.....	1
Problemstilling	3
Vitskap og slektskap.....	4
Fagleg og teoretisk tilnærming.....	5
Empirisk materiale	6
Nivåframstilling	7
1 BLADSTYRAR I PRAKSIS – BONDE I TEORIEN	10
Bondestudent.....	10
Lærar og 'peletonchef'	12
Ny avisrøyst markerer seg.....	13
"....ein plass for seg sjølv i norsk presse og aandsliv"	15
Lagsarbeid	16
Bonde, bygdegransk og byoriginal	17
2 JOLEIK I EIT SAMFUNNSHISTORISK PERSPEKTIV	20
Sosiologisk fantasi.....	20
Sosiologisk portrett av ein norsk redaktør.....	21
Figurasjonar og historisk sosiologi	22
3 NASJONAL IDENTITET.....	24
Norskdomsideologi	24
Røter i bondesamfunnet	26
Leiande ideologar og formidlarar.....	28
Frå Europa til norske byar og bygder.....	31
Nasjon, språk og motkultur	32
Målrørsla hevdar seg politisk	33
Organisatorisk fellesskap	34
Omdanning – landsmålet i skulen	35
Ei alternativ offentlegheit.....	37
4 PROFESJONELL IDENTITET	39
Trekk frå tidleg norsk pressehistorie.....	39
Framveksten og etableringa av nynorsk presse.....	41
Idealisme for å synleggjere målet.....	43
Dualistisk nynorsk presseideologi.....	44
Profesjonell identitetsbygging	45
Organisatorisk grunnarbeid	47
Utdanningsstrev.....	49
Mot ei sjølvstendig redaktørrolle	50
Felt-omgrepet som tankereiskap	53
5 NORSK BLADMANNALAG OG BLADMANNASKULEN.....	55
"....dynamitt i boreholo på riksmaalsobstruksjonen"	55
Betre vilkår for målpressa	57
"....det Styrkjebeltet som heiter Samhald"	58
Yrkesmållag	59
Bladmannaskulen	60
Del i ein alternativ danningstradisjon.....	63
Framhald trass i økonomiske vanskar	64
Kompetanseheving	65
6 SPEGJELEN OG FJORDAPOSTEN	67
Målbladet Spegjelen	67

”For norsk næringsliv og national-demokratisk politikk”	70
Bygdetalsmann reiser makkritikk	72
Profilendring.....	74
Blanda publikum	76
Orda speglar den som skriv.....	78
Politisk nytt frå inn- og utland.....	79
Internasjonal politikk.....	82
Skjemt og alvor	84
”Ymsingar”.....	86
7 INDIVIDUALISME OG FELLESSKAP FOR MÅLSAKA.....	88
Sterke meiningar om norsk målreising.....	88
”Skjit i rettskrivinga!”	91
Samlingsstaden Spegjelen	93
Idegrunnlaget for Spegjelen og Fjordaposten	96
Vinje som ideologisk førebilete	98
8 SJØLVSTENDE FRAMFOR BØRS OG PARTIPOLITIKK	100
Båten flyt	100
Rekneskapen for Spegjelen	102
Familien driv Fjordaposten	103
Inntektsgrunnlaget for avisene	105
Venstrebladet Spegjelen	108
Sak framom parti	109
”...utanfor dei partipolitiske saudegjerde”.....	110
AVSLUTTING.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>NOTAR</u>	116
<u>LITTERATUR</u>	123
VEDLEGG.....	127

INNLEIING

”Eg er med um aa røra utpaa o koke den supa som heiter folkemeiningja; og de er stundom eg merkar der er vorte ein litin smak som eg hev sett på”ⁱ. Slik opplevde Albert Joleik, bestefaren min, rolla som avisredaktør i Bergen på 1920-talet. Denne yrkesrolla gjorde det mogleg for han å prege lesarane si forståing av kva som rørte seg. Nettopp redaktørrolla og Joleik sin praksis innanfor nynorsk presse er tema for denne hovudoppgåva. Med utgangspunkt i aktiviteten han synte, som bladstyrar og som medlem av presseorganisasjonen Norsk Bladmannalag, skal vi undersøkje korleis sentrale element knytt til nynorsk motkultur og profesjonalisering kjem til uttrykk innanfor presseyrket. Ved å sjå praksisen i lys av slike samfunnshistoriske utviklingstrekk, kan vi gripe konteksten Joleik si livssoge er bunden til.

Identitet mellom nasjon og profesjon

Målrørsla var mellom norske motkulturar som fra 1860-talet for alvor reagerte mot det danske embetsstyre, ei styreform ein hevda sette norsk folkekultur til side. Kritikken retta seg dels mot at dansk skriftspråk fekk førerang framfor nedarva folkemål, og særleg målrørsla tok etter kvart til å stritte imot ei slik utvikling. Ein gjorde krav om ein annan basis for nasjonal identitet. Målreisinga, kampen for landsmålet og norsk bygdekultur, for norskdomsideologi, synest å ha vore ei medverkande årsak til framvekst av parlamentarisme og seinare unionsoppløysing i 1905. Bygdefolk og intellektuelle i dei norske byane tok til motmåle mot maktsentrumet i København. Saman forma dei gradvis ei særeiga nynorsk offentlegheit. På dette grunnlaget skal vi sjå målrørsla i eit nasjonalt, motkulturelt perspektiv.

Albert Joleik voks opp og vart forma i ei brytingstid for den norske nasjonen, ei tid som tydeleg prega meiningsane han bar fram. Då Stortinget i 1885 vedtok at landsmål eller folkemålet og dansk-norsk skulle jamstellast som norske skriftspråk, fylte vesle Albert fem år. Tida frå 1890-talet og fram til 2. verdskrig var den viktigaste vekstperioden for landsmålet som skriftspråk. Som enkeltaktør var Joleik del i ein språkleg kulturkamp på fleire plan. I 1901 vart han den fyrste studenten i landet som skreiv nynorsk til embeteksamen. Seinare underviste han eit par år i landsmål ved lærarskulane på Stord og i Levanger. Ved sidan av å vere redaktør for fleire nynorske aviser tok han vidare del som medlem av ei rekkje mållag.

Fleire har i samband med nynorsk motkultur omtala lærarane si formidlarolle som særleg viktig, men eg vil trekke fram aktørar innanfor målpressa. Eg påstår dei har spela ei minst like sentral rolle som skuleverket i å spreie landsmålet og fremje norsk bygdekultur.

Medarbeidarane i nynorske aviser var på same tid opptekne av å utvikle ei sjølvstendig yrkesrolle innanfor journalistikk. Profesjonalisering sett som gradvis sjølvstendiggjering kan vi karakterisere som eit generelt journalistikkhistorisk prosjekt. I denne prosessen freista ein å tilegne seg særtrekk ved klassiske profesjonar. Fagorganisering og kravet om ei langvarig, vitskapleg basert utdanning med offentleg autorisasjon var mellom desse trekkaⁱⁱ. Til liks med ei rekke andre yrkesgrupper fann etter kvart også pressefolk saman i organisatoriske felleskap. Tre år etter etableringa av Norsk Presseforbund, ein felles landsorganisasjon for norske redaktørar, skipa ein krets av aktive i målpressa Norsk Bladmannalag i 1913. Striden mot dansk skriftspråk og embetskultur ga seg slik også uttrykk i ei meir profesjonell yrkesrolle.

Målreisinga og profesjonaliseringa, to ulike prosessar, går saman i det målrørsla får eit organisatorisk uttrykk innanfor nynorsk presse. I dette skjeringspunktet mellom nynorsk motkultur og profesjonssosiologiske utviklingstrekk møtest dei tre hovudtilnærmingane i dette arbeidet, nemleg identitet, nasjon og profesjon. Å byggje ein særskilt identitet knytt til norskdomsideologi fell her saman med ynsket om å markere seg som profesjonelle yrkesutøvarar. To identitetsprosjekt møtest. Den nynorske motkulturen sitt arbeid for å forsterke nasjonalkjensla, basert på norsk folkekultur, gav saman med framveksten av redaktørrolla bladstyrarane i målavisen ein klårare og meir samansett identitet.

Bak oppstarten av Norsk Bladmannalag stod ein krets av engasjerte redaktørar, journalistar, eigarar og forretningsførarar innanfor målpressa. Føremålet med laget var ”aa samle maalbladi til sams framtak i arbeidet fyr norskdomsreisingi”ⁱⁱⁱ. Joleik tok del som styremedlem i starten og var ein av lærarane då ein i 1919 etablerte Norsk Bladmannaskule. Etableringa innebar det fyrste opptaket til ei organisert journalistutdanning i Noreg. Arbeidet som vart lagt ned for å få organisert og utdanna nynorske bladfolk var såleis banebrytande. Likevel førte pengemangel til at ein måtte leggje om til brevkule etter to år. Sjølv i dag oppfyller journalistyrket vanskeleg dei utdanningskrava klassiske profesjonar stiller.

Joleik var sjølv del i profesjonaliseringa av presseyrket på to ulike vis. Ved sidan av å ta aktivt del i Norsk Bladmannalag som styremedlem og lærar ytra han seg nemleg som ein

sjølvstendig bladstyrar. Frå 1911 til 1913 hadde han målbladet *Spegjelen* i Trondheim, derifrå reiste han vidare til Bergen og Gula Tidend der han var bladstyrar ei tid. I 1923 valde han på ny å skipe ei avis på eiga hand og starta då opp *Fjordaposten*. Denne avisa dreiv han saman med familien fram til 1940. *Spegjelen* og *Fjordaposten* er begge sterkt prega av Joleik sjølv, og det er desse to avisene eg konsentrerer meg om. Utviklingstrekk syner dessutan at han forma ei stadig meir uavhengig og samstundes personleg line i avisarbeidet.

Ei sosiologisk forståing ligg til grunn for korleis eg forstår redaktørrolla. Forståinga byggjer på idegrunnlaget Joleik knytte seg til samt måten han spela ut dette og handla på, eg grip altså om både normative og meir praktiske aspekt. Vidare må vi setje handlingane inni ein kontekst. Samfunnshistoriske trekk har saman med ulike personlegdomar drive fram rolla som avisredaktør. Ifølgje Martin Eide (2000) er denne rolla ”et produkt skapt av alle de som har latt seg forme av den og som har bidratt til å forme den”^{iv}. Sjølv om denne bladstyraren tok opp i seg fleire av trekka knytt til profesjonaliseringa av redaktørrolla, vil eg hevde han bygde den på eigne premiss og dermed sette *sitt* preg på utviklinga.

Problemstilling

Fokuset ligg på utmyntinga av ei redaktørrolle i spenninga mellom identitet, nasjon og profesjon. Albert Joleik sin praksis som bladstyrar vil her fungere som eit typeksempel. Korleis var eigentleg engasjementet han synte prega av trekk ved norsk målreising og profesjonaliseringa av presseyrket? Og kva form for identitetsbygging gav bindinga mellom desse to samfunnsprosessane seg uttrykk i? Dette vil vere dei overordna spørsmåla.

Går vi djupare inni problematikken kan vi avdekkje korleis den omtala spenninga kjem til syne. For å finne svar må vi sjå på korleis Joleik utfalda seg praktisk sett som lagsmedlem og bladstyrar. Ei rekkje spørsmål reiser seg då. På kva måtar han sjølv var med å forme dei aktuelle prosessane, og i kva grad han tok aktivt del i utforminga av rolla og identiteten som nynorsk bladstyrar, vil vere relevant å spørje om. Kvifor engasjerte i det heile Joleik seg i målpressea? Kva fekk skipinga av Norsk Bladmennalag og Bladmannaskulen å seie for identiteten til nynorske pressefolk? På eit meir innhaldsmessig nivå kan vi ta opp fleire interessante trekk. Korleis kom til dømes norskdomsideologien fram i *Spegjelen* og

Fjordaposten? Vidare er det interessant å undersøkje kor profesjonelt Joleik sjølv stilte seg som redaktør. Ytra han seg på eit uavhengig grunnlag i dei to avisene, eller var han bunden av føringar frå økonomiske og partipolitiske aktørar og såleis ein mindre profesjonell yrkesutøvar? Desse meir spesifikke spørsmåla peikar mot moglege svar på den overordna problemstillinga og gjev slik retning vidare.

Vitskap og slektskap

Kvífor er dei overordna spørsmåla vitskapleg interessante, og kvífor ynskjer eg å skrive om nettopp denne tematikken? Føremålet med arbeidet har baserer seg både på ei vitskapleg grunngjeving og ein meir personleg motivasjon.

Samankoplinga av tilnærmingar er elementet som særleg gjer dette til eit vitskapleg interessant arbeid. Identiteten som nynorsk bladstyrar har tidlegare ikkje vore utforska i lys av dei to andre dimensjonane, nemleg idegrunnlaget knytt til den motkulturelle og den profesjonelle sida av redaktørrolla, på ein gong. Difor vil vi gjennom denne studien kunne vinne ny kunnskap. Engasjementet til Joleik i målpressa speglar denne bindinga, og fortel samstundes korleis den kan utfalde seg gjennom ein enkeltaktør. Slik fangar vi opp at identiteten ikkje berre byggjer på ein kulturkamp, men like mykje på ein profesjonskamp, utan at dette er motstridande trekk. Eksisterande kunnskap og teoriar om eit fenomen vert altså nytta på nye måtar. Dette nybrotsarbeidet inneber å setje saman delar av fleire former for forsking som er gjort tidlegare, noko som vil verke til å auke mengda av systematisk forsking.

Det ligg også ei meir subjektiv og mindre vitskapleg årsak bak denne studien. Frå eg var litau jente har eg nemleg vore svært interessert i slekt, språk og historie. Etter kvart som eg oppdaga kva aktivitet bestefaren min hadde synt innanfor den nynorske motkulturen, vart eg straks nyfiken på å vite meir om historia bak. Då eg såg bindinga til større samfunnshistoriske trekk auka interessa enno meir. Slektskapen og nærliken til kjeldene fører meg tett opp til Albert Joleik og opnar for å gje eit utfyllande bilet av han. Fordi eg er medviten om eit slikt motiv vil dette kunne styrke framstillinga. Snarare enn å la slektsbandet styre vala mine er det utgangspunkt for å gå tett på denne samansette personen.

Fagleg og teoretisk tilnærming

Kva veit vi allereie om den tematikken eg tek opp til diskusjon? Det er i hovudsak samfunnsvitskaplege tilnærmingar eg tek i bruk, for i lys av dei tre dimensjonane å gripe korleis redaktørrolla tok form innanfor målpressa. På same tid er dette tilnærmingar som vil auke forståinga av Joleik si rolle som bladstyrar. Ettersom koplinga av teoretiske perspektiv i liten grad er utforska tidlegare, vert dei under dette punktet helst omtala kvar for seg. Under dette punktet vil eg også kort trekkje inn aktuell litteratur.

Problematikken knytt til høvet mellom aktør og struktur vil vere eit sentralt moment i diskusjonen. Eide har tidlegare etterlyst bruken av sosiologisk fantasi i norsk journalistikkforsking^v. Ifølgje C. Wright Mills ([1959]1967) gjer den typen fantasi det mogleg å gripe samanhengane mellom samfunn, historie og biografi (eller aktørliv), og slik sameine historiske og samfunnsmessige perspektiv^{vi}. Dette synet grip på ein god måte føremålet med dette arbeidet. Praksisen til aktøren Albert Joleik skal vi nemleg sjå i samanheng med samfunnet kring han og den historiske konteksten han levde i. Gjennom å kombinere aktør- og strukturforklaringar kan vi slik teikne eit sosiologisk portrett av Joleik som rolle-type. Redaktørrolla vart jo utforma nettopp i eit vekselspel mellom aktør og struktur.

Utviklinga av den nynorske motkulturen var eit kontekstuelt trekk som prega Joleik. Fleire norske historikarar har nærma seg tematikken, og frå desse kjeldene hentar vi kunnskap om målreisinga og idegrunnlaget bak den samt etableringa av nynorsk presse. Stein Rokkan er ein markant norsk teoretikar i denne samanhengen. Han legg vekt på motkulturane si rolle i framveksten av ein norsk nasjonalstat, og han vurderte målrørsla som ein viktig identitetskapar i meir perifere strøk av landet^{vii}. Den nasjonale brytingstida frå slutten av 1800-talet og fram til byrjinga av 1900-talet utgjer eit viktig samfunnstrekk i norsk historie. I dette tidsrommet freista dei styrande å nøre opp under og styrke det nasjonale fellesskapet. Jamvel om Joleik ikkje forma identiteten sin før mot slutten av denne nasjonsbygginga, rakk han å verte inspirert av idear om ein særnorsk nasjon. Seinare tufta han og andre nynorske bladstyrarar avisene sine på norsk folkemål og bygdekultur, slik konstruerte dei eit ”førestelt fellesskap”, om vi nyttar omgrepet til Benedict Anderson (1996/1983). Slik kan eg gripe landsmålsavisene si rolle i forma av ein nasjonal identitet. I større grad enn Rokkan gjer Anderson nettopp dette, i det han knyter eit førestelt nasjonalt fellesskap til samtidig lesing av aviser.

Fellesskapet i målpressa bygde jo også på eit ynske om å skape ei meir autonom yrkesrolle. For å finne ut av pressefolket sitt organisasjonsstrev hentar eg kunnskap frå fleire studiar av norsk pressehistorie. Eit særleg viktig arbeid omhandlar historia bak redaktørrolla på norsk grunn, der Eide (2000) ser eit mangfald av redaktørbiografiar i lys av samfunnshistoriske trekk. Arbeidet har vore ein viktig inspirasjon til å gå nærmare inn på redaktøren Albert Joleik som eit typeksempel, ein redaktørtype Eide utdjupar i liten grad. Framstillinga mi er på same tid inspirert av Eide sin bruk av felt-omgrepet. Her fungerer omgrepet meir som ein tankereiskap, men på eit mindre stringent vis enn opphavsmannen Pierre Bourdieu (1998) nyttar det i empiriske analyser av sosiale felt. Omgrepsbruken inneber å sjå profesjonaliseringa av redaktørrolla som ei gradvis lausriving av eit eige journalistisk felt eller eit mediefelt. Dette fører mellom anna til at ein frigjer seg frå bindingar til aktørar på andre felt, til dømes innanfor det politiske og det økonomiske.

Historiske ideal for redaktørrolla er sterkt knytt til å vere uavhengige formidlarar og portnarar for den offentlege samtala^{viii}. Ved å trekke inn teoriar om korleis dette idealet kom til uttrykk, nærmar vi oss legimitasjonsgrunnlaget for redaktørgjerninga. På bakgrunn av den tyske sosialfilosofen Jürgen Habermas (1971/1962) sitt verk *Borgerlig offentlighet*, kan vi kort forstå ålmenta eller offentlegheita som eit område eller ein sfære for kommunikasjon^{ix}, ifølgje Idar Stegane (1987). Sjølv set Stegane fram påstanden om ei særskilt nynorsk litterær offentlegheit. Produksjon av blad og avisar er ein av hjørnesteinane i ei slik alternativ del- eller mot-offentlegheit, bygd på landsmålet og norsk bygdekultur^x. Tilnærmingar til korleis offentlege rom oppstår og kjem til uttrykk, vil her vere relevante i høve til korleis målpressa og norsk pressehistorie tok form.

Empirisk materiale

Kva empiri skal dei teoretiske perspektiva bindast til? Materialet som ligg til grunn for dette arbeidet er i hovudsak basert på kvalitative undersøkingar. Hovudmålet har vore å samle informasjon om Joleik sin praksis i målpressa. Primærmaterialet mitt har vore papirutgåver av avisene, dokument og samtalar. Når det gjeld aktiviteten som bladstyrar har eg fordel av lett tilgong til kjeldematerialet. Nyfiken har eg heime funne fram til mykje eg tidlegare ikkje heilt forstod verdien av. Kvar ei utgåve av dei to avisene er samla og innbundne, og to store kister

utgjer eit historisk arkiv samansett av dagboknotat, rekneskapsbøker, store mengder brev og utklipp frå aviser der han er omtala. Dette utgjer dei skriflege kjeldene mine. I starten var det eit tidkrevjande og på same tid svært spanande arbeid å skilje ut relevant informasjon. Som sognegranskars visste nok Joleik kor viktig det var å ta vare på desse papira, noko eg no i ettertid set stor pris på.

Min eigen far og syskena hans har fungert som munnlege kjelder. Dei har skildra ein særmerkt farsfigur og korleis ein heil familie tok del i avisdrifta. Ved å setje dette opp mot dei skriflege kjeldene har eg nådd ei meir samansett forståing, noko som er i samsvar med måten Eide (1998) skildrar kjeldebruk på i avhandlinga om avis Verdens Gang. ”Gjennom konfrontasjon mellom muntlige og skriftlige kilder, eller mellom ulike muntlige kilder, kan historisk kunnskap oppstå”^{xii}. Konfrontasjonen har slik som Eide skriv avdekt interessante spenningar, og på same tid gjort framstillinga meir fargerik og levande.

Norsk Bladmannalag og Joleik sitt engasjement som lagsmann utgjer den andre hovuddelen av det empiriske materialet. Lagshistoria er godt dokumentert i laget sine utgjevingar frå starten av og fram til 2. verdskrig. Utifrå dette har eg kunne hente informasjon både om laget og Joleik sin aktivitet der.

Nivåframstilling

Strukturen i og lagvise oppdelinga av denne hovudoppgåva er influert av Michel Foucault sin diskusjon av *diskontinuitetsomgrepet*. Ei ny ”generell historieskriving” tufta på dette omgrepet er i ferd med å vekse fram, hevda han i 1969 i det innleiande kapittelet til verket *L'archéologie du savoir*^{xiii}. Frå å vere ”en skamfläck” ein freista å fjerne for å framheve kontinuitet og samanheng mellom hendingar, vart diskontinuitet eit grunnleggjande trekk i den historiske analysen. Ein viktig del av forskaren sitt arbeid vert då mellom anna å skilje ut ulike analysenivå, og vidare avgjere kva for samanhengar som finst mellom dei. ”Man utgår frå att man mellan alla händelserna inom ett exakt definierat område inom tid og rum, mellan alla de företeelser man funnit spår efter, skall kunna upprätta ett system av sammanhängande relationer”^{xiv}, ifølgje Foucault.

Med utgangspunkt i dette perspektivet ser Jostein Gripsrud (1990) korleis teaterverksemdu kan spegle norskdomsrørsla på fleire nivå og felt, ”like frå det økonomisk ressursmessige til det ideologisk-innhaldsmessige”^{xiv}. På liknande vis skal vi under fire ulike analysenivå sjå korleis redaktøren og lagsmedlemen Albert Joleik speglar utviklinga av målrørsla og av redaktørrolla. Under det fyrste nivået skal vi fange inn samspelet mellom identitet og den nasjonale, motkulturelle dimensjonen. Grunnlaget for ein eigen yrkesidentitet innanfor journalistikk utgjer temaet for neste nivå. Vidare er det praktiske virket delt i to; ein del om organisasjonsarbeid og ein anna om aktiviteten han synte i avisene *Spegjelen* og *Fjordaposten*. Desse to delane utgjer dei to siste analysenivåa.

Området vi fokuserer på er nynorsk presse med vekt på tidsrommet frå kring 1910 til 1940, ei tid då Joleik verka som ein identitetsbyggjar gjennom eigne aviser og presseorganisasjonar. Frå å sjå på aktuelle samfunnsprosessar og idegrunnlaget bak desse går vi vidare til å studere ein avisredaktør sin praksis. Ved å finne ut korleis måten han handlar på heng saman med meir allmenne samfunnstrekk, kan vi definere relasjonar innanfor og mellom dei ulike nivåa. På denne måten set vi praksisen i system. Eit nett av relasjonar skapar nære samanhengar mellom nivåa, følgjeleg må ein ikkje forstå dette som ei hierarkisk inndeling.

Før vi går inn på det fyrste analysenivået gjev kapittel 1 eit riss av Joleik sitt liv. På grunnlag av dette risset kan vi forstå kva som styrte vala han gjorde som bladstyrar og lagsmedlem. Neste kapittel utdstrupar samspelet mellom han som aktør og samfunnshistoriske vilkår. Kva kulturell tradisjon plasserer han seg eigentleg innanfor? Idegrunnlaget for framveksten av den nynorske motkulturen og formidlarane av ideane er tema for det tredje kapitlet, som utgjer det fyrste laget i nivåinndelinga som er nytta her. Medarbeidarane i nynorske aviser var mellom dei som spela ei særleg viktig formidlarolle, hevdar eg. Frå norskdomsideologi går vi vidare til neste nivå som omhandlar utviklinga av norsk presse. I takt med at aktørar innanfor journalistikk var meir medvitne om rolla si, henta dei i aukande grad legitimitet i presseideologisk tankegods og forma eigne yrkesroller. Ei særeiga og stadig meir uavhengig redaktørrolle kom slik gradvis til syne. Skipinga av Norsk Bladmennalag var del i denne og ei meir avgrensa utvikling på ein gong. Etter kvart som målavisen skilde seg ut som eiga gruppe, kan vi i lys av teoriar om offentlegheit påstå at det med denne voks fram ei særskild nynorsk offentlegheit.

Dei innleiande kapitla og nivåa danner bakgrunn for å forstå korleis Joleik sin praksis falda

seg ut, som igjen vil vere fokus for dei to siste analysenivåa. Dei trekka vi har formulert tidlegare syner seg her å ha relevans for den mangfaldige aktiviteten han synte. Medan Joleik si organisatoriske verksemder er fokus for det tredje nivået som utgjer kapittel 5, ser vi under det fjerde og siste nivået nærmere på bladstyringa. Dei tre følgjande kapitla høyrer såleis alle inn under det siste nivået, og her skal vi problematisere kva særtrekk og i kva grad grunntankar knytt til norskdom og profesjonalisering faktisk kom fram i *Spegjelen* og *Fjordaposten*. Mellom spørsmåla er kor sterkt Joleik sitt redaksjonelle sjølvstende eigentleg var i høve til økonomiske og politiske aktørar.

1 BLADSTYRAR I PRAKSIS – BONDE I TEORIEN

Året er 1887 og kring den vesle guten sit ein flokk fiskarar i krambua. Berre ei lys barnestemme bryt stilla i rommet. Sju år gamle Albert les høgt frå avisa, noko han ofte gjorde etter faren hadde stengt for dagen.

For å forstå denne guten sin identitet og vidare praksis, må vi nærme oss korleis han inspirert av omgjevnadene fann livsvegen og uttrykk å formidle eigne synspunkt gjennom. Albert Sigvard Andersen vart fødd 14. mars 1880 i sunnfjordbyen Flora. Interesse for språk fekk han tidleg og la til merke kulturelle skiljelinjer i talemålet i byen. ”Unge og gamle tala sunnfjordmål so-på-lag, men simpelt bergensk var liksom finare. I skulen og kyrkjja var alt på rett dansk (bokstavrett) i da religiøse”^{xv}. Yrket som handelsmann løna seg ikkje lenger for faren då silda ei tid forsvann frå delar av vestlandskysten. Foreldra til Albert flytta difor med borna til heimbygda Eikefjorden, og tok i staden til med gardsdrift. Bygda var som Flora del av Kinn herad fram til 1923.

Berre ni år gammal fekk guten i oppgåve å vere sekretær eller referent for morfaren, som var formann i det lokale skulestyret. I Eikefjorden kom ikkje nynorsk i bruk som skriftmål i skulen før i 1907, og referenten Albert måtte difor nytte språklege vendingar han ikkje var van med frå eige talemål. ”Eg hev aldre kunna gløyme dei fyrste orda i referatet, på ekt embetsdansk: Iberammede møde...”^{xvi}, mintest han. Av di soknepresten og leiande på Flora lenge hindra bruk av nynorsk skriftmål i kyrkjja og på skulen, tok det ei tid før målreisingsarbeidet vann fram i Kinn herad^{xvii}.

Bondestudent

Albert Andersen var evnerik og utmerka seg tidleg i skulen. Han vart sendt til Bergen for å gå middelskule hos Hambro, og som 13-åring tek han eksamen med 1,50 i hovudkarakter. Det gode resultatet gav han friplass på Hambro realgymnas, og dertil pengehjelp frå eit par rikmenn i byen. Læraren Gerhard Gran, professor i nordisk litteratur, kom til å spele ei viktig rolle i den unge studenten sitt liv. ”Hann gav meg hug til fransk tale o stil, o gamalnorsk lesnad, o dermed vart de umvegjest hann som gjorde meg til maalmann^{xviii}. Særleg som lærar

i norrønt, då han lét elevane få lese soger frå Island på norrønt, sette Gran merke hos han^{xix}. Andersen fullførte examen artium i 1896, tre månadar over 16 år, som den yngste i landet med slik eksamen. Rett nok fekk han karakteren 4, den därlegast moglege, i faget ”modersmaalets litteratur og oldnorsk”, noko som hindra han frå å få ”udmerket godt” i hovudkarakter. Ein kan her spørje seg om han allereie på dette tidspunktet prøvde ut talemålet i skriftleg bruk, eit vågestykke neppe alle lærarar verdsette.

Etter kvart freista fysisk arbeid meir enn vidare skulegong. ”I mest eitt aar var eg heime hjaa foreldra mine, o treivst best av arbeid i skogen o på jorda; liten hug hadde eg til studering”^{xx}. Foreldra og morfaren ville han skulle verte prest eller professor, og dei overtala han til å halde fram med studia. Sjølv ville han helst studere filologi, men utan latinartium var ikkje dette mogleg. Ved Universitetet i Oslo kunne ein ei tid oppnå graden cand.real. med helfta filologi og helfta naturlære. Slik kunne bondesonen som no skulle leve i hovudstaden likevel studere filologi i noko mon. ”Han er efter mit skjøn usedvanlig vel utrustet, hvad evner angaar”, skriv Hambro i ei innbyding om å hjelpe Albert Andersen med pengar til universitetsutdanning^{xxi}. Seks rike bergensarar svara med 100 kroner kvar.

I *Studentene fra 1896* fortel han i 1921 frå studenttida og åra som følgjer. Frå først av engasjerte han seg i aktivitet i Studentmållaget og Bondeungdomslaget. Då han tok den filologiske delen av embetseksamen i 1901, i faga ”Modersmalet med Oldnorsk og Tysk”, laga han oppstyr med å svare på to av seks oppgåver på nynorsk. ”Slikt hadde ikkje spurst fyrr, o professorane i de filologiske fakultetet hélt paa aa nekte meg eksamen. Men professor Hægstad greidde aa stille deim, so eg slap verte noko ”offer””^{xxii}. Professorane Bugge, Falk og Gran, fleirtalet i eksamensseksjonen, ville ikkje godkjenne svaret. Av ei anna meinings var Marius Hægstad, professor i landsmål frå 1899 av, som truga med å gå til Kyrkjedepartementet dersom dei andre ikkje snudde^{xxiii}. Til sist godkjende dei eksamenen og gav den ein middels god karakter. Albert Andersen var med dette den fyrste som skreiv nynorsk til embetseksamen på universitetsnivå. Fyrst i 1908 vedtok Stortinget å gje løyve til å nytte nynorsk på dette nivået.

Den matematisk-naturvitenskaplege delen av embetseksamen gjekk Joleik opp til i 1902 kledd i kadettuniform, hausten same året vart han nemleg sekondløytnant. Rett etter den filologiske eksamenen hadde han sagt frå seg studiehjelpa for å verte offiser, og hjelpte seg ei tid med skrivearbeid for nokre professorar, mellom andre Hægstad. Siste året søkte Joleik seg

til feltartelleriet og studerte samstundes.

Lærar og 'peletonchef'

Etter fullført utdanning var det sjølv ikkje med lærareksamen lett å få fast arbeid. I 1902 og 1903 hadde han post som lærar i landsmål på eit kurs for småskulelærarinner i Kristiania, og han heldt framhaldskule i Bø og Treungen i 1903 og 1904. Rasmus Steinsvik, ein framståande bladstyrar innanfor den nynorske pressa, gjev god attest for åra Andersen underviste i det han nemner som "maalskule" i Bø og i Treungen. "Dei som gjekk paa desse skulane let svært væl over Joleik og gav han dei beste lovord for lærararbeidet hans"^{xxiv}, skryt Steinsvik. Her ser vi dessutan at Albert Andersen har teke til å nytte Joleik, eit gammelnorsk mannsnamn, som etternamn, eit namneskifte han fekk offentleg godkjent i 1905.

Joleik gjekk etter kvart lei av å få avslag på søknadar om lærarpostar, og sökte heller om å få tenestegjere i Kongo-staten i Afrika som kong Leopold av Belgia styrte. I åra frå 1905 til 1908 var han peletonchef, ein slags militær avdelingssjef, "men elles likso mykje fut o forlikskommisær o sjukepleiar o lagerchef o agronom o landleitar"^{xxv}. Ei anekdote fortel at han nytta eige talemål når han kommanderte dei innfødde soldatane, mellom anna med ordren "Hardanger Sunnhordlandske Damps skipselskap!". Saman med den innfødde kvinnen Wanga, visstnok ei innfødd høvdingdotter som tente for han, fekk han i 1907 sonen Olav. Dei to skulle vere med ein malariasjuk Joleik heim til Noreg i 1908, men Wanga snudde då ho såg havet. Sonen tok han likevel med seg, og guten voks opp hos besteforeldra sine i Eikefjorden. Tida i Afrika kom til å prege Joleik vidare. Nettopp opplevingane frå utlandet var noko som seinare skulle inspirere han til å skrive i aviser, og som bladstyrar gav han nyhende frå andre land mykje rom i avisspaltene.

Heime i Noreg att sökte han på ny arbeid som lærar. Professor Hægstad gjev attest på at Joleik "(...) har særdeles gode kundskaber i norsk og gammelnorsk; han taler og skriver landsmål. Jeg kan derfor med trygghed anbefale ham til lærer i norsk, saavel i lærerskolen som i den höiere skole"^{xxvi}. No fekk han han raskt vikariat som lærar i landsmål ved lærarskulane på Stord og i Levanger. Olava Hjulstad, kvinnen som Joleik seinare gifta seg med, var mellom elevane i Levanger. Dei to forma eit nært samarbeid livet ut, ikkje minst i

høve til bladdirf. Læraryrket var likevel ikkje eit yrke han treivst særleg godt med, dette vitnar skildringar frå Stord om. Der harddreiv han elevane med stilskriving og seg sjølv med stilretting. ”Eg fekk kvite haar attum øyro, av vakjing o einlivnad o vantrivnad”, uttala han^{xxvii}. Etter å ha vore vikar ved latinskulen i Bergen, gav Joleik seinare uttrykk for at han likte betre å skrive for nokre hundre tusen enn å snakke for tjue^{xxviii}. Truleg ynskte han helst å føre pennen sjølv, for snart tok han til som bladmann.

Ny avisrøyst markerer seg

Nyleg attkomen frå opphaldet i Afrika noterer Joleik aviser i dagboka si 21. august 1908. Dagbladet Bergens Tidende, målblada Den 17de Mai og Gula Tidend samt franske Le Temps er tinga. ”For ded er meiningja at eg vil skriva um utlandet (...) til ad öva meg upp, og so for at folk skal leggja merkje til meg.”

Starten kom med lange skildringar frå Belgisk Kongo trykt i hovudstadsavisa Morgenposten frå 1908 og framover. 16 år gammal hadde han teke til å skrive nokre smånotisar i ymse blad. ”Slik har dei fleste det i den alderen, dei må få ”nyse” det av seg”^{xxix}, røynte han. I mellom lærarvikariata arbeidde han med omsetting frå norrønt til nynorsk, noko han også heldt fram med seinare. Han skreiv også nokre stykke i det nynorske tidsskriftet Syn og Segn. Då Albert Joleik tok til som bladmann, eller avisjournalist, var det sjølvsagt for han som målmann å plassere seg innanfor den nynorske pressa. I ei rekneskapsbok fører han frå sist i 1909 og fram til mars 1911, då han på eiga hand skipar avis Spiegjelen, jamnleg opp skrivestykke han har fått betalt for. Under posten ”Journalism” finn vi kva han har fått på trykk i aviser som Den 17de Mai, Dagens Nyt og Sverta. Truleg for å halde fransken ved lag etter opphaldet utanlands nyttar han fransk i rekneskapen. Noko omsettingsarbeid er oppskrive i tillegg, mellom anna har Det Norske Samlaget gjeve han 300 kroner for å sette om soga om Jomsvikingane frå gamaldansk. Til saman tener han om lag 1000 kroner på skrivearbeid på kring eitt år.

I *Studentene 1896* nemner Joleik at han arbeidde åtte veker for målbladet Den 17de Mai. Rekneskapsboka syner at det truleg var i juni og juli 1910, for då fekk han utbetalt 195 kroner frå avisa for ”ymis, dagleg bladskriving”. Tre veker var han bladstyrar medan Rasmus

Steinsvik var vekkreist. Den tida han var der sette han også om ein tekst frå fransk, *Tartarin de Tarascon*, som skulle vere følgjebok til bladet. Dette venstrebladet kom ut i hovudstaden frå 1894 av og samla målfolket landet over. Etter kvart som oppslutninga om målrørsla gradvis auka, voks det til ei sentral offentleg røyst og eit flaggskip for norskdomsfylkingen^{xxx}. Denne erfaringa frå presseyrket gav Joleik meirsmak. Då Steinsvik seinare bad han ta over Den 17de Mai, hadde han nemleg skipa sitt eige blad og takka difor nei.

”Vaaren 1911 hadde eg spara i hop 5-600 kr., for so til Trondheim o gav ut blade ”Spegjelen”, 1ste blad paa norskt maal der i byin. De var morosamt å gjere nybrotsarbeid soleis, endaa de var knapt um pengar; nokre holle vinir fekk eg som hjelpte meg ymseleis”^{xxxi}, skriv han oppglødd. Programmet som kjem til uttrykk i det fyrst nummeret av Spegjelen 23. mars 1911 skil seg ikkje særleg frå andre målblad. Joleik vil gå ut frå landsmålet og venstrepolitikk slik som Den 17de Mai og Gula Tidend gjorde. Med det nye bladet ynskjer han å skape ein samlingsstad for dei som skriv nynorsk. Sjølv om avisas hadde god støtte frå mange lokale hjelpesmenn, som ytte pengehjelp og ivrig rapporterte nyhende frå mållagsarbeid og anna bygdeliv, stagnerte etter kvart talet på tingalar. Målbladet vann ikkje oppslutning frå meir enn i overkant av 2000 tingalar, som vel var færre enn venta. Likevel ville Joleik nok ein gong takke nei til tilbod om å gå inn i eit større, etablert norskdomsblad.

Gula Tidend hadde tydelegvis merka seg den nye røysta i målpressa, og ynskte Joleik til avisat då den skulle leggjast om til dagblad frå 1914 av. Denne nynorskavisa markerte seg som bygdebladet i byen Bergen og strekte seg over heile Vestlandet, og dei som arbeidde der kjempa for norsk målsreising og vestnorsk bygdereising^{xxxii}. Redaksjonslokalet samla gjerne mange av dei mest markante målmennene i byen. Ofte kunne ein sjå mellom andre Torleiv Hannaas, då overlærar ved Stord lærarskule og seinare professor i vestnorsk målføregransking samt formann i Noregs Mållag i 1926. Joleik kjende denne ihuga målmannen frå tida på Stord. 18. juni 1913 mottok han eit brev frå nettopp Hannaas, som med lovnad om gode økonomiske vilkår vil overtale Joleik til å kome til Gula Tidend.

”Men so er det ”Spegjelen”. Du turvte inkje slaa han i hel um du flute til ”Gula”. Kunde du inkje lata bror din taka ”Spegjelen”? Eller einkvan trønder. Du hev gjort tyngste taket der, med di du hev grunnlagt bladet, og den æra hev du, kven det so vart som sidan fekk bladet.”

Om orda frå Hannaas gjorde utslaget har vi ikkje prov for, men sist i 1913 sa Joleik faktisk ja til å verte medstyrar for Gula Tidend, medan broren Marius overtok Spegjelen. Etter ei tid overtok eit partlag av norskdomsfolk i Trøndelag bladet og dreiv det til 1921.

Frå 1. juli 1914 var Albert Joleik ”upolitisk redaktør” i Gula med ansvar for nyhende og daglege reportasjar. I dei åra Lavik og Joleik styrte opplevde bladet god framgang. Då Lavik av politiske årsaker måtte gå frå posten som bladstyrar til å vere utanriksredaktør, overtok Joleik frå 30. juni 1919 den politiske styringa av bladet. Han heldt fram etter ei bygde- og bondevenleg line, partipolitikken stod derimot forretningsføraren Bugge for^{xxxiii}. Då trønderen Olav Gullvåg tok over som bladstyrar 1. august 1921, gjekk Joleik tilbake til rolla som medstyrar igjen, no med ansvar for utanrikspolitikken. To år seinare førte økonomiske problem til at medarbeidarar på alle nivå, bladstyrar som typograf, mellom dei også Joleik, vart oppsagte.

”...ein plass for seg sjølv i norsk presse og aandsliv”

Gullvåg var ein god hjipesmann den fyrste tida med Spegjelen. Den 2. mai 1916, den tida Joleik var medstyrar i Gula saman med Lavik, var det nett Gullvåg som skreiv til han.

”Veit du kva eg hev tenkt for meg sjølv: Det er ei synd mot naturi at du sit i sovori stilling. Du skulde havt ditt eige blad. Eg er viss det hadde havt ein plass for seg sjølv i norsk presse og aandsliv. Hadde vi vore lengre komne i maalstrevet so skulde du (og eg) skipa eit blad for oss sjølv – frittpratande og laustskjemtande um alt millom himmel og jord (...).”

Albert Joleik delte nok tankane om å starte opp eige blad, for 28. september i 1923 tok han til å gje ut Fjordaposten i Bergen. Avisa bar undertittelen ”for norsk næringsliv og nationaldemokratisk politikk”. Den var skriven på nynorsk og skulle kome med tidend for fjordbygder og byar på heile Vestlandet. Politisk sett stilte han seg utanom alle dåverande parti. To av dei sju dagsavisene han møtte konkurranse frå, Dagen og Gula Tidend, nytta også nynorsk. Trass i dette fann Joleik eit rom for seg og Fjordaposten mellom dei andre avisene. Fjordaposten framstod som bladstyraren sitt eige talerøy i aktuell samfunnsdebatt. No stod han igjen heilt fritt til å skrive det han ville, noko som i ettertid gav karakteristikkar som ”ein velsigna skjemtegauk”, ”eit av dei mest originale bladi i landet”, ”ein av landets mest sermerkte bladmenn” og ”Norges skarpeste penn”.

Spegjelen og Fjordaposten bar begge merke av eit særeige og personleg preg. Dette særpreget opna eit rom for dei mellom mengda av andre avisar. Bladstyraren såg gjerne hendingar frå nye og originale vinklingar. Pennen til Joleik var ofte farga av den som formulerte orda, og eigne meininger skjulte han sjeldan. Kritikk frå den opposisjonelle bladmannen kunne ramme

kven som helst, statsminister som den lokale fiskehandlaren. Ytringane var klårtenkte og rett på sak, av og til vågsame, men gjerne vittige og råkande.

Lagsarbeid

Albert Joleik synte eit breitt engasjement innanfor målrørsla. I nynorskavisene *Spegjelen* og *Fjordaposten* utforma han ei redaktørrolle parallelt med aktivitet i fleire mållag og presseorganisasjonar. Som ivrig lagsmann var han dessutan med i bygdelag, bondeungdomslag og forsvarsforeiningar. Den vidtfemnande aktiviteten gav han stor omgongskrets og kontaktflate, noko som truleg kom godt med når ein skulle finne tingarar og annonsørar eller nye saker.

Frå studenttida av tok unge Joleik del i Studentmållaget og Bondeungdomslaget i Oslo, to initiativ som vekte interesse hos bondestudenten. Under skipingsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo i oktober 1899 høyarde han for fyrste gong ei tale på landsmål. Hendinga kjendest mest som ei openberring; ”det var so nytt og merkeleg aa høyra at eg sat med ”gapande gaumsemد”^{xxxiv}. I 1900 medverka han i opptaket til Studentmållaget i hovudstaden og tok del i ”Pønskarlaget”, ei hard kjerne i laget^{xxxv}. Særleg i arbeidet med *Spegjelen* skulle han få nytte av kontaktane han knytte med aktive i desse laga.

Då han seinare kom til Bergen som bladmann, førte Joleik som medlem av ei rekkje lag vidare dei mangfaldige interessene sine. Der møtte han mellom anna eit svært aktivt målmiljø, med tradisjonar tilbake til slutten av 1850-åra. Målarbeid var jo frå fyrst av eit sentrumsfenomen knytt til landsmålskrinsar i Bergen og hovudstaden^{xxxvi}. Forutan å ta del i Noregs Mållag som medlem i Vestlandske Mållag, over lengre tid det største og mektigaste fylkeslaget i samskipnaden, kunne ein ofte sjå han på tilstellingar i Vestmannalaget. Det eldste mållaget i landet, Vestmannalaget, stifta i 1868, stridde kompromisslaust for ”høgnorsk-lina” og eit reint norsk mål som ikkje var blanda med bokmål^{xxxvii}. Vestmannen Joleik støtta dette standpunktet. Han var i tillegg innvalt lagsmann i Norsk Måldyrkingslag, eit nynorsk akademi grunnlagt i 1928, eit lag som hadde til føremål å granske og dyrke det norske målet. Fleire av laga utnemnde han til heidersmedlem.

Av presseforeiningar var Joleik som tidlegare nemnt aktiv i Norsk Bladmannahall. Ved sidan av aktiviteten her synest han også å ha vore medviten om redaktørrolla på eit meir lokalt plan. På same tid som han tok del i Bladmannahallen engasjerte han seg nemleg også i Bergen Presseforening. Her spela han nok i større grad ei sosial rolle enn å vere pådrivar for ei meir profesjonell redaktørrolle.

Bonde, bygdegranskar og byoriginal

Som person var Albert Joleik fargerik og mangslungen, og han stod fram som eit samansett menneske på fleire vis. Å vere bonde, men bu og drive avis i by, og på same tid utforske bygdehistorie. Kva spenningar i livet til Joleik kjem her til uttrykk?

Stadig på farten, anten for å samle lysingar, på veg til lagsmøte eller til arkivet for å drive sogegransking. Det karakteristiske lange skjegget, brun veske under armen og den vidbremma rundpullhatten, som ville fått redaktørane i hovudstaden til å fnyse, gjorde Joleik til eit godt synleg drag i Bergen. Fjordaposten og tida som bladstyrar tok slutt då 2. verdskrig starta. ”Blade laut eg leggja ned daa tyskane hertok Noreg, elles hadde eg vorte skoten for kvart nummer”^{xxxviii}, uttala han i 1946. I etterkrigstida byrja han i staden å skrive ei mengd artiklar i andre aviser. Sist i 1940-åra var han til dømes nærast fast innslag i Agder Tidend. ”Artiklar om jordbruksnæringi og bondepolitikk maa De hugsa paa. Det brenn hjaa folk paa Agder”, skriv bladstyret for avisar i eit brev 21. mars 1947. Nettopp jordbruk var ei interesse han hadde med seg frå han som ung tok del i gardsarbeid heime. Dette spegla seg også i avisene han sjølv stod for, og då særleg i Fjordaposten der næringa ofte var omtala.

Då Joleik 80 år gammal fekk spørsmålet om kva livsveg han ville ha valt om han var 18-20 år. ”Rydje villmark til åkr og bø, plante lauvtre og bartre der det ikkje er rydjande”^{xxxix}, svara han journalisten frå Gula Tidend. Angra han kanskje på at han lét seg overtale til å halde fram å studere som 16-åring? Treivst han ikkje med bylivet? Jamvel om han det meste av levetida har budd i by, skildrar han kjensla av å ikkje høyre heilt heime der. ”Eg lengtar jamt etter aa faa meg eit laglegt stykkje mark i Sunnfjord, der eg kunne rydje meg gard o vere husband, med mange bonn og mykje konn”^{xl}, vedgår han i 1921.

Ikkje berre dreiv han og familien eiga avis, i 1932 skaffa han dei i tillegg ein veglaus og heller einbølt fjellgard heime i Sunnfjord. Etter kvart samla garden Kleppstølen i Naustdal, der han meinte å ætte ifrå ein del ledd tilbake, heile 11 born, medan kornmengda nok var heller lita. Fram til 1940 var det mykje dei eldste borna som stod for gardsdrifta. Fjordaposten kravde nemleg at foreldra storparten av året var i byen og tok seg av avis. Avstanden hindra ikkje far sjølv i å styre kva som skulle gjerast. Sleit avis økonomisk kom det gjerne brevmelding frå byen om å slakte dyr. Resultat frå jordbruksforsking var tidvis omtala i Fjordaposten, og derifrå henta han truleg noko av grunnlaget for til dels urealistiske teoriar og planar for gardsbruket. Han eksperimenterte mellom anna med ulike plante- og dyrslag. Å dyrke lin, mais og haustrug på ein gard 400 moh. var inga enkel oppgåve, ei heller å halde sjeldne sauerasar eller å træske korn i snøvêr.

Joleik var vel meir teoretikar enn bonde. Røynslene frå akademia og avisarbeid hadde helst lite til felles med å rydde jord. Etter han som svært ung reiste til storbyen for å studere, fann nok han som mange norskmenn førut aldri heilt vegen attende til heimbygda. Med bakgrunn i bondestanden var det tidleg på 1900-talet vanskeleg for mange av dei, og kanskje ikkje ynskeleg om dei var sosialt medvitne, å vinne aksept i den danna overklassen i byane. Røtene til Joleik var så sterke at sjølv etter å ha budd i by det meste av livet tala han alltid sunnfjordmål. På den andre sida levde han på avstand frå det bygdelivet han så sterkt ynskte å vere ein del av. Fordi danninga han hadde tileigna seg omforma han til ein intellektuell, var avstanden av geografisk så vel som av åndeleg art. Denne spenninga er uttrykk for ei form for identitetsproblematikk. Under det siste analysenivået vil dette vere ein del av diskusjonen, i det eg her ser på korleis bladstyraren Joleik målbar norskmomsideologi.

Ein måte Joleik nærma seg bondesamfunnet på igjen var gjennom å granske lokalhistorie og sitt eige opphav. Ved sidan av å drive avis og gard arbeidde han nemleg med bygdesoger frå heimdistriktet. I 1921 fortel han at 7-8 timer av dagen eller natta går med til bladarbeid og 1-2 timer til arkivgransking^{xli}. I åra 1919, 1921 og 1922 gav han ut tidsskriftet Sunnfjord, og i 1920 mottok han statsstipend for å skrive ei eiga Sunnfjord-soge. Han fekk på ny offentleg støtte til denne sogegranskinga i etterkrigsåra, eit arbeid han då heldt fram med mest på heiltid.

På eit vis var Albert Joleik framand både i byen og på bygda. Likevel var han godt likt begge stader. ”Eit merkeleg levande menneske var det me møtte, og alle som kjente han måtte vere

glad i han”^{xlii}, skreiv Gula Tidend til minne om Joleik. I samtida skilde han seg ut som ein markant og særmerkt profil i det bergenske bybiletet, gjerne omtala som ein byoriginal, trass i at han var kjend for å vere heller smålåten og vanskeleg å kome inn på^{xliii}. Frå 1929 og frametter kåserte han også friskt om aktualitetar i Bergen Kringkastingselskap sin programpost ”Dagens stemme”. Sjølv i etterkrigstida då Joleik ikkje lenger hadde eige blad, budde han halve året i Bergen for å ta del i lagsaktivitet og fordjupe seg i Sunnfjord si historie.

Albert Joleik var ein individualist og del i felles front for målsaka på same tid. Som målmann og bladstyrar verka denne aktören ikkje uavhengig av omgjevnadane, snarare utforma han redaktørrolla i sams spel med den samfunnshistoriske konteksten han levde i.

2 JOLEIK I EIT SAMFUNNSHISTORISK PERSPEKTIV

Å sjå Albert Joleik sin praksis i lys av historiske og samfunnsmessige prosessar er eit sentralt føremål med denne framstillinga. Til meir grunnlagsteoretiske funderingar kring dette vil eg hente inspirasjon frå fleire teoretikarar. Dei legg fram ei samansett, fleksibel forståing av forholdet mellom aktør og struktur. Redaktørrolla framkjem nettopp i brytingane mellom aktøren sine personlege eigenskapar og strukturelle trekk ved omgjevnadane. Relasjonane til andre aktørar verkar også inn på utforminga av denne yrkesrolla.

Sosiologisk fantasi

Ein viktig bakgrunn for korleis Joleik utspela redaktørrolla finn vi i denne bladstyraren si samtid. Særpreget Spiegelen og Fjordaposten var merka av, gav nemleg ikkje form uavhengig av dei sosialhistoriske vilkåra Joleik verka og levde under. Snarare tvert om synest han til dels i sterk grad å vere forma av desse vilkåra. Korleis kan vi ved hjelp av *sosiologisk fantasi* forstå det gjensidige samspelet?

Ambisjonen min er her ikkje så ulik C. Wright Mills ([1959]1967) sitt program om sosiologisk fantasi. Ifølgje Mills set den sosiologiske fantasien oss i stand til å forstå korleis faktorane samfunn, historie og biografi (eller aktørliv) heng saman. "The sociological imagination enables us to grasp history and biography and the relations between the two within society", skriv han om oppgåva og oppslaget for denne fantasien^{xliv}. Dette inneber at ein ikkje einsidig vektlegg anten aktøren sine handlingar eller strukturelle føringer. Tesa om ei slik gjensidig konstituering står heller for eit meir fleksibelt syn, eit synspunkt som etter kvart har vunne gjennomslag innanfor moderne historieforsking. Frå Mills kan vi byggje parallelar til denne studien. Synet tek tak i føremålet med prosjektet mitt, nemleg å sjå aktiviteten til ein redaktør i samanheng med identitetsbygging innanfor målpressa. På same tid vil tilnærminga kunne gje eit dynamisk bilet av Joleik, i motsetning til eit mindre samansett perspektiv der berre ein faktor er vektlagt.

Klassiske sosialvitskaplege studiar tek opp til diskusjon problematikken knytt til biografi og historie, samt samanfiltreringa av dei i samfunnet. Studiane lèt seg kjenneteikne ved dette,

meiner Mills. Ved å sjå nærare på den aktuelle samfunnsstrukturen, historisk kontekst og mennesketype, kan vi såleis finne dei sosiale og historiske røtene til eit individ, i høve til det samfunnet og den tida ein er forma i^{xlv}. Han meiner vi sjeldan evnar å undre oss over eller er medvitne om samspelet desse faktorane imellom, og difor treng sosiologisk fantasi for å forstå^{xlvii}. Å vere medviten om vekselspelet og ta i bruk sosiologisk fantasi utgjer eit viktig delmål i dette arbeidet. Jamvel om Joleik tek opp i seg fleire strukturelle utviklingstrekk i samfunnet, som aukande grad av organisering og utdanning av nynorske pressefolk, tilførte aktören her omgjevnadene særpreg. Dette kjem av at han sjølv aktivt agerer med aktuelle strukturendringar, og på ein gong formidlar *si* forståing av desse som bladstyrar og lagsmedlem.

Sosiologisk portrett av ein norsk redaktør

Martin Eide (1993) har tidlegare etterspurt bruken av sosiologisk fantasi innanfor norsk og nordisk journalistikkforskning. Særleg er forskinga på historie og biografi forsømt, medan det samfunnsmessige aspektet ofte utgjer ein sentral del av forskarane sine modellar, hevdar han. Ei slik einsretting hindrar oss i å få eit heilskapleg bilet av mellom andre journalistar. ”Vi vet mye om journalister, men vi mangler et sosiologisk portrett av journalisten. Et slikt portrett fordrer altså sosiologisk fantasi, som særpreges av en evne til å se sammenhenger mellom struktur, aktør og historie”^{xlviii}, påpeikar Eide og syner til Mills sitt program. Seinare har Rune Ottosen (1996) gjeve ut verket *Fra fjærpenn til Internett. Journalister i organisasjon og samfunn* om journalistrolla. Eide (2000) gjev sjølv svar på tiltale med *Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie*. Begge plasserer dei aktuelle yrkesrollene innanfor ein samfunnhistorisk kontekst, men Eide evnar nok i større grad å skape interessante sosiologiske portrett.

For å svare på Eide sin kritikk av norsk medieforskning skal eg ta i bruk sosiologisk fantasi. Gjennom å gje eit sosiologisk portrett av Albert Joleik som bladstyrar og lagsmann, teiknar vi slik ein heilskap samansett av eit nett av relasjonar innanfor og på tvers av ulike nivå. I verket om redaktørrolla kjem eit mangfoldig typegalleri til syne, frå diktarredaktören og bygdeborgredaktören til dei store, ruvande personlegdomane i hovudstaden. Mellom rolltypane finn vi også trekk som kjenneteiknar Joleik. Å byggje vidare på Eide sitt arbeid

inneber å kombinere aktør- og strukturforklaringar, for slik å forstå Joleik sine handlemåtar og dei samfunnshistoriske råmene for rolleutøvinga. Dialektikken mellom redaktørane og omgjevnadane deira pregar rolla si historiske utvikling. Sjølv om redaktørhistoria i liten mon er teoretisk fundert, framstår dette poenget som ein viktig del av Eide sitt grunngrep. ”Like klart som det er redaktørrollen som står i fokus i denne beretningen, like sikkert er det at denne rollens samfunnshistorie ikke lar seg løsrive fra dem som har bekledd den”^{xlviii}, slår han fast innleiingsvis. To andre program kan utdjupe kva eit slikt grep inneber.

Figurasjonar og historisk sosiologi

Relasjonane Joleik hadde til andre aktørar prega identiten han bygde som redaktør. Michel Foucault (2002/1969) meiner historieforskaren må byggje opp eit system av relasjonar mellom hendingar^{xlix}. Utgangspunktet for eit slikt system ligg her i aktiviteten ein nynorsk bladstyrar synte. Norbert Elias sitt omgrep ’figurasjon’ framhevar relasjonelle aspekt. Framfor struktur nyttar Elias nemninga figurasjon, eit omgrep som er meir ope og dynamisk¹. Med dette som eit sentralt grep argumenterer han for ei mindre egosentrisk og polarisert samfunnsforståing, i det han legg vekt på korleis menneske er bundne saman i nettverk og relasjonar^{li}. Joleik og andre aktørar inngår såleis i ulike former for figurasjonar, og korleis dei handlar knyter seg til relasjonane dei har til kvarandre. Som bladstyrar i nynorsk presse og medlem av presseorganisasjonar var han relatert til eit større fellesskap. På den andre sida avviste han tette bindingar til mellom anna politiske aktørar. Elias motstrir tendensen til å tilføre sosiale strukturar ein eigen, objektiv eksistens, uavhengig av individua som skapar dei^{lii}. Handling og struktur føreset snarare kvarandre.

På eit meir overhengande plan kan eit samansett syn på aktør og struktur byggje bru mellom ulike fagdisiplinar. Philip Abrams (1982) sitt program om historisk sosiologi tematiserer dette. Her argumenterer han for å sameine fagdisiplinane historie og sosiologi, men interessa mi rettar seg meir mot prosessorienteringa han legg fram. Ifølgje Abrams si tese har faga eit felles hovudprosjekt, nemleg å forstå ”the process of social structuring”^{liii}. Strukturasjonsprosessen vert driven framover av aktørar som handlar i høve til strukturar, og på same tid er med å utforme desse. To strukturasjonsprosessar synest å ha vore særleg avgjerande for Albert Joleik som aktør. Utviklinga av yrkesidentitet innanfor pressa, som førte fram til

utmyntinga av redaktøryrket for det fyrste. Dernest dei nasjonale brytingane der nynorsk motkultur og presse oppstod. Begge prosessane førte med seg utviklingstrekk som verka inn på han. Sjølv om historisk sosiologi kan eigne seg til å kaste lys over ein redaktør sitt arbeid, er programmet likevel lite nyttaliggjort innanfor mediehistorisk forsking i Noreg.

Snarare enn å ta desse tre innspela opp til diskusjon vidare, ligg dei på eit ganske implisitt vis til grunn for korleis eg forstår Joleik si redaktørrolle.

3 NASJONAL IDENTITET

Korleis verka målrørsla til utviklinga av ein særskilt nasjonal identitet? For å forstå bakgrunnen for rørsla og den nynorske pressa si utvikling, må vi undersøkje ideane som låg til grunn for måten aktørane her aktiviserte seg på. På dette analysenivået skal vi nærme oss dei samfunnshistoriske premissa for kva redaktørrolle Albert Joleik utspela, og slik kontekstualisere denne aktøren sin praksis innanfor ein nasjonal dimensjon. Meir enn å setje ulike teoriar opp mot kvarandre byggjer eg opp ein kontekst for Joleik sin aktivitet i nynorsk presse og organisasjonsliv.

Kva kulturtradisjonar bygde framveksten av den nynorske motkulturen på? Kva historiske røter knytte målpressa seg til? Kva var eigentleg det nynorske prosjektet? Eit riss av det ideologiske og organisatoriske råmeverket for målarbeidet dannar utgangspunkt for å gripe empirisk materiale. Frå idegrunnlaget som her kjem til syne, trekkjer vi under seinare nivå samanhengar til korleis ulike institusjonar framkom innanfor målpressa. Fokuset ligg på den formative perioden fram mot hundreårsskiftet då premissa for praksisen til Joleik vart lagde. Eit viktig trekk er korleis målarbeidet ikkje berre var motivert av å spreie landsmålet, men hovudelement i eit større kultursyn. Den motkulturelle tradisjonen stod for eit alternativt samfunnssyn, noko som også førte med seg samfunnsreformatiske og politiske sider ved målreisinga.

Norskdomsideologi

Sjølv om Joleik tok til som bladstyrar i den nynorske pressa ei tid etter idegrunnlaget for målreisingssideologien vart utforma, synest dette i ganske stor grad å ha prega den redaktørrolla og identiteten han sjølv stod for. Rolla han skapa var særeigen og på same tid knytt til grunntankar for norsk målreising. Kva motiv låg bak målarbeidet i startfasten? Gjennom å nytte det nyskapa landsmålet og drive ideformidling, ville ein løfte det norske folket opp og fram, nasjonalt som sosialt og intellektuelt. Eit sentralt mål var å ta del i formainga av ein nasjonal identitet. Dette kravde politiske løysingar og samarbeid.

Landsmålet tente tidleg som reiskap for å iverksetje visse synsmåtar, medan norskdoms-

ideologien har verka samlande og vore kjerna i målreisinga. Kjell Haugland (1985) har gjeve ei dekkjande samanfatting av idegrunnlaget, og eg vel å gå utifrå den forståinga han legg fram. Målarbeidet er ifølgje han kjenneteikna av to dimensjonar. For det første skulle ein utvikle landsmålet frå teoretisk system til levande skriftspråk i praktisk bruk, og for det andre spreie ideane bak gjennom ulike media, som målpressa, informasjonsskrifter, folkemøte og folkehøgskular^{liv}. Dei nynorske avisene har altså spela ei viktig formidlar-rolle. Vidare hevdar Haugland at tre motiveringstypar låg til grunn^{lv}. *Nasjonalt* sett var målstrevet ledd i arbeid for å styrke og byggje ut den norske nasjonaleliten. Kamp mot embets- og overklassen for å hjelpe allmugen og frigjere den *sosialt* stod for meir sosiale motiv. Til sist låg ei *folkepedagogisk* motivering i ynsket om å føre folket opp på eit høgare opplysningsnivå.

Truleg er tredelinga henta frå Vemund Skard. Han skilde nemleg så tidleg som i 1949 mellom desse formene for motivasjon^{vi}. Forståinga fangar likevel ikkje opp at politisk deltaking var naudsynt for å få gjennomslag og vinne fram. Med politiseringa av målsaka kring 1870, i samband med kamp mot unionisme og skandinavisme, utgjorde landsmålet etter kvart ein viktig politisk faktor, kommenterer Jostein Nerbøvik (2002) i arbeidet *Nasjonsbygging og modernisering* om norskdomsrørsla si utvikling^{vii}. Særleg offentlege institusjonar som skulen og kyrkja vart no mål for spreiling av det nye skriftspråket og norskdomsideologien. Auka gjennomslag på det politiske nivået resulterte i nye lover for norsk skule og språkbruk som la til rette for dette. Det nynorske prosjektet tok dermed opp i seg moderniserande faktorar som skuleutvikling og folkeopplysing^{viii}. Av di fleire lettare fekk tilgang til nasjonal skriftkultur opna ein også opp for auka demokratisering.

Snart framstod landsmålet som eit felles, nasjonalt symbol, og med eit nytt skriftspråk som hovudelement hadde målrørsla stadig vunne nye støttespelarar. Samarbeid med den politiske opposisjonen gjorde det i noko mon mogleg å nå fram med særskilte krav. Då venstreopposisjonen kom til regjeringmakt med parlamentarismen i 1884, var grunnen lagt for å iverksetje ein kulturpolitikk der mellom anna språk og utdanning var eit viktig fokus. Målsaka fekk også tilslutning frå og var nær samanknytt med den frilynde ungdomsrørsla, som vokste fram til ei masserørsle i 1890-åra, der den fungerte som merkesak og ”eit ideologisk kjernelement”^{lix}. Rørsla spela ei viktig rolle i gjennombrottsfasen for målreisings-arbeidet. Som bladstyrar for avisa *Spiegelen* forsvara Joleik venstrepolitikken medan han i Fjordaposten tala sterkt imot den. Den frilynde ungdomsrørsla tok han derimot del i frå han var ung student og livet ut.

Trass i sterke indre brytingar i målrørsla var det semje om det ideologiske fundamentet. Fellesskapet var motivert av å byggje ei motvekt til det danske embetsstyre. Dei politiske krava som målrørsla sette fram innebar ideologisk strid med over- og embetsklassen, og striden om politisk makt var på same tid ein kulturkamp. Ulike verdisett og danningsideal stod mot kvarandre. ”Møtet mellom heimleg og framandt, mellom bonde-kultur og bykultur, skapte sterke brytingar og ein hardsett *kamp om verdiar*”^{lx}. I avisene Spiegelen og Fjordaposten tematiserte Joleik denne spenninga. Meinte han norske politikarar ikkje ivaretok nasjonale verdiar i stor nok grad, skulda han dei lett for å vere mindre demokratiske og dårlige patriotar. Ideal henta han frå det gamle bondesamfunnet slik som mange førut. Kvifor var bygdenorske verdiar tidleg ei inspirasjonskjelde for aktive i målarbeidet, og kva former for identitetsbygging gav dette seg uttrykk i?

Røter i bondesamfunnet

I eit samfunn prega av endring var norskdomsideologi ei kjelde til identitet. Med denne ideologien som våpen og med røter i det gamle bondesamfunnet rusta ein seg til kamp mot dansk styre og kultur. Slik bygde ein samstundes bru mellom tradisjon og modernitet. Her finn seinare også Joleik inspirasjon til eige virke.

Korleis knytte leiande ideologar det nasjonale medvitet frå starten av til bondesamfunnet? For å skape ei motvekt til dansk påverknad søkte dei i eigen kulturarv. Verdigrunnlaget fann dei i norsk folkekultur. Landsmålet, tufta på nedarva, bygdenorske dialektar, skulle ideologisk sett fungere som ein samnemnar for historisk kontinuitet og særnorsk identitet. Målrørsla tok her opp i seg ei form for kulturnasjonalisme^{lxii}. Framveksten av ein radikal tradisjon danner bakgrunn for å utdjupe denne orienteringa. Med liner tilbake til den franske revolusjonen lét ein seg inspirere av denne tradisjonen, som på eit grunnleggjande plan søkte mot det gamle før-moderne samfunnet. ”Vi har truleg å gjere med ei eldgammal førestelling om det allgilde gammalnorske småbondesamfunnet, tufta på bygdefolkets sjølvforvalting og sjølvstyre”^{lxiii}, hevdar Nerbøvik. Ved å attreise ein harmonisk og konsensusprega naturtilstand ville ein finne felles opphav og kulturfellesskap. Sjølv meinte Joleik fleire bønder ville framkalle auka trivsel mellom folk^{lxiv}.

Verdiar frå bondeliv og norsk kulturav vart basis for ei form for mot-ideologi. Sjølv om viktige delar av idegrunnlaget var rotfesta i slike tradisjonar, ser vi samstundes nære band mellom norskdomsideologi og moderniseringa. Diktaren og målmannen Inge Krokan står bak omgrepet ”det store hamskiftet”, som femnar om samansette, moderne endringsprosessar i norsk jordbruk frå kring 1850 til 1930^{lxiv}. Omgrepet fangar opp trekk som industrialiseringa, samt bygdesamfunn i endring i møte med omlegging til marknadsøkonomi og pengehushald. Endringane innebar at tradisjonelle livsformer og samanhengar vart oppløyste, og eit nasjonalt medvit erstatta meir lokale perspektiv. I ”det kulturelle tomrommet” som då oppstod kunne målrørsla intervenere, hevdar Jostein Gripsrud (1990) i samband med studien av nynorsk amatørteaterverksem, og han kommenterer situasjonen som då baud seg slik:

”Norskdomsrørsla kunne tilby ein uslåleg ideologisk kombinasjonsmodell i denne situasjonen. Livsformer som var adekvate for den nye situasjonen (...) blei presentert saman med overgripande samanhengs-konstruksjonar. Nasjonen med bonden i spissen – og Gud attåt.”^{lxv}

Norskdomsideologien var samansett av både nytt og gammalt tankegods. Som felles symbol og front mot dei oppløysande kreftene stod landsmålet fram, eit nyskapa skriftspråk med legitimitet i heimlege, tradisjonelle verdisett og del i ei moderne tid på ein gong. Denne spenninga mellom tradisjon og modernitet grip Ole Dalhaug (1995) som ein dualisme i bøndene sitt syn på målsaka. Dei vurderte målarbeid som forsvarsverk mot modernisering, men også som reiskap i konflikta med tradisjonelle makthavarar, ser han i forskingsprosjektet *Mål og meninger. Målreising og nasjonsdannelse 1877-1887*. Tilslutninga frå denne samfunnsggruppa, som skapa det sosiale fundamentet for målreisinga, var viktig for å få gjennomslag på eit politisk plan. Då bøndene frå 1860-talet aktivt tok til å hevde politiske krav og tankar om ein norsk nasjon, tileigna dei seg ein historisk identitet med basis i landsmålet og linene til norsk folkekultur. Etter omfattande studiar av norsk politikk såg Stein Rokkan nære band mellom norsk bondereising og framveksten av målrørsla som motkultur^{lxvi}.

Idegrunnlaget bak målarbeidet inspirerte samstundes til ei meir overgripande nasjonsbygging. I 1830-åra framkom eit nasjonalt gjennombrot, tydeleg inspirert av bondekultur og nasjonalromantikk. Men eit kulturelt engasjement med meir eintydige sosiale og politiske overtonar overtok i siste halvdel av hundreåret^{lxvii}. Målrørsla og landsmålet fekk ei markant rolle i dette engasjementet. Då utkantane og bøndene tok til motmæle mot ein framand og utanlandsorientert bykultur i hovudstaden, oppstod ulike motkulturar saman med territorielle og kulturelle skiljelinjer^{lxviii}. Motkulturane voks fram som resultat av splitting mellom by og land, og var ein protest mot sentrumsdominansen og dei tradisjonelle makthavarane sitt levesett. Av

byborgarane og embetsmenne sine omgangs-former som verka framande for bøndene var mellom anna språkføringa. Som del i ei nasjonal reising mot kulturell sentralisering omtalar Rokkan målrørsla som den mest markante motkulturen^{lxix}.

Kva form for idealisme er målsaka? Den nynorske målforma er del av ein større heilskap av kulturelle verdiar, der mellom anna tradisjonell folkekultur er eit viktig trekk, kjem Øystein Sande fram til i eit arbeid om nynorske avisar^{lxx}. Avisarbeid er eitt av uttrykka for formidlinga av desse verdiane. Slik kan vi relatere norskdomsideologi til Joleik sitt livsvirke, for den speglar seg både i identiteten hans og på eit meir redaksjonelt plan. Sjølv var han boklært bymann, ”men heldt bonden som likaste mannen”^{lxxi}. Som sogegransk var han medviten om opphavet sitt og byrg over yrket og nasjonaliteten forfedrene hadde hatt: ”Alle var bønder, men sume var mest fiskarar (...) Eg er nordmann, kver ei taag, utan minste skyldskap frå danske kræmarar elle skrivekara”^{lxxii}. Bladstyraren Joleik stod for ei sterkt nasjonal orientering og var oppteken av bygdenorske verdiar, ikkje minst som bonde sjølv. Skriftmålet han nytta låg nær opp til måten bygdefolk tala på. I kapitla som omhandlar avisene Joleik styrte, skal eg utdjupe korleis idegrunnlaget kom til uttrykk innhaldsmessig.

Leiande ideologar og formidlarar

Mellom aktørane som i vekselspel med samfunnsendringane utforma målreisingsideologien og var tidlege formidlarar, trekkjer eg fram Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje og Arne Garborg. Desse åndelege forfedrene synest å ha inspirert Joleik sin aktivitet i nynorsk presse og organisasjonsliv. Han la til dømes som Aasen vinn på å leggje skriftspråket næraast mogleg talemålet. Til liks med Joleik var alle tre runnen av bondeætt, men ingen av dei fann vel heimatt til den bygdekulturen og bondestanden dei var fødde inni. Etter å ha reist til byen for å utdanne seg vart ei rekke norske forkjemparar snarare omforma til bygdeintellektuelle. Gjennom teoretisk og praktisk arbeid tilførte dei likevel bygdene eit viktig idegrunnlag og forsvarsverk. Aasen bygde opp eit skriftmål og ei forståing av målsaka sine sosiale og nasjonale implikasjonar, medan Vinje og Garborg som nynorske bladstyrarar formidla og tolka dette vidare.

I 1848 gav Aasen ut *Det norske Folkesprogs Grammatik*, og to år seinare ei ordbok. Arbeida

skulle utgjere det ideologiske og språkvitskaplege grunnlaget for målreisinga. Omfattande studier av talemåla i norske bygder låg bak. Med dette bygde han opp eit radikalt alternativ til det dominerande dansk-norske språket. I møte med danninga og bykultur kom Aasen, ein framståande intellektuell, i ei kulturell mellomstilling, ”i ein posisjon som *formidlar* mellom bygd og by, bonde- og overklasse”^{lxixiii}. Trass i rolla som danna og i geografisk og åndeleg avstand frå bonestanden, bar han med seg eit sterkt sosialt medvit og valde å tene bonestanden med livsverket sitt^{lxxiv}. ”Aasen såg samanheng mellom moderne folkedanning og gamle og folkeleg, nedervde skikkar”^{lxv}, meiner Nerbøvik og skildrar perspektivet som eit alternativt nasjonsbyggingsprosjekt innanfrå og nedanfrå. Som del i den radikale tradisjonen møtte han skiplinga av samfunnet med idear om ei bygdenorsk, før-moderne livsform. I særleg grad var talemålet ein sentral del av landsskikken, ei nemning vi kan likne med nasjonalitetsomgrepet^{lxvvi}. Hovudprosjektet låg i å gjere landsmålet eller det norske folkespråket til eit nasjonalmål.

Språkkampen sin sosiale funksjon streka Aasen under og vektla såleis folkeopplysing, sosial oppgradering og nasjonal frigjering. Med dette ville han gjere om danninga og skape ei motvekt til over- og embetsklassen sin dominans. Ideane han sette fram vart grunnleggjande for framveksten av den nynorske motkulturen og nasjonsbygginga. Nettopp profesjonelle intellektuelle sine språkstudiar var viktige for utforminga av nasjonen i Europa på 1800-talet. I fleire land, mellom anna Noreg, vokste interesssa for språk fram saman med nasjonale rørsler i siste halvdel av 1800-talet^{lxvii}. Aasen var mellom målreisarane som særleg merka seg ut i europeisk samanheng. Prega av impulsar utanfrå, særleg av ideen om folkesuverenitet frå den franske revolusjonen^{lxviii}, gav han næring til tankar om ein særnorsk identitet basert på folkekultur.

I motsetning til Aasen møtte Aasmund Olavsson Vinje kritikk frå politisk og kulturelt konservative kretsar. Fram til Vinje skipa avisas Dølen i 1858, den fyrste på landsmål, var det nyskapa skriftmålet i lite grad kjent for publikum. Gjennom avisas utfordra Vinje språksosiale grenser og hegemoniet til den urbane mellom- og overklassa^{lxixix}, og med utgjevinga braut målstriden for alvor ut. I tillegg til å vere ein pioner innanfor nynorsk presse framstår Vinje som ideologisk formidlar. Ved å syne det nye skriftmålet i praktisk bruk i pressesamanhang formidla han også ideane bak. Han var allsidig og hadde også akademisk bakgrunn som jurist. Bladstyraren Vinje ytra makkritiske synspunkt på eit personleg vis. Slik sett synest han å ha vore eit førebilete for Joleik si redaksjonelle line. Ifølgje Øystein Sande var Dølen ”både ei

personleg meiningsavis og kamporgan for landsmålet"^{lxxx}. Nådde ut gjorde Dølen likevel ikkje i stort nok mon. Snarare vart det svært hel og berre dagar etter at siste nummer utkom 24. juli 1870 døydde Vinje.

Saman med Vinje var Arne Garborg mellom mengda av diktatar eller litteratar som verka i pressa kring 1870. Garborg var ei sentral drivkraft bak avisene Fedraheimen og Den 17de Mai, skipa i 1877 og 1894, saman med Dølen dei mest markante i tidleg nynorsk pressehistorie. Tett etter Aasen skilde han seg ut som ein leiande ideolog og formidlar i målrørsla. For rørsla vart artikkelen *Den ny-norske Sprog- og Nationalitets-bevægelse* der Garborg i 1877 presenterte språkteoretiske tankar sjølve manifestet^{lxxxi}. Her utdjupa han samfunnsmessige aspekt ved Aasen sin språkideologi. På liknande vis som Aasen meinte han løysinga låg i å søkje ideal og felles identitet i eigne kulturtradisjonar, og slik attreise det norske bondedemokratiet. Eit skriftspråk bygd på bøndene sitt eige talemål kunne fremje sosial og politisk oppgradering av bondesamfunnet^{lxxxii}. Herifrå skulle det nasjonale fellesskapet utgå. Han stridde for å samle folket som ein kultur. Men to-nasjons-læra han formulerte innebar snarare at språklege skilje la hinder for å samle by og land i ein nasjon. Frå kring 1886 verka eit sterkare internasjonalt fokus i Fedraheimen til å tone ned denne læra^{lxxxiii}.

Garborg skildra kjensla av å leve i eit "millombrøyte" mellom det gamle før-industrielle småbondesamfunnet, "gullalderen", og ei moderne tid samt radikale idear om likskap^{lxxxiv}. Joleik var samd i mykje av det han stod for. 15. januar 1924, dagen etter Garborg sovna inn, minst han den avdøyde i Fjordaposten: "I den norske aandsskogen som hev so mange slag vokstrar, var han adalfura som reis høgt yve alle tre i skogen (...) Heidr yver minne til denne fallne hovdingen, den ærlege sanningssøkjaren, den hugvarme folkeskalden." På sok etter sanninga om politiske, religiøse og kulturelle spørsmål lét Garborg seg prege av impulsar utanfrå. Vend mot Europa og oppteken av radikale tendensar tok han del i ein frilynt og kulturopen tradisjon innanfor målrørsla^{lxxxv}. Ei tid såg han eksempelvis anarkisme som den einaste løysinga i møte med eit skipla samfunn. Mellom anna frå ei slik internasjonal orientering kan vi seinare trekke liner til bladstyraren Joleik sin praksis.

Frå Europa til norske byar og bygder

Sjølv om sentrale delar av norskdomsideologien grunnar på norsk kulturarv, framkom målrørsla dels som resultat av europeiske kulturtankar, som i neste fase vart fanga opp i dei største byane før vidareformidla til bygdene. Paradoksalt nok synest impulsar utanfrå å ha framkalla ideen om å byggje opp nasjonen innanfrå og nedanfrå, for sidan å verte utgangspunkt for norsk bondereising og nasjonal sjølvheving.

Korleis voks målrørsla fram? Kjell Haugland (1985) står bak ein modell som kan forklåre framveksten i 1860- til 1880-åra^{lxxxvi}. Frå fyrst av var målarbeid eit sentrumsfenomen knytt til krinsar i hovudstaden og Bergen. Desse intellektuelle miljøa henta impulsar frå europeisk språkreisingsarbeid. Frå Europa såg ein jo kor viktige dette synte seg for nasjonsbygginga. Ei anna kjelde til inspirasjon forma den radikale tradisjonen, med fokus på kulturhistoriske røter og eigne nasjonalspråk, som vart tilpassa ein særnorsk kontekst innanfor målreisingsideologien. Den folkelege nasjonalismen som her kjem til uttrykk gjennom målrørsla, kan vi forstå som ei form for kulturnasjonalisme^{lxxxvii}.

Dei lange måltradisjonane kan vere noko av årsaka til at Fjordaposten hadde vel så mange tingarar i Bergen som i vestlandsbygdene. Tradisjonane var nok mindre sterke i Trondheim, der målbladet *Spegjelen* fekk vanskar med å nå fram. Særleg Det Norske Samlaget i Kristiania og mållaget Vestmannalaget i Bergen, begge skipa i 1868, fanga opp og formidla kulturimpulsar. Samstundes var desse organiserte sentrumsmiljøa, dei urbane elitane, del i den nasjonale bølgja målstrevet fekk nytte av i 1870-åra^{lxxxviii}. I større grad enn bønder hadde folk med intellektuelle ressursar til å gripe det teoretiske fundamentet som låg i Aasen sitt arbeid. På den andre sida oppstod miljø i periferien som var opptekne av nasjonal skriftkultur og folkeopplysing allereie sist på 1700-talet. Eit døme er ”Ekset-tradisjonen” i Volda der redaktøren Sivert Aarflot stod sentralt^{lxxxix}.

Då den nye språkforma og ideologien bak henne i neste fase vart boren vidare til lokalplanet, tok journalistar, forfattarar og lærarar som nyttar nynorsk saman med distriktsenter som den frilynde ungdomsrørsla og folkehøgskulen formidlarrolla. Fyrst på 1890-talet kom gjennombrotet på bygdeplanet, i det bøndene sjølv lærte landsmålet å kjenne gjennom bruk i skulen, kyrkja og administrasjon. Dette markerte eit vendepunkt i målreisinga, og no var tyngde-

punktet i målarbeidet flytta frå sentrum til periferi^{xc}.

Nasjon, språk og motkultur

Etter kvart som landsmålet og norskdomsideologien vann fram i dei norske bygdene, vart bøndene meir medvitne om eigen identitet og kulturhistoriske røter. Samstundes kom den nasjonale motiveringa gradvis meir i framgrunnen, i takt med at folket var meir opplyst og tok til å reise sosial kritikk mot embets- og overklassen. På den andre sida støtta samfunnsseliten stadig mindre opp om den forma for nasjonalisme som målrørsla uttrykte, for i aukande grad framstod idegrunnlaget som ein trugsel mot deira styre. Ein heimsleg bondekultur og bondedemokratisk desentralisering stod i konflikt med eit framandsleg embetsstyre og byråkratisk sentralisme^{xcii}. I denne situasjonen engasjerte fleire ulike motkulturane seg og ville markere ein særnorsk nasjonal identitet. Kva rolle spela den nynorske motkulturen og landsmålet i eit slikt nasjonsbyggingsprosjekt?

Nasjon og nasjonalitet er tvetydige og omdiskuterte omgrep. Eit sams trekk for ulike forståingar er vekta på kva element som bind folk saman i nasjonale fellesskap. Då kjerna i europeiske nasjonar vart utforma på 1800-talet, samla mange seg nettopp om særeigne folkespråk. Nasjonsbygging har vore eit grunntema i norsk historieforsking. Stein Rokkan sette fram gjennombrytande teoriar om norsk politikk på 1970-talet. I lys av desse kan vi mellom anna forstå nasjonsbygging som ei form for nasjonal, sentralstyrta samordning av språklege og kulturelle standardar^{xciii}. I dette ligg dei to opphavlege skiljelinene i norsk politikk, hevdar Rokkan. Motsetnaden mellom sentrum og periferi står for den eine konfliktdimensjonen, medan sosio-kulturelle faktorar skil embetsmenn og byborgarskap frå stadig meir statusmedvitne og nasjonsorienterte bønder^{xciv}.

Eit særtrekk ved den norske nasjonsbygginga er utkantane eller periferien si sterke stilling. Med bakgrunn i varierte kulturelle grupperingar av språkleg, religiøs og moralsk art, markerte motkulturane i periferien seg i den nasjonale konsolideringsprosessen sist på 1800-talet. Med målrørsla i spissen kravde dei å få ta del i utforminga av ein særnorsk identitet, noko som verka til å forsterke polariseringa mellom by og bygd. Målreisinga baserte seg på klåre førestellingar om kva element ein norsk nasjon byggje på. ”For målfolket måtte landsmålet og

norskdomsideologien bli hjørnestener i et fremtidig nasjonalt fellesskap^{xciv}. Kvifor såg ein dette som utgangspunkt for å etablere eit nasjonalt medvit? Å finne element som kunne verke til å binde folket saman i eit fellesskap var viktig, og her fann ein jo felles symbol og kommunikasjonsmiddel.

Ei sams historieforståing er avgjerande for å kunne samle ei sosial gruppe i eit nasjonalt fellesskap, peikar Dalhaug på og vektlegg språket som eit sentralt element^{xcv}. Hovudtrekka finn vi att hos Benedict Anderson. Begge framhevar språklege, kollektive og kulturhistoriske aspekt. Studien Anderson la fram om nasjonalisme i 1983 fekk mykje å seie for seinare forsking på nasjonal identitet. Gjennom ei antropologisk tilnærming definerer han nasjonen som ”et forestilt, politisk fellesskap”^{xcvi}, oppfatta som både avgrensa og suverent. Av di få som oppfattar seg som del i ei sosial gruppe kan erfare fellesskap, er bandet mellom dei snarare førestelt. Landsmålet og ideologien bak eigna seg til å byggje opp slike kollektive førestellinger. Sjølv om det nyleg var oppbygd framstod det norske folkemålet likevel som djupt rotfesta i samfunnet. Boktrykkjarkunsten gjorde det mogleg å spreie nyskapa nasjonale skriftspråk. Dette moderne utviklingstrekket la slik grunnen for framveksten av nasjonalt medvit i Europa frå 1500-talet av^{xcvii}. Fyrst på 1700-talet framkom avismediet som ei viktig førestellingsform, ettersom avisene verka til å skape ei særskilt, samtidig fellesskapskjensle mellom lesarane^{xcviii}.

På denne bakgrunnen ser vi korleis landsmålet og norskdomsideologi kunne spele ei sentral rolle i norsk nasjonsbygging. Elementa var nemleg kjernekjelde for førestillingar om eit kommunikativt og kulturhistorisk fellesskap, i kontrast til eit framandsleg verdisett. Korleis dette kom til uttrykk praktisk sett, i form av ulike tiltak innanfor målpressa og bladstyraren Joleik sin aktivitet, er tema under seinare nivå.

Målørsla hevdar seg politisk

Norske historikarar stridest om når eit nasjonalt medvit kom til syne, men det synest å vere semje om at det til ein viss grad framkom mot slutten av 1700-talet. I etterkrigstida har ein veklagt tida etter 1814 og Grunnlova som eit avgjerande skilje^{xcix}. Likevel skulle det gå ei tid før målørsla fekk politisk gjennomslag for delar av idegrunnlaget. Fyrst med politiseringa av

målsaka kring 1870-talet skilde landsmålet seg ut som nasjonalpolitisk faktor. Målfolk tok del i ein allianse mellom bygdefolk og ei radikal-demokratisk rørsle i byane, og saman forma dei venstreopposisjonen. Samarbeidet resulterte tiåret etter i regimeskifte og formell språkleg jamstelling. På same tid fungerte målsaka som eit felles, samlande symbol for partiet Venstre.

Banda mellom målrørsla og Venstrestaten, som avløyste embetsmannsstyret i 1884 og verka som styrande regime fram til 1940, var tette i starten. Mange leiande målfolk markerte seg til dømes sterkt i Venstre. Mellom andre Haugland ser systemskiftet som avgjerande for at rørsla vann fram med målkrava^c. Endringa innleia tidleg på 1880-talet ”ein systematisk presspolitikk andsynes Venstrepartiet for å få gjennomført vidtgåande krav om framhjelp til landsmålet”^{ci}. Rørsla hadde fordel av tradisjonar for å vektlegge likskap i Norden. Egalitet har nemleg vore eit viktig sosioøkonomisk trekk historisk sett, noko som har hjelpt folkelege rørsler til å kome tidleg på innsida i det politiske systemet og utøve statsmakt^{ci}. Målfolket formulerte gjennom Noregs Mållag frå 1906 av krav i form av politiske valprogram, men frå kring 1915 vart ikkje dette teke særleg omsyn til av eit Venstre-parti prega av indre splid.

Den partipolitiske utviklinga førte etter kvart til mindre samarbeid med Venstre. I staden fokuserte ein i større grad på eigen organisasjon . Sjølv gjekk Joleik frå å skipe venstrebladet Spiegelen til å sympatisere med Bondepartiet i Fjordaposten. Nyskipa parti, særleg Bondepartiet og Det Norske Arbeiderpartiet, tok frå 1920-talet gradvis opp kampen om veljarane. I 30-åra opplevde Venstre å få stillinga si svekt til fordel for desse partia, som begge arbeidde for ei samnorsk- og tilnærningsline språkleg sett. Med arbeiderpartiregjering frå 1935 mista målrørsla noko av innverknaden som rikspolitisk pressgruppe^{ciii}.

Organisatorisk fellesskap

Den organisatoriske strukturen og utviklinga la premiss for aktivitet i mållag og nynorsk presse. Albert Joleik tok del på fleire vis, difor ligg noko av bakgrunnen til å forstå virket han synte her. Frå Studentmållaget i Oslo starta opp i 1900 og fram til han la ned Fjordaposten i 1940, møtte Joleik ei stadig fastare og betre organisert målrørsle. Unionsoppløysinga i 1905 gav målpolitisk optimisme. Eit uttrykk for dette er skipinga av landsorganisasjon Noregs mållag i 1906, vel 50 år etter riss av ei folkerørsle kom til syne på 1860-talet. I lang tid var

målrørsla prega av svak og desentralisert organisering. Fyrst i etterkant av politisk gjennomslag og jamstellingsvedtak kom organisasjonsfasen. Kva er årsakene?

Før hundreårsskiftet, då eit apparat av distriktsorganisasjonar voks fram, var aktiviteten i liten grad organisert. Fyrst då ein i 1890-åra hadde nådd lokalplanet kom gjennomslaget, og saman med stadig større politisk pressaktivitet auka dette trangen for samskiping. Særleg Telemark og Vestlandet nord for Rogaland utgjorde då eit kjerneområde for målaktivitet^{civ}. Grunnlaget for å satse på felles organisering av ein samansett målflokk kom med Noregs mållag. Framveksten av studentmållag og yrkesmållag som Norsk Bladmannalag styrkja arbeidet. Målsaka vann stadig fram, og tendensen frå 1890-åra til at bruken av landsmålet auka varte ved. Vendepunktet kom med 2. verdskrig som verka til å styrke bokmålet, medan målorganisasjonane låg nede i 1945.

Motstand mot sentralstyring er ei av årsakene til mangelfull organisatorisk struktur. Idegrunnlaget målarbeidet bygde på var sterkt prega av slik motstand. Helst skulle initiativ kome innanfrå og nedanfrå, følgjeleg var individuell, uorganisert innsats verdsett^{civ}. Truleg ligg den viktigaste grunnen i det tette samarbeidet med nærslekta miljø. I oppbyggingsfasen i 1860- og 70-talet var dei to sentrumskrinsane Vestmannalaget og Det Norske Samlaget viktige støttespelarar. Vidare var målreisingsarbeidet lenge i stor grad drive gjennom organisasjonsapparat og institusjonar knytt til frilynt ungdomsarbeid, venstrepolitikk og arbeid i folkehøgskular. Slik markerte ein front overfor avgjerd organ både på lokalt og sentralt plan. Den frilynde ungdomsrørsla rekrutterte unge og ivaretok i 1890-åra mange organisatoriske oppgåver. Som regionalt senter var den og folkehøgskulane sterkt medverkande til at også bygdefolk engasjerte seg. Desse skulane dreiv opplæring i landsmål og ideologisk formidling, med basis i ein alternativ, motkulturell danningstradisjon.

Omdanning – landsmålet i skulen

Kva hadde aktivitet i det norske skuleverket å seie for målreisinga? Korleis fremja lærarane ein særeigen nasjonal identitet? Basisen for norsk utdanningspolitikk endra seg på 1860-talet. Som resultat av politisk press voks gradvis eit alternativt danningsideal og kultursyn til det danske embetsstyret fram. Ein tok til å utforme offentlege skulelover som innebar nye idear

om danning, samt likestilte det nynorske skriftmålet med bokmålet stegvis. Gjennom lærebøker kunne ein drive ideologiproduksjon, og slik følgje opp Ivar Aasen sin ide om å endre danninga. Skuleverket var ein sentral institusjon i arbeidet med å utvikle landsmålet som bruksspråk. Særleg lærarane fekk her ei framståande formidlarrolle, som skulle spreie landsmålet og ideologien bak på eit meir lokalt nivå.

Målfolket såg det offentlege skuleverket som hovudfront og nøkkelposisjon i språkstriden, hevdar Haugland^{cvi}. I tråd med idear frå Aasen meinte dei snarare danninga, ikkje folket, skulle omdefinerte seg. Lova om allmugeskule på landet av 1860 understreka allmenndanning som viktig prinsipp i norsk skule. Nettopp språksituasjonen førte no til dei første kulturpolitiske debattane i Noreg^{cvi}. Kravet om at lærarane skulle nytte talemålet til borna i undervisninga vart etter kvart vedteke i Stortinget i 1878. Skuleborna fekk no nytte eit språk dei kjende frå sin eigen kvardag. Dette var det første steget for å få landsmål jamstilt med bokmål, noko ein oppnådde i 1885. Då kommunane frå 1892 sjølv fekk velje skriftleg opplæringsspråk opna ein i enno større grad for lokalstyring. Ti år seinare kom krav om obligatorisk opplæring i skriftleg bruk av landsmål på lærarskulenivå.

I samspel mellom krav nedanfrå og initiativ ovanfrå framkom lovendringar, og desse verka til å trekke ei stadig større gruppe til å identifisere seg med landsmål og norskdomsideologi. Skular i bygdene nærte i særleg grad oppunder slike førestellingar om nasjonal identitet. Oddbjørn Melle (2002) har utforska forholdet mellom utdanning og nasjonsbygging og påstår dette: ”Høgare skular i den norske periferien, som lærarskular, landsgymnas og folkehøgskular, har vore berande konstruksjonar i det som på visse felt kunne kallast ein alternativ nasjonsbyggingsprosess til den som strålte ut frå eit sentrum”^{cvi}. Lærarkreftene ved skulane, intellektuelle som ofte sjølv kom frå bondesamfunnet, var sterkt medverkande til å gjere bygdeungdom meir kulturhistorisk sjølvmedvitne. Dessutan styrkte målreisingsideologien desse formidlarane sin eigen kulturelle identitet. På same tid som dei oppnådde høgare sosial status, stod jo lærarane fram som lokale leiarfigurar frå 1890-åra av^{cix}.

Korleis var Albert Joleik med å skape og vidareføre den nye danningstradisjonen? Som student medverka han til å opne for landsmålet på universitetsnivå som student. I etterkant tok han del som lærar ved to lærarskular, der han underviste i landsmål, og ved den nynorske journalistutdanninga Norsk Bladmannaskule. Ved sidan av dette var Joleik også ein aktiv ideologisk formidlar gjennom aktivitet i nynorsk presse og organisasjonsliv. Det alternative

verdisynet bygde han på som bladstyrar. Han engasjerte seg innanfor ei rekkje institusjonar som saman skapa eit eige offentleg rom, ei såkalla nynorsk offentlegheit.

Ei alternativ offentlegheit

Jürgen Habermas sin teori om *Borgerlig offentlighet* av 1962 var i utgangspunktet ein studie av borgarklassen, men etter kvart har ein overført teorien og nytta den i høve til andre klassar og grupper. Slik kan vi fange opp korleis mellom anna målfolk utvikla eit førestelt fellesskap og klårare sosialt medvit. Idar Stegane (1987) sette på 1980-talet fram påstanden om ei nynorsk offentlegheit. Dette baserte han på undersøkingar av nynorsk kulturaktivitet, med særleg vekt på den litterære delen. Spirane til ei alternativ offentlegheit framkom då tilhengjarar av landsmål, inspirert av moderne liberalistisk ideologi frå 1870- og 1880-åra, freista å etablere sin eigen litterære institusjon^{cix}. Av di målrørsla kom i konflikt med dansknorsk borgarleg kultur, måtte ein alternativt skape særsvilkår for landsmållitteratur. I denne situasjonen vart målfolket ”ein flokk for seg med si eiga deloffentlegheit”, har Stegane funne fram til^{cxi}. To ulike normsysten og kultursyn, to konkurrerande former for offentlegheit, stod mot kvarandre^{cxi}.

Innanfor den borgarlege offentlegheita stod idealet om open diskusjon sterkt. I takt med at idealet voks fram i Noreg på 1800-talet, og opinionen fekk ei viktig politisk rolle, var bøndene ei av gruppene som markerte seg^{cxi}. Parallelt med dette oppstod den nynorske offentlegheita. Jamvel om den klassemessig og ideologisk sett ligg nær ei bondeoffentlegheit er den ikkje identisk med ei slik, understrekar Stegane^{cxiv}. Den sentrale, nasjonale offentlegheita vart splitta i fleire del- eller mot-offentlegheiter. Jan Sørbø peikar på korleis vi då ser ideen om ei opplyst og diskuterande ålmente kom til uttrykk på to nivå; ”dels innanfor dei nye gruppene som voks fram, slik at det vart ei bonde-ålmente, ei nynorsk-ålmente og ei arbeidar-ålmente, og dels ved at desse gruppene gjorde seg gjeldande innanfor den store felles ålmenta i samfunnet”^{cxv}. Gripsrud nemner på si side målrørsla som ei ”særnorsk agrar- og provinsoffentlegheit”^{cxvi}. Bakgrunnen hentar han frå måten ein møtte moderniseringa på ved hundreårsskiftet: Eit omfattande apparat av institusjonar, som hevda målsaka til forsvar for bygdenorske interesser, søkte saman og forma ei slik offentlegheit.

I kor stor grad har målrørsla sitt kultursyn nådd gjennom på eit nasjonalt plan? Lars Vikør (1996) skil mellom ulike grunnlag for identifikasjon med nynorsk skriftkultur. Ei av desse formene er nasjonalhistorisk identifikasjon^{cxvii}. Med dette vidarefører han arbeid av Aslaug Nyrnes som i 1980-åra formulerte idegrunnlaget for idealtypen ”det nynorske mennesket”^{cxviii}. I det berre ei mindre gruppe har opplevd denne forma for identifikasjon, meiner Stephen Walton (1999) nynorsken mislukkast som nasjonalkultur og målrørsla sin strategi slo feil^{cxix}. Førestellingar knytt til landsmål og norsksideologi nådde ikkje nok ut. Snarare enn å vere hovudelement i det nasjonale fellesskapet heldt dei fram å stå for motkulturelle standpunkt. Fokuset mitt er likevel å sjå korleis førestellingane faktisk var svært viktige for delar av folket. Albert Joleik er ein av desse, ein nynorsk bladstyrar som grunna rolla si på denne forma for nasjonal identitet. Under neste nivå utdjupar eg korleis aktivitet i nynorsk presse var del i etableringa av ei særskilt nynorsk offentlegheit.

4 PROFESJONELL IDENTITET

Norske pressetradisjonar la premiss for Albert Joleik sin praksis til liks med norskdoms-ideologi. Med nynorsk presse vert to idegrunnlag vevd inni kvarandre, i det vi ser korleis aviser spela ei sentral rolle i å formidle landsmålet og ideologien bak. Samstundes som vi fangar opp ein annan viktig dimensjon ved engasjementet til denne aktøren, byggjer vi no ut konteksten for Joleik sin aktivitet. Hovudmålet på dette analysenivået er å gripe samspelet mellom dimensjonane identitet og profesjon. Kva vilkår ligg bak utviklinga av yrkesidentitet i form av ei eiga redaktørrolle? Frå den historiske framveksten av norske aviser, med særleg vekt på nynorsk presse, går vi til å studere ideologisk tankegods. Fokus er både på pressa si samfunnsrolle og måten ei uavhengig yrkesrolle framkom på. Slik finn vi fram til trekk som synest å ha relevans for den identiteten Joleik utforma som bladstyrar.

Svennik Høyre sette i 1995 fram påstanden om ei tradisjonslaus norsk pressehistorie: ”Om pressen har en lang tradisjon, så er pressehistorien ganske tradisjonsløs hos oss. Det finnes altså ingen aksepterte måter å skrive norsk pressehistorie på”^{cxx}. Jamvel om aktiviteten innanfor forskingsfeltet er aukande ligg det ei klår utfordring i dette, noko som krev at eg tek eigne grep. På liknande vis som Høyre søker eg løysing i andre fagtradisjonar. Slik kan ein oppnå ei open, samansett tilnærming der fleire ulike perspektiv kastar lys over tematikken. Arbeidet mitt er mellom anna inspirert av antropologi i det eg nyttar omgrepene førestelte fellesskap i pressesamanheng. Perspektivet som ligg i bruken av felt-teori grunnar i ei meir sosiologisk tilnærming.

Trekk frå tidleg norsk pressehistorie

Sist på 1700-talet vokser norske aviser fram og fann etter kvart form utover 1800-talet. Det historiske grunnlaget utgjer ein bakgrunn for å forstå Joleik sitt seinare virke, men kva basis vart lagt her? Kvifor fungerte særleg tradisjonar innanfor politisk opposisjonspresse som førebilete for nynorske aviser?

Unionen med Danmark hindra lenge fleire former for identitetsbygging, jamvel norsk presse var i lengre tid seinka av dansk regelverk. Forutan å ligge i ein kulturelle utkantposisjon

mangla Noreg eigne institusjonar og tilgang til viktige nyhendekjelder^{cxxi}. Parallelt med framveksten av norske aviser, eitt hundreår etter nabolanda, markerte borgarskapet seg. ”Framveksten av et norsk næringsliv og et mer og mer selvbevisst borgerskap i opposisjon mot Københavns kongemakt, la grunnen for en norsk presse”, ifølgje Martin Eide^{cxxii}. Den nye samfunnsklassa hadde behov for å få næringsrelevant informasjon samt annonser for varene sine. Utgjevinga av Norske Intelligenz-Seddeler i 1763, ofte rekna som den første norske avis, synest nettopp å ha svara på dette behovet. I starten gav såkalla annonsekontor ut aviser fylte av annonser og kunngjerings, medan det var lite av dette i meiningsavisene som kom til sist på 1700-talet. Dei baserte seg snarare på nyhendestoff og utgjevarane sine sterke synspunkt meir enn økonomiske motiv.

Ein kort periode med trykkjefridom tidleg i 1770-åra opna for fleire tilløp til ei norsk presse. Andre spirer til offentleg meiningsdanning stod etter kvart enkeltvise politiske småblad for. Vidare førte isolasjonen under Napoleonskrigane tidleg på 1800-talet til endring, av di auka trong for informasjon då pressa fram særnorske, nyhendeorienterte aviser. På eit nasjonalt plan la ein føringar for særnorsk presse og identitet i 1814. Sjølv om Grunnlova garanterte trykkjefridom tok det ei tid før meir kritisk og opposisjonell journalistikk førekomm. Det nye lovverket resulterte berre i eit avgrensa demokrati. Likevel fremja det meir open politisk diskusjon i fyrste halvdel av 1800-talet^{cxxiii}. I samband med dette framstod avisene som ein offentleg arena, og dei gav dessutan diskusjonen institusjonell forankring. Avisdrift var i ein tidleg fase gjerne tett knytt til trykkeriverksem. Den økonomiske veksten Noreg opplevde i 1830- og 40-åra fekk positive ringverknader i næringslivet, noko som la grunnen for fleire trykkeri og dermed fleire aviser^{cxxiv}. I desse tiåra og vidare frametter 1850-talet får vi ein sterk avisvekst, med skipinga av Dølen i 1858 som eit døme.

Grunnlova av 1814 opna for ein politisk opposisjon, eit trekk som også kom til uttrykk i form av avisestableringar. Ei moderne norsk opposisjonsresse framkom frå midten av det 19. hundreåret med meir permanente grupperingar på Stortinget, meiner Høyre^{cxxv}. Ei tidleg utvikling kan vi hente frå meiningsaviser og politiske småblad tilbake i 1770-åra. Rekkja av makkritiske ytringane som kom til syne utover 1820-talet gjekk raskt inn. Fyrst i dei to komande tiåra vert desse avistiltaka meir langvarige, og fleire tek del i samfunnsdebatten. Dette framkallar ein allmenn opposisjon og etableringa av ei norsk offentleg sfære. Ideen om folkesuvernitet var ein viktig føresetnad for pressefridom og opposisjonsaviser. I lys av dette ser vi etter kvart ein meir folkeleg opposisjon vekse fram.

Avisa Statsborgaren var frå 1831 mellom organa som tok til å granske det offentlege rommet og reise maktkritikk. I samtida var Statsborgaren ei markant opposisjonsavis og eit leiande organ for bonderørsla. På vegne av folket, særleg bøndene, var redaktøren Peder Soelvold nemleg sterkt kritisk til embetsstanden og arbeidde for å avsløre maktmisbruk^{cxxvi}. Ein liknande ståstad tok Vinje seinare. Med opposisjonspressa framkom ideal om trekkje flest mogleg med i den offentlege debatten, samt markere ei skeptisk haldning til maktpersonar. Slike idear synest å ha inspirert framveksten av målpressa. Som del av den politiske opposisjonen definerte ein seg alternativt til dansk styresett, og avisene var i denne samanhengen ein viktig formidlingskanal. Dette utgjorde også eit sentralt trekk ved avisene til Joleik, der skjellsord mot autoritetar formulert på folkeleg vis ikkje var noko sjeldsyn.

Norsk presse ekspanderte sterkt på 1870-talet. Den nasjonale og politiske gjæringstida fram mot 1880-åra førte med seg ein splitta opinion. I pressesamanheng gav dette seg uttrykk i at opposisjonelle og regjeringsstru aviser kom i stadig større konflikt. Her ser vi eit anna utviklingstrekk frå 1800-talet som er grunn til å leggje vekt på, nemleg spirene til ei partipresse. På 1860- og 70-talet kunne ein skilje mellom konservative og venstre-liberale aviser^{cxxvii}. Opposisjonspressa var lenge lite samla politisk sett medan dei regjeringsstru avisene knytte seg til Høgre^{cxxviii}. Tiltak innanfor målrørsla støtta i lenger tid Venstre etter skipinga av politiske parti i 1884. Sterkare bindingar mellom parti og presse oppstod då ei rekke aviser organiserte seg i politiske presseforeiningar, som tidleg i 1890-åra vart skipa på begge sider. I den grad avisredaktørane lét seg styre av politiske aktørar til å setje fram visse meningar, seinka dette profesjonaliseringa av yrkesrolla deira, om partidisiplinen i venstrepressa varierte. Å støtte eit politisk parti var samstundes ikkje einstydande med å vere partiorgan. Eksempelvis la fleire av partibundne aviser vekt på å markere sjølvstende, mellom anna Dagbladet, avis som var sett som Venstre sitt hovudorgan. Fenomenet partipresse gjorde seg særleg gjeldande i tiåra frå 1920 til 1970.

Framveksten og etableringa av nynorsk presse

Utviklinga på 1800-talet gjekk gradvis mot eit meir demokratisk samfunn og på same tid sterkare nasjonalt fellesskap. Den nynorske motkulturen arbeidde aktivt for å knyte nasjonal identitet til landsmålet og bygdenorske verdiar. Gjennom eigne målblad kunne ein nå ut med

desse ideane, og aktørane i målpressa skulle følgjeleg formidle idegrunnlaget. Etter Vinje tok stadig fleire bladstyrar initiativ. Saman forma dei ein særeigen yrkesidentitet og avistradisjon som Joleik seinare søkte. Flaggskip som Dølen, Fedraheimen, Den 17de Mai og Gula synest særleg å ha vore førebilete for Joleik. Han var jo sjølv aktiv i to av desse føretaka.

I pressesamanheng vart landsmålet nytta fyrste gong i hovudstadsavisa Morgenbladet i 1849, då Aasen fekk eit stykke på trykk, og slik tok til å syne det nyskapa skriftmålet i praktisk bruk. Fyrst med Dølen i 1858 kom ei heil avis skriven på landsmål ut. Nynorsk avistiltak i tida framover til hundreårsskiftet var helst kortvarige. Tomrommet etter Vinje fylte Garborg med Fedraheimen i 1877. Saman med Ivar Mortensson-Egnund og Rasmus Steinsvik bygde han avis opp til eit sentralt organ for målreisinga, men studien til Dalhaug (1995) syner at den også spela ei viktig rolle i allmenn samfunnsdebatt. Bladstyrarane gjekk i spissen for målkrav og engasjerte seg stadig sterkare politisk sett, med sjølvstendige standpunkt og kritikk av samfunnsautoritetar. Gjennom radikale idear om anarkisme trekte etter kvart Fedraheimen europeiske straumdrag inni norsk presse. Denne lina førte til så store økonomiske tap at avis måtte leggjast ned i 1891.

Gjennombrotet for målreisinga kom på 1890-talet, ei utvikling som styrkte målpressa ettersom landsmålet breidde meir om seg. Tiltaka som framkom utover i 1880- og 90-åra vart gradvis meir levedyktige, fleire av dei i så stor grad at dei over lengre tid stod fram som hovudorgan for nynorsk^{cxxxix}. Særleg gjeld dette tidsskriftet Syn og Segn og avis Den 17de Mai som begge kom til i 1894. Garborg og Steinsvik gjekk med Den 17de Mai inn på ei meir pragmatisk line ideologisk og politisk sett, ei endring dei vann stor oppslutning om i både byar og bygdesamfunn^{cxxx}. Øystein Sande nemner avis mellom avisene som ”meir enn andre tent til å synleggjere nynorsken i avisverda og den norske offentlegheita”^{cxxxvi}. Mellom desse såkalla flaggskipa omtalar han Den 17de Mai som det største. Fordi slike markante målblad tente som føredøme for mindre aviser, spela dei jo ei viktig rolle for bladstyrarane som verka der. For den nynorske pressa var mellomkrigstida ein hard periode, og då ”bladdauden” i 1930-åra^{cxxxvii} sette inn, tvinga økonomiske vanskar fram nedlegging i 1935.

Aktørane i målpressa synest å ha vore aktiv pådrivarar i den norske nasjonsbygginga. På same tid var aviser som Den 17de Mai og Fjordaposten sterkt internasjonalt orienterte. Unionsoppløysinga og aukande bruk av landsmål i skuleverket la grunnen for vidare vekst for målsaka fram til 1940. I denne vekstperioden vart mange nynorske aviser etablerte. ”Den nationale

bylgja som gjekk yver landet vaart i 1905 daa unionen med Sverdige rauk, sette kveik i målfolket landet rundt. No skulde det verta ein ny arbeidsdag og no laut ein reisa norskmaalsblad i alle landslutar”^{cxxxiii}. Ei sterkt bygdepressa tok form i det nynorske lokalaviser frå hundrearsskiftet førekomm over mest over heile landet. I eit lenger tidsperspektiv har ein vunne best fram nettopp på lokalplanet^{cxxxiv}.

Joleik etablerte Spiegjelen og Fjordaposten under noko ulike vilkår. Medan Trøndelag ikkje fekk eige målblad før i 1911 då han tok til å gje ut Spiegjelen, stod den nynorske bygdepressa sterkt i Hordaland og Sogn og Fjordane^{cxxxv}. Bergen hadde tidleg eit aktivt målmiljø, særleg mellom vestmennene der Dølen truleg henta lesarar. Nynorske pressetradisjonar i byen ser vi starten på med Ferdamannen i åra 1865 til 1868. Eit meir berekraftig tiltak fekk ikkje Bergen før Gula Tidend tok til å kome ut i 1904. Avisa sanka brei støtte i vestnorske bygder. ”Det var ein institusjon, eit hovudkvarter, ei bygdeborg i byen eller kva ein skal kalle det”, var biletet ein medarbeidar teikna^{cxxxvi}.

Idealisme for å synleggjere målet

Eit sterkt innslag av idealisme har prega yrkesidentiteten til nynorske bladstyrarar. Jamvel om Gula Tidend vann eit ganske stort offentleg rom i Joleik si samtid, strevde avisar tidvis med store økonomiske problem til liks med andre i målpressa. Slike vanskar verka også inn på drifta av Spiegjelen og Fjordaposten, trass i at avisene var skipa i ein vekstperiode for målsaka. Utfordringane låg særleg i å få nok lysingar og innkome frå bladtinging. Håland er mellom mange som fortel om slit og svolt^{cxxxvii}. Kva dreiv dei vidare? Ein sentral motivasjonsfaktor låg i trua på landsmålet og ideologien dette skriftmålet grunna på. ”Soleis er den nynorske bladsoga ogso ei soga om menner med mod og aagangshug, med ei tru som ikkje gav upp og ein offerhug som aldri traut”^{cxxxviii}. Slik skildra Anton Aure i 1923 medarbeidarane i målpressa som sjølvgløymande idealistar. Snarare enn økonomisk vinst var nynorskavisene motiverte av idealistisk innsats. Ein gjennomgong av Spiegjelen og Fjordaposten sine inntektskjelder vitnar om dette. Sjølv likna Joleik drifta av Fjordaposten med ein båt: ”Det var som ein båt som verken sigler elle søkk, men held seg over sjøen”^{cxxxix}.

I satsinga på å nå fram med idegrunnlaget var pressa eitt av fleire viktige arbeidsfelt for

målrørsla. Ved sidan av bokproduksjon og forlagsdrift la blad og avisar med grunnen for ein eigen nynorsk litterær institusjon, har Stegane (1987) funne fram til. Nynorskpressa voks etter kvart fram som ei av norsk målreising sine viktigaste greiner. Før 1890-åra var det vanskeleg å nå fram fordi så få var vane med landsmålet. I det heile mangla det nye skriftmålet eit publikum, og bygdefolk hadde dessutan lite råd til å tinge blad^{cxl}. Trass i dette tente tidleg avisproduksjon på landsmål fleire funksjonar; avisene vart ei øvingsmark for skribentar, dei gav høve til å skape intern nynorsk debatt og eigne litterære normer, samt gjorde det mogleg for skriveføre målfolk å hevde seg i det offentlege rommet^{cxi}. I dette ligg vinninga. Momenta Haugland trekkjer fram liknar dei funksjonane Stegane omtalar; ein skulle utvikle landsmålet som skriftspråk, venje folk med det og spreie målreisingstanken^{cxlii}. Eit noko anna synspunkt ligg i å fokusere på sjølve målforma, i det å synleggjere og hevde den har vore eit sentralt motiv for nynorskavisene. Framfor å vere *om* nynorsk har dei vore *på* nynorsk, og i større grad enn å drive direkte agitasjon har ein skrive om hendingar som verkar inn på målsaka^{cxliii}.

”Gjennom målpressa kunne ein så meir enn nokonstad gjere synleg ei alternativ tradisjonslaging som kunne hevde seg jamsides og andsynes den dansknorske offentlegheita med den rådande litterære institusjonen”^{cxliv}, meiner Stegane. I ei rekke framstillingar av den norske målreisinga er derimot lærarane si rolle framheva. Påstanden min er derimot at redaktørane og dei andre som verka i den nynorske pressa la ned minst like stor innsats. Samanlikna med når ein tok til å nytte det nye skriftmålet i skuleverket, tok aktørane i målpressa på eit tidlegare tidspunkt til å arbeide for landsmålet og norskdomsideologi. Dessutan evna truleg nynorske bladfolk i større grad enn lærarane å skape førestellingar om eit nasjonalt fellesskap på tvers av generasjonar. Gjennomslaget kom rett nok samstundes for pressa og skulen då målreisinga vann fram på lokalplanet i 1890-åra. Ser vi på kva nynorske avisar hadde å seie for målreisinga, synest det som bladstyrarane her verka sterkt til å forme ei ei særskilt nynorsk offentlegheit.

Dualistisk nynorsk presseideologi

Som nynorsk bladstyrar bygde Joleik identiteten sitt på eit dobbelt idegrunnlag. Parallelt med å fremje norsk folkemål og kulturarv arbeidde han nemleg utifrå visse yrkesideal. Desse ideala knyter seg til korleis pressa verka til framveksten av ei særnorsk offentleg sfære.

Saman med borgarskapet i Noreg voks idealet om ei open, resonnerande offentlegheit fram. Borgarskapet sine medvitsformer og tenkjemåtar var dei dominerande, noko som ei tid hindra storparten av folket å ta del i meiningsutveksling^{cxlv}. Kravet om privat eigedom verka ekskluderande, samstundes tilsa deira liberale idear at ein måtte opne for ei større gruppe^{cxlvii}. Avisene skapa grunnlag for at fleire kunne hevde meininger, innanfor eit felles og meir motsetningsfylt offentleg rom. Grunnlova tilla pressa ei demokratisk nøkkelrolle, og gjennom den prega avisene utviklinga. I tida etter 1814 gav ytrings- og trykkjefridomen gradvis ei meir inkluderande offentlegheit, og ei uavhengig presse tente her oppgåva med å sikre fri informasjon og diskusjon. Presseideologiske grunnpremiss kom slik til uttrykk.

Francis Sejersted (1978) hevdar ei norsk offentleg sfære særleg var gjeldande i 1830- og 40-åra. Utviklinga opna for opposisjonelle aviser, men Stegane syner til korleis ein også fremja ei målpresse. ”Dei klassiske ideala for open diskusjon var nok også medverkande til at dei fyrste forsøka på å utvikle og bruke landsmålet vart gjorde. Særleg ein mann som Vinje ser ut til å ha arbeidt ut frå slike ideal”^{cxlviii}. Dette tente to mål på ein gong: For det fyrste ytte ein til ei mangfoldig meiningsbryting, og dermed følgde opp ideologiske grunnreglar innanfor pressa. På den andre sida utgjorde avisene ein viktig formidlingskanal for å nå fram med målsaka. Presseideologi og norskdomsideologi fann saman, ei kopling som la grunnen for etableringa av nynorsk presse. Joleik tok såleis opp i seg idear både om å byggje ein sjølvstendig norsk nasjon og ei uavhengig norsk presse.

Profesjonell identetsbygging

Nynorske bladstyrarar målbar ein samansett yrkesideologi, noko som truleg prega sjølvbiletet deira. Kvifor vektlegg eg idegrunnlaget for pressevirket så sterkt? Grunnen ligg i kor avgjerande det har vore for korleis redaktørar og journalistar formar yrkesidentiteten. Av di desse aktørane sine kunnskapar ikkje fyller tradisjonelle profesjonskrav, har den ideologiske basisen vore særleg viktig for å hevde ei sjølvstendig og samfunnsnyttig yrkesrolle. Med utgangspunkt i problematikken Odd Raaum (1999) tek opp kring denne prosessen, kan vi sjå måtane arbeidet for ein profesjonell identitet ytra seg på.

Medan eg fokuserer på tida før 2. verdskrig konsentrerer Raaum seg helst om perioden frå 1970-åra og framover. I det forståinga han legg fram er allmenngyldig og historisk fundert, vil den også ha relevans for fokuset mitt. Til liks med han grip eg profesionaliseringa som ein prosess, der målet er å gjere eit etablert yrke meir sjølvstendig eller autonomt. Ei form for identitetsbygging oppstår. Dette inneber at yrkesutøvarane vert meir medvitne om kva rolle dei har. Bruken av profesjonsomgrepet føreset eit ynske hos desse om å oppnå nokre, om ikkje alle, trekka som kjenneteiknar ein tradisjonell profesjon^{cxlviii}, som til dømes legane står for. Ser vi på kjenneteikna syner det seg at journalistane og redaktørane dels fell utanfor krava.

”En profesjon i tradisjonell forstand er en gruppe fagfolk som har enerett på en type stillinger som allment anses å ha stor samfunnsmessig betydning. Det dreier seg om arbeid som krever en langvarig, vitenskaplig basert utdanning med en offentlig autorisasjon som mål. (...) Medlemmer av en profesjon får i kraft av sine viktige stillinger, sin eksklusive yrkeskunnskap og sin yrkesetiske standard stor faglig og høy sosial status.”^{cxlix}

På bakgrunn av dette meiner Raaum at ein ikkje kan definere journaliststanden som ein tradisjonell profesjon. Denne yrkesgruppa har nemleg ikkje noko kunnskapsmonopol eller offentleg autorisasjon å syne til. Vidare har inga langvarig, vitskapleg basert utdanning vore kravd for å kunne praktisere journalistikk. I staden har ein henta legitimitet i idegrunnlaget for yrket. ”Det er forfatterens påstand at journalister og redaktører kompenserer denne mangelen på eksklusivitet ved å satse desto sterkere på yrkesideologien”^{cl}, ytrar Raaum og peikar på at dei gjer krav på eit samfunnssoppdrag for å vege opp for mangelen. På same tid som desse utøvarane strekte seg etter kjenneteikn ved klassiske profesjonar, evna dei å etablere ei førestelling knytt til å ha ”et spesielt *oppdrag* i samfunnets tjeneste”^{cii}. Opphavet til ei slik mytisk oppgåve finn Raaum i presseideologien dei første opposisjonsavisene ytra. Etter 1814 bygde dei jo opp ein ide om at ei uavhengig presse, på vegne av folkemeininga, skulle kontrollere måten mynda utøvde makt på.

Visse særtrekk ved journalistisk arbeid har vore nytta som argument mot ei autorisasjonsordning. Ei av dei prinsipelle motførestellingane som har kome fram omhandlar pressefridom. Ein journaliststand med variert bakgrunn, framfor ei einsretta utdanning, er nemleg hevda å betre kunne tryggje ytringsfridomen og la ulike syn kome til orde^{ciii}. Opplæringa Bladmannaskulen gav var basert på ei brei fagleg plattform. Norsk Bladmannalag freista tidleg å styrke den sosiale statusen og journalistiske yrkeskunnskapar, då denne nynorske presseorganisasjonen i 1919 tok initiativ til å opprette skulen. Kva innebar laget sitt engasjement? Gjennom å samle og utdanne nynorske bladfolk arbeidde ein aktivt for å gjere journalistikk til ei meir

profesjonell yrkesgrein. Laget la vinn på ta felles tak for målreisinga og samstundes heve kompetansen til journalistane, men utan å trekke inn partipolitiske sympatiar.

Arbeidet Bladmannalaget la ned står fram som viktige trekk ved Joleik sin praksis. Gjennom lagsaktivitet var han med å forme rolla som bladstyrar, og slik engasjerte han seg i profesjonaliseringa av redaktørrolla på norsk grunn. I eigne avisene fekk han dessutan høve til å utforme den på eit personleg vis.

Organisatorisk grunnarbeid

Skulle redaktørane og journalistane markere profesjonalitet, stod utviklinga av eigne fagorganisasjonar og utdanningstilbod sentralt. Innanfor det norske pressemiljøet trekte dette ut. Fyrst med Norsk Presseforbund (NP) i 1910 samla norske pressefolk seg i ein landsorganisasjon. Kva faktorar seinka lenge denne delen av identitetsbygginga?

Frå slutten av 1800-talet var pressearbeid i ferd med å vekse fram som eigen karriereveg^{ciii}. Stadig fleire verka i yrket på heiltid. Med tiltakande sosiale konfliktar styrte i aukande grad akademikarar det offentlege ordskiftet^{cliv}. Dei litterære forfattarane trekte seg no vekk frå ein meir dagsaktuell og nyhendeorientert journalistikk. På same tid som journalistikk vokser fram som eige yrke i Noreg, forsterka ekspansjonen i avisbransjen i 1870-åra behovet for ein felles fagorganisasjon. Skipinga av Den norske Journalistforening i 1883 står for det tidlegast institusjonaliserte ynsket om eit slikt samhald. Grunna politiske og personlege konfliktar vart foreininga oppløyst i 1892. Partipolitiske presseforeiningar og lokale journalistklubbar avløyste den raskt.

Partipolitiske bindingar hindra lenge arbeidet med å organisere og utdanne pressefolk. ”Avisene knytter tette bånd til partiene, og partipolitiske presseforeninger vanskeliggjør tverrpolitisk yrkesorganisering”^{clv}. Slik vurderer Rune Ottosen resultatet av at politiseringa og profesjonaliseringa av norsk presse føregjekk samstundes. Parallelt med den faglege organiseringa av redaktørar og journalistar, tok nemleg etableringa av politiske parti og striden kring parlamentarismen til på 1880-talet. Dei to prosessane verka inn på kvarandre, noko som medførte ei sterkare politisert fagorganisering av pressa her enn i ei rekke andre

land^{clvi}. Særleg fordi dette var ei tid då mange nye aviser vart etablerte, skulle partipolitisk kamp sette preg på den norske pressestrukturen^{clvii}. Kor skulle ein søkje identitet? Valet stod mellom behovet for fagleg samarbeid og trangen til å høyre til eit politisk fellesskap^{clviii}. Dei politiske presseforeiningane kunne ivareta begge deler. Konservativ Presses Forening starta opp i 1892, og Venstre fekk si i 1894. Etter kvart som nye parti kom til knytte også dei til seg aviser på denne måten. Sjølv stilte Joleik seg negativ til slike bindingar. Framover kom særleg spenninga mellom borgarlege aviser og arbeiderpressa til å skape ei polarisert presse.

Framveksten av partipressa svekte frigjeringsprosessen med mål om ei autonom og uavhengig presse. Ein annan konfliktdimensjon som seinka sterkare fagleg fellesskap låg innanfor sjølve pressemiljøet. I takt med aukande sjølvmedvit framkom avstand mellom dei ulike gruppene som arbeidde i avisbedrifta. Redaktørane, journalistane og forretningsførarane tok til å skilje mellom kva rolle dei spela i høve til einannan. I tillegg verka skiljelinjer mellom ulike landsdelar splittande. Medan fleire utan tilknyting til journalistikk var medlem av Den norske Journalistforening, samla NP redaktørar og journalistar som var meir medvitne om kva profesjon dei tilhøyrt. Etableringa av NP markerte ”det viktigste profesjonelle gjennombrudd på organisasjonsfronten”, meiner Eide^{clix}. Same år vart Norsk Bladeierforening danna. Bakgrunnen for at pressefolket no søkte saman kan vi hente frå ei symbolrik konflikt i avis Verdens Gang.

Brytinga mellom ideal og økonomi har vore eit gjennomgåande trekk i norsk pressehistorie. Denne interessekonflikta er gjerne nemnt som valet mellom hovudet og portemonéen, ein situasjon der redaktørane i varierande grad har motsett seg aviseigarane sine krav om lønsemd^{clx}. I Verdens Gang gav dette seg uttrykk i strid mellom redaktøren Olaf Thommessen og overrettssakførar Madsen, styreformann og hovudaksjonær i avis. Politiske overtonar låg også bak då Thommessen til slutt gjekk frå stillinga si. Redaktøren hevda ei profesjonell haldning ved å ta avstand frå både økonomiske og partipolitiske bindingar. Fram til 1910 hadde freistnader på å danne landsdekkjande fellesforeiningar vore mislukka. Fyrst med NP vart pressefolk sveisa saman igjen på tvers av partiskilja.

Kva organisatorisk råmeverk bygde redaktørane og journalistane opp? Etter kvart som dei utvikla særskilde yrkesroller, ytra dei ulike aktørane stadig oftare ynske om å organisere seg kvar for seg. Norsk Journalistforbund, skipa i 1918, fekk trass i dette liten tilslutning. I 1931 står konstitueringa av Norsk Journalistforening, som eiga undergruppe av NP, for eit nytt og

meir vellukka initiativ i same lei. Fleire lokale klubbar og grupper la no til sides partipolitiske sympatiar og slutta seg til. På den andre kanten oppstod Oslo Redaktørforening i 1930, som den fyrste faglege samanslutninga av norske avisredaktørar. I 1933 organiserte gruppa av bladstyrarar utanfor Oslo seg. Norsk Redaktørforening, ein landsomfattande og partipolitisk ubunden fagorganisasjon, framkom fyrst i 1950.

På lokalt nivå oppretta NP frå 1913 av eigne avdelingar i byar og distrikt med minst fem medlemer. I 1921 vedtok ein derimot at forbundet skulle vere ei samanslutning av lokalorganisasjonar. Dette trekket gav NP breiare støtte og la fundamentet for vidare arbeid. "Lokalforeningene i NP var først og fremst sentrum for sosiale aktiviteter, men i de større byene som Bergen var også prinsipielle spørsmål oppe til debatt"^{clxi}, fortel Ottosen om kva rolle desse spela. Bergen Presseforeining samla journalistar med ulik politisk bakgrunn, "ikke bare om faglig samhold, men også om kollegialt vennskap og samarbeid"^{clxii}. Denne gruppa, oppretta i 1908 og avdeling av NP etter 1917, var likevel lenge ei eksklusiv foreining der ein stilte strenge krav til medlemskap^{clxiii}. Som medlem fann Joleik truleg ei sterkare lokal forankring der enn i Norsk Bladmannahalag. Styreverv vann han nok i liten grad, til det hadde han for mykje arbeid med eige blad og var ein for kontroversiell person. Snarare spela han ei sosial rolle. Taler og songar prega av ei særmerkt, underfundig form for humor skapa mykje moro.

Utdanningsstrev

Ei praktisk journalistopplæring har også vore viktig i arbeidet for å skape ein eigen sosial identitet. "I enhver profesjonaliseringss prosess står etablering av egne utdanningsinstitusjoner sentralt"^{clxiv}, vektlegg Eide. Allereie i 1890 fremja redaktøren og akademikaren Nicolai Julius Sørensen initiativ om å opprette ein redaktørskule^{clxv}. Trass i brei støtte til seinare framlegg om utdanning for journalistar, stod ulike kurstilbod nærmest for det einaste alternativet i tida før 1940^{clxvi}. Intern kursverksemnd førekomm innanfor dei partipolitiske presseforeiningane frå 1916 av. Frå 1917 stod NP for eit anna tilbod med eigne pressekurs. To år seinare kom Bladmannahulen.

Gjennom skulen ville ein drive både praktisk og teoretisk opplæring av dei som verka i målpressa. Ved sidan av bladstyrarrolla kom den akademiske bakgrunnen og lærarerfaringa til

nytte, då Joleik underviste i framandspråk ved Bladmannaskulen skuleåret 1919/20. Utan statstilskot og økonomisk driftsgrunnlag måtte skulen nedleggjast i 1921. I staden gjekk ein over til brevkurs og starta dessutan eigne bokmålsliner. Samla verka opplæringa til å styrke rekrutteringa til nynorsk presse. Bladmannaskulen vel eg å karakterisere som den fyrste norske journalistutdanninga, sjølv om mellom andre Rune Ottosen tillegg Journalistakademiet denne nemninga^{clxvii}. Langdryge diskusjonar leia fram til opninga av dette akademiet i 1951, ei opplæring presseorganisasjonane sjølv dreiv. Ei statsfinansiert utdanning kom først i stand med Norsk Journalistskole i 1965.

Kvífor kom ikkje ei langvarig, vitenskapleg basert utdanning for norske journalistar tidlegare? Historisk sett har pressemiljøet hatt eit ganske tvetydig syn på utdanning. Som ledd i å profesjonalisere yrket har dette kjenneteiknet vore eit mål å strekkje seg etter. På den andre sida råder haldninga om at ei rekkje ulike vegar kan føre til journalistikken, ikkje berre ei formell utdanning. Eit anna moment ligg i at ein alternativt hadde ulike kurstilbod, desse dekte noko av behovet for opplæring. Politiske parti var mellom dei som stod for eit slikt tilbod. I ein artikkel om framveksten av ei norsk journalistutdanning problematiserer Ottosen (1997) denne partipolitiske innblandinga: ”Gitt vårt pressemönster har partitilhørighet i et historisk perspektiv vært viktigere for avisene enn et faglig ståsted basert på akademisk kompetanse”^{clxviii}. Spenninga mellom politisk influert presse, som ville styre utdanninga sjølv, og eit meir uavhengig akademisk miljø seinka utviklinga. Rett nok førte ei open rekruttering mange akademikrar inni yrket i siste halvdel av 1800-talet, ein av dei var Joleik.

Mot ei sjølvstendig redaktørrolle

No har vi ein pressehistorisk bakgrunn for å gripe Albert Joleik si redaktørrolle. I tråd med sosiologisk fantasi vert rolla forma i samspel med samfunnshistoriske vilkår. Interessa for redaktøren sitt yrkesmedvit går her saman med fokus på den kulturelle og politiske utviklinga i Noreg. Vekta ligg på aktiviteten den nynorske motkulturen synte. Det nynorske pressemiljøet var oppteke av å byggje ein eigen yrkesidentitet, og gjennom praktisk virke i nynorsk presse og organisasjonsliv tok Joleik del. Identiteten dette typeksemplet sjølv utforma var eigenarta og samansett. Martin Eide (2000) presenterer eit stort mangfald av sosiologiske portrett basert på den yrkesrolla norske avisredaktørar har gjeve form til. Frå

desse rolleypene eller idealtypane finn vi også trekk som kan karakterisere Joleik. Truleg var mange av dei viktige førebilete. Kva stod desse redaktørane for? På leit etter svar skal vi samstundes sjå korleis ei særskilt redaktørrolle voks fram i Noreg.

I særleg grad måten Eide forstår desse aktørane sin aktivitet i samanheng med omgjevnadane, har inspirert meg til å byggje vidare på den historiske framstilling han gjev av redaktørrolla. På same tid som etableringa av redaktørgjerninga knyter seg til samfunnshistoriske trekk, meiner han ei rekkje personlegdomar har teke del i utviklinga av den. ”Redaktørrollen er jo også et produkt skapt av alle de som har latt seg forme av den og som har bidratt til å forme den”^{clxix}. Joleik står mellom dei ideologiske pådrivarane innanfor målpressa før 2. verdskrig. Spegjelen og Fjordaposten romma snarare sjølvstendige, anti-autoritære meininger, ytra av ein særmerkt og politisk opposisjonell redaktør. Det historiske typegalleriet Eide skildrar grip ikkje i særleg grad om nynorske bladstyrarar. Difor er det med utgangspunkt i praksisen til Joleik interessant å sjå korleis dei markerte seg. Nærast ligg bygdeborgredaktøren i den motkulturelle pressa. Denne idealtypen skildrar Eide som ein sterk idealist, og som i Joleik sitt tilfelle, med nære band til ei rad markante samfunnsaktørar som også stridde for norskdom. Ein rollefigur vi til dømes finn i Den 17de Mai og Gula Tidend^{clxx}.

Som resultat av profesjonaliseringsprosessen, der redaktørrolla frå slutten av 1800-talet og framover utvikla seg til ein eigen sosial posisjon, framkom ei stadig meir sjølvstendig yrkesrolle. Den yrkesmessige legitimeten har opphav i ei demokratisk nøkkelrolle som garantistar og mellommenn for offentleg meiningsutveksling^{clxxi}. Desse historiske ideala kom i liten grad til uttrykk i form av ei norsk presse før det 19. hundreåret. Likevel finn vi forstadier til denne utviklinga førut med boktrykkeri og adressekontor. ”Boktrykkerne ble de første redaktører”^{clxxii}, ifølgje Eide. Framveksten av den norske opposisjonspressa sist på 1800-talet opna for friare meiningsytring. Gjennom praksis var Mattias Conrad Peterson, redaktør i Trondhjems Adresseavis frå 1795, med og grunnla denne pressa^{clxxiii}. Ottosen vel å karakterisere Peterson som ”Norges første journalist/redaktør”^{clxxiv}. Til liks med denne redaktøren å provosere borgarane vart gjeve meir rom for med Grunnlova av 1814. Trykkjefridomen og anonymitetsretten la no ein viktig basis for ansvaret og formidlarrolla til redaktøren. Parallelt hevda dei politisk opposisjonelle avisene seg sterkare i det offentlege rommet, og med dette ser vi ei presse som tek opp i seg ideal knytt til å vere uavhengig.

I ein vidare offentleg diskusjon markerte mange framståande og meir medvitne redaktørar

seg. Dei formulerte viktige premiss for norsk presse og ikkje minst for si eiga rolleutøving. Samfunnsoppdraget ein hevda la det ideologiske grunnlaget for ei yrkesmessig spesialisering. Stadig fleire medarbeidarar i pressa la vekt på å vere uavhengige. Eit anna teikn på tiltakande profesjonalitet stod Sylvester Sivertson i Lillehammer Tilskuer for, då han som fyrste norske redaktør i 1841 vart tilsett på heiltid. Mot slutten av det 19. hundreåret vert dette stadig vanlegare. Yrket får også gradvis høgare sosial status og trekkjer til seg akademikarar. Med aukande grad av profesjonelt medvit står fleire markante redaktørfigurar fram. Desse aktørane hevda eit sjølvstende som seinare la grunnen for måten bladstyraren Joleik forma sin praksis på. Ei meir profesjonell redaktørrolle kjem til syne i siste halvdel av hundreåret, noko som mellom anna gav seg uttrykk i at diktarredaktøraren trekte seg ut av journalistikken i 1890-åra^{clxxv}. Sist på 1800-talet vert fundamentet for identiteten som bladstyrar tydelegare. Ein går inni ei brytingstid der partipolitikk og freistnadar på felles organisering pregar utviklinga.

Møtet med partipolitiske samfunnsaktørar ber i seg relasjonelle aspekt. Kva tilknyting bladstyraren har til andre samfunnsaktørar pregar nemleg rolleutøvinga. ”Når en redaktørrolle utmyntes, skjer dette i relasjon til andre roller, enten det er rollen som litterat, som politiker, som intellektuell eller som bedriftsleder eller aviseier”^{clxxvi}. Eide ser striden bak etableringa av NP i 1910 som ei ”symbolsk og prinsipielt høgdepunkt”^{clxxvii}. Relasjonen og oppgåvefordelinga mellom redaktør og eigar vart no meir fastlagt. I det same fann redaktørrolla sterke grunnfeste. Modellen med to leiarar ser vi seinare tendensar til i Fjordaposten med at Joleik tek seg av redaktøransvaret, medan kona var forretningsførar.

Ved sidan av redaktørtypane som verka i den motkulturelle og opposisjonelle pressa, finn vi fleire fellestrekks mellom Joleik og provinsredaktøren. For denne rolletypen var dei lokale relasjonane særleg viktige. Bygdepressa har vi jo sett var ein sentral arena for målrørsla. I norsk presse fekk lokalavisene tidleg ei sterkt stilling, og bladstyrarane her var såleis like mykje med og fortolka yrkesrolla som dei meir ruvande personlegdomane i hovudstaden^{clxxviii}. Dei ivaretok ei viktig oppgåve med å hevde yrkesideologien på eit meir lokalt plan, til dømes ved å ”bygge sin posisjon på et stundesløst virke i lokalmiljøets organisasjoner og foreninger”^{clxxix}. Joleik tok del i ei rekke lagsaktivitetar og bygde på denne måten opp eit stort kontaktnett. På den andre sida bar Spiegel og Fjordaposten preg av eit sterkt internasjonalt fokus. Steinsvik og Garborg vert av Eide omtala som anarkist-redaktørar, to kulturelt opne norskmenn som truleg inspirerte Joleik.

Felt-omgrepet som tankereiskap

Korleis kan vi forstå Albert Joleik sin pressepraksis ved å trekke inn felt-teori i analysen? Redaktørane utøvde yrkesrolla i aukande grad på sjølvstendig grunnlag, og gjennom dette var dei med og la grunnen for eit eige journalistisk felt. I lys av ei slik tilnærming kan vi gripe Joleik som kapitalforvaltar innanfor feltet, men også i relasjon til aktørar utanfor det. Dette punktet innleiar til komande analysenivå der vi ser korleis han faktisk handla.

”Redaktørrollens historie må ses som et sentralt innslag i framveksten av et journalistisk felt, i institusjonaliseringen av norsk presse og norsk journalistikk”^{clxxx}. Slik formulerer Martin Eide perspektivet han nyttar for å forstå framveksten av denne rolla. Med meir uavhengige redaktørar skil altså eit særskilt sosialt felt knytt til journalistikk seg ut. Teoretikaren Pierre Bourdieu (1998) var den som fyrst formulerte ideen, etter å ha kartlagt ei rekke andre samfunnsfelt i Frankrike. Seinare har fleire prøvd å overføre felt-teorien til ein norsk kontekst, mellom andre Jan Fredrik Hovden^{clxxxi}. I sterkare grad enn Eide har Hovden basert seg på empiriske studier. Han har slik sannsynleggjort at journalistisk praksis gradvis har vorte underlagt eit autonomt journalistisk felt.

I staden for å gjere utdypande empiriske analyser skal eg trekke ut nokre hovedelement i felt-teorien. Når eg problematiserer Joleik sin praksis vil felt-omgrepet i seg sjølv fungere som eit grep, i mangel på ein sterkare pressehistorisk fagtradisjon. Føremålet med omgrepet kan vi hevde ligg i å gje ei råme for relasjonell analyse^{clxxxii}. Den profesjons-sosiologiske dimensjonen framkjem her. Forutan å sjå korleis aktørane innanfor det journalistiske feltet samverkar, fangar vi også opp måten redaktørrolla framkjem i relasjon til aktørar eller agentar innanfor andre samfunnsfelt. Eit felt finn nemleg form som resultat av strid både innanfor og mellom ulike felt. Redaktøren stridde for å definere feltet ikkje berre i tidvis konflikt med journalistane, men også med økonomiske og politiske samfunnsaktørar. Sjølv om sterke sjølvstendemarkeringar hadde ført fram til eit journalistisk felt, opplevde Joleik frå 1911 og framover at forvaltinga av redaktørrolla vart utfordra frå fleire hald.

Å utforme eigne former for kapital var særleg viktig for framveksten av det journalistiske feltet. ”Akkumuleringen av en symbolsk kapital er et kjernepunkt i etableringen av et journalistisk felt, og helt avgjørende i bestrebelser på å markere en relativ uavhengighet for

dette feltet i forhold til andre sosiale felt – som for eksempel økonomi og politikk^{clxxxiii}, uttalar Eide. Ved å stille økonomiske krav kunne forretningsføraren gripe inn i det redaksjonelle sjølvstendet. På ei anna side utfordra partipolitiske bindingar profesjonaliteten til yrkesutøvarane. Joleik markerte i varierande grad sjølvstende i høve til desse aktørane, vil analysene av Spegjelen og Fjordaposten syne. Like fullt tok han del i arbeidet med å byggje opp symbolsk eller kulturell kapital. Saman med journalistar bygde redaktørane kapital på eit samansett grunnlag. Forutan å hevde det særskilde samfunnsopp-draget, skapa dei organisatoriske strukturar og etter kvart eigne yrkestilbod. Maktbasen for yrkesrolla fann Joleik og andre redaksjonelle medarbeidarar nettopp her. Særleg aktiviteten i Norsk Bladmennalag sikra nynorske bladstyrarar den aktuelle forma for kapital. Nettopp lagsarbeidet denne presseorganisasjonen stod for er tema for neste kapittel.

5 NORSK BLADMANNALAG OG BLADMANNASKULEN

På eit meir praktisk analysenivå er Joleik sin aktivitet i Norsk Bladmannahlag utgangspunkt. Denne nynorske presseorganisasjonen er del i målrørsla sitt apperat av institusjonar, og på ein gong del av norsk pressestruktur. Bak skipinga av laget i 1913 stod identitetsbyggjarar som verka på to parallelle plan. Ved sidan av å vere opptekne av språkbruk og før-moderne bondekultur tileigna dei seg symbolsk kapital, som ledd i å styrke yrkesrolla si. Identiteten ein forma tok opp i seg idegrunnlaget bak den nasjonale og den profesjonelle dimensjonen samstundes. Etableringa av eigen fagorganisasjon og utdanningsveg er dei fremste uttrykka for dette, men initiativa framkom innanfor eit pressemiljø der profesjonskampen var tona ned. Redaktør og journalist stod snarare saman med eigar og forretningsførar om eit felles tak for målsaka, eit førestelt fellesskap sjølv ikkje politiske parti kunne svekkje.

Korleis verka lagsaktiviteten til å styrke norsk målreising og profesionaliseringa av presseyrket? I kva grad arbeidde ein eigentleg mot desse to prosessane som mål? ”Bladmannahaget hev fraa det vart skipa, halde seg i fremste lina i norskdomsreising”^{clxxxiv}. Med denne ytringa karakteriserer Hans Aarnes laget si viktige rolle i målarbeidet. I engasjementet for å etablere laget og Bladmannaskulen var han den sentrale drivkrafta, og sjølv aktiv i nynorsk presse frå 1908 av. Albert Joleik var på si side med og bygde opp dei to initiativa. Gjennom å ta del fann denne bladstyraren eit fagleg og på same tid kulturelt fellesskap, medan han som medlem av Bergen Presseforening samstundes vektla ein meir lokal identitet.

”...dynamitt i borehola på riksmaalsobstruksjonen”

I den fyrste paragrafen i lagslova kjem bakgrunnen for skipinga av Norsk Bladmannahlag til uttrykk: ”Norsk bladmannahlag er ein samskipnad til fremd av maalreisingi, ser reisingi av norske blad, og til fremd av deira standsbatar som arbeider i bladi”^{clxxxv}. Å gagne den aktuelle yrkesgruppa utgjorde altså saman med målarbeid viktige grunntankar. Då Noregs ungdomslag heldt årsstemne i Skien sommaren 1913, var det venta at mange målfolk og aktive i nynorskpressa ville vere til stades. Sterke band oppstod jo tidleg mellom målrørsla og den frilynde ungdomsrørsla. Albert Joleik var saman med Hans Aarnes, Johs. Lavik og Olav

Gullvaag mellom dei som møtte fram, alle aktive målentusiastar som skulle grunnleggje ein ny samskipnad. Ein nynorsk presseorganisasjon hadde vore i emning sidan tidleg på året, og i samband med stemnet vart Norsk Bladmennalag endeleg skipa 6. juli. Aarnes vart valt til formann, ei oppgåve han hadde i ei årrekkje, og Joleik til varaformann det fyrste året.

Førut hadde Aarnes teke initiativ med eit rundskriv til moglege medlemer, og som dei fleste andre stilte Joleik seg positiv. "Berre de kunde leggja "dynamitt i boreholo" paa riksmaalsobstruksjonen, so hadde de æra av stræve med lagsskipnaden"^{clxxxvi}, melde Joleik engasjert tilbake. Ei melding med bod om at samskiping kunne vere ein styrke i arbeidet for større parlamentarisk gjennomslag for målsaka. På dette tidspunktet var nynorske aviser etablerte som ein del av norsk pressestruktur, og aktørane her kjende nok eit aukande behov for å sokje saman.

"Etter kvart som dei norske bladi vaks og røta seg ikring landet, og det tok til å verta ikkje so faa som arbeidde med aa reisa det norske maalet gjennom pressa, melde den tanken seg nokso naturleg at ein samskipnad for norske blad og bladmenn var baade ynskjeleg og turvande (...)."^{clxxxvii}

Både innanfor norsk presse og den motkulturelle målrørsla hadde aktørane nyleg samordna seg organisatorisk sett. Med røter i begge leirar framstår Bladmennalaget som eit samansett uttrykk for ei slik utvikling. På denne andre sida samla laget berre ei særgruppe, nemleg dei som arbeidde i "heilnorske blad", såleis innebar lagsskipinga ei delorganisering.

Norsk Bladmennalag organiserte medlemer på tvers av dei ulike yrkesrollene knytt til avisdrifta. Lista over medlemer av 1923 syner likevel at det var helst bladstyrarar som tok del^{clxxxviii}. Berre eit par forretningsførarar står oppført på lista. Fram til dette året hadde eigarar og driftsstyrarar kunne velje si eiga driftsnemnd, som skulle arbeide fram felles liner for bladdirfta, men den fungerte ikkje som venta og vart difor lagt ned. Med nemnda ser vi freistnadar på å skilje mellom den økonomiske og redaksjonelle delen av verksemda. Ser vi på kategorien "bladmenn" er Olava Joleik i Spiegelen nemnt mellom dei "aarleg betalande", sjølv om ho er "utgått". Ho hadde tidvis ansvaret for avis og kvalifiserte til medlemskap. Som i andre presseforeiningar tidleg på 1900-talet var det også i Bladmennalaget få kvinner. Ottosen fortel at då den fyrste kvinnen i 1908 tok del i Kristiania Journalistklub, den dominerande presseforeininga då, vart møtt med fordommar og prøvt usynleggjort^{clxxxix}. Journalistyrket var prega av sterkt mannsdominans fram til mellomkrigstida^{cxc}.

Norsk Bladmannalag er karakterisert som ”eit aktivt og pågåande mållag” i verket om Noregs Mållag^{cxcii}. Innanfor nynorsk så vel som norsk presse i det heile har laget si rolle vore omtala som viktig. Ifølgje Håland syntet i høg aktivitet fram til 2. verdskrig^{cxciii}, men kva mål og satsingsområde arbeidde laget for i starten?

Betre vilkår for målpressa

Joleik var truleg mest aktiv i grunnleggingsfasen fram til kring 1920, då vilkåra for lagsarbeidet vart fastlagde. Ei kort utgreiing av Aarnes frå 1917 er det tidlegaste skriftlege materialet vi finn knytt til laget sin aktivitet. Av utgreiinga ser vi at medlemene i Bladmannalaget tidleg framstod som politisk offensive. Denne haldninga kjenner vi att frå den opposisjonelle tradisjonen laget plasserer seg innanfor. Dei samla seg i fyrste rekke for å fremje målsaka, og i større grad enn å byggje opp ein profesjonell yrkesidentitet var nok dette eit hovudfokus i starten. Laget tok til å kome med framlegg til målprogram framfor stortingsvalet i 1915. Ein del av føremålet var nemleg å hevde målkrav overfor styresmaktene og andre institusjonar. Når det gjeld innhaldet i framlegga gjekk laget i spissen for å setje fram ”djerve” målprogram. I 1918 tok Bladmannalaget til orde for å lovfeste nynorsk som einaste riksmaål i landet. Om ein ikkje vann fram på eit nasjonalt plan fekk dette standpunktet gradvis støtte i målmiljøet, og i 1921 fekk det rom i programmet Noregs mållag vedtok.

Som fagorganisasjon var Bladmannalaget samstundes motivert av idear om å skape gode råmevilkår for dei som verka i nynorskpressa. Særleg i tida før 1920 gjorde laget ei rekke opptak her. Eitt område der ein arbeidde for endringar var tilgongen på lysingar eller annonser. På årsmøtet i 1914 vart det gjort vedtak om å krevje at målavisen fekk offentlege lysingar. I vidare arbeid bad ein lysingsbyrå om å nytte nynorsk slik at avisene slapp omsettingsarbeid, samt mållaga om å skaffe større tilgong på lysingar. I 1917 framkom tanken om å skipe ei eiga stipendkasse for lagsmedlemene. Ideen bak var å gjere det lettare for å dei å søkje lærdom i utlandet. To år etter vart det fyrste stipendet delt ut, etter ei innsamling mange mållag og ungdomslag gav økonomisk støtte til. Å lette arbeidet for medarbeidarane ved å skipe eit felles telegramkontor som sende nyhendumeldingar på nynorsk, var ei anna sak laget vektla frå fyrst av. ”Den største saka bladmannalaget hev aa løysa er skiping av eit norskt

pressekontor”^{cxciii}, slo Aarnes fast i 1917. I samarbeid med Noregs mållag og Noregs ungdomslag vart eit slikt kontor realisert i 1919. Same året kom Bladmannaskulen i gong.

Eige pressekort for lagsmedlemene framkom i 1919. Lagskortet skulle gje dei visse fordelar, til dømes fritt tilgjenge til arrangement Det norske teatret, mållag og ungdomslag skipa til. Med dette byggjer laget i noko grad opp ei form for eksklusivitet kring identiteten sin. Denne markeringa har samanheng med behov for å markere yrkesmessig sjølvstende og å tilegne seg symbolsk kapital. Mellom sakene ein ikkje nådde fram med var eige lysingskontor og gratis jarnbanebillettar for bladfolk.

”...det Styrkjebeltet som heiter Samhald”

Initiativ som Stipendkassa, Bladmannaskulen og Norsk Pressekontor lét seg realisere fordi mållag og ungdomslag ytte økonomiske støtte. ”Bladmannalaget hev havt idearane; maallagi og ungdomslagi hev kome med pengarne som turvtest til å setje idearne i verk”^{cxciv}, er det hevda om lagsarbeidet det fyrste tiåret. Nettopp dei tette banda til desse to støttespelarane syner eit sterkt samhald mellom dei som støtta målsaka. Slik kan vi sjå Bladmannalaget som del i eit større førestelt fellesskap. I samarbeid med andre aktørar har laget såleis kunne fremje målreisinga. Ved å leggje betre til rette for avisar skrivne på landsmål, hjelpte ein jo fram auka praktisk bruk av denne målforma samt formidling av norskdomsideologi. Etter kvart fekk banda eit organisatorisk uttrykk. ”I 1932 vart eit framlegg frå Bladmannalaget um betre samarbeid millom målfolket, målorganisasjonane og målpessa vedteke av årsmøtet i Noregs mållag”^{cxcv}. Som resultat av dette vart Samyrkenemnda skipa.

Innanfor Norsk Bladmannalag finn vi på same tid ei sterkt samkjensle ulike rolleutøvarar imellom. Arne Garborg vekta verdien av å halde saman då spørsmålet om ei samskiping vart reist.

”Um eg ikkje er Bladmann lenger, so hev eg røynt og set so mykje at eg veit, kor vel me treng det Styrkjebeltet som heiter Samhald. Og det vil turvast ikkje minst i dei Tidine som no kjem. Alt som kann styrkja Samarbeide utan Meinking for det frie Ordskeife vil vera godt. Og ei Lands-samskiping maa kunna vera hjelp her; Aarsmøte (og Sermøte) til Dryfting av Framgangsvilkaar og Framgangsleidir kann bli til stor Nutte.”^{cxcvi}

Å arbeide på lag og finne fellesliner for avisarbeidet var viktig for denne vesle, men

ideologisk samstemte gruppa av nynorske bladfolk. Medlemskrava innebar at fastlønte bladskrivarar, andre medarbeidrarar samt eigarar og forretningsstyrarar for heilnorske blad kunne ta del^{cxcvii}. Ved sidan av var nok dei redaksjonelle medarbeidarane og eigarsida organiserte kvar for seg i Norsk Presseforbund og Norsk Bladeierforening. Gjennom Bladmanna-laget fann dei derimot nytte av å stå saman framfor å stridest. Identiteten deira var forma av at dei tydeleg henta felles motivasjon i målsaka, meir tvetydig synest laget å stille seg til utforminga av særskilde yrkesroller innanfor journalistikken. Det sterke fellesskapet hindra på den andre sida truleg partipolitiske bindingar i å seinke ei profesjonell identitetsbygging.

På eit tredje plan samarbeidde lagsmedlemer nært med aktørar frå andre sosiale felt. Felles innsats for målreisinga går her på eit vis framom profesjonskamp. Gula Tidend sine redaksjonslokale var eksempelvis som samlingsstad eller hovudkvarter å rekne for målmiljøet i Bergen. I desse lokala møttest ei rekke samfunnsaktørar som arbeidde for målreisinga innanfor kvar sine felt til diskusjon. ”Om dagen var det professor Hannaas, skuledirektør Vevle, lærar Hans Mo, kontorsjef Edv. G. Johannessen, biskop Hognestad, presten Haugsøen og Olav Rusti som stakk innom”^{cxcviii}. På kveldstid dukka ofte overrettssakførar Johan Follestad, bokhandlar Kr. Madsen, kjøpmann O. Lien og lærar Hirth opp. Sjølv var Albert Joleik tilsett i Gula i åra frå 1914 til 1923, eit tidsrom då Norsk Bladmannahlag la grunnen for virket sitt. Aarnes verka i denne avisana mellom 1916 og 1920. Truleg vart einskilde idear for lagsaktiviteten forma i diskusjonane, mellom anna var det i denne bladstova Aarnes fyrt ytra framlegg om å lovfeste nynorsk som einaste riksmål^{cxcix}. Dessutan var kontaktene ein knytte til nytte då lærarkrefter skulle hentast til Bladmannahkulen.

Yrkesmållag

Innanfor ulike samfunnsfelt tok yrkesaktive til å organisere seg på grunnlag av felles interesse for målsaka. Bladmannahlaget var det andre i rekka av såkalla yrkesmållag, ei form for samskiping som starta med skipinga av Norsk Bokmannslag i 1910. Førut hadde sterkare yrkesmedvit ført forfattarar og aktive innanfor journalistikk frå kvarandre, og vidare valde dei å forme kvar sine sosiale felt. Dei to laga var seinare med og starta ein trend mellom yrkesgrupper til å skipe eigne mållag. Joleik og dei fleste andre nynorske bladstyrarane og journalistane var nok medlemer både av lokale underavdelingar av Norsk Presseforbund og

Bladmannahaget. I staden for å arbeide isolert i yrkesmållag kunne ein då samstundes vere aktiv i fellesorganiseringar. Norsk Bladmannahag ivaretok kanskje særleg interessa for målspørsmålet, medan lokale presseforeiningar gav større rom for fagleg diskusjon og sosiale aspekt. Framover vurderte stadig fleire å berre engasjere seg i ein felles yrkesorganisasjon, eller i tillegg danne eit eige alternativ for nynorsktihengjarar.

Dilemmaet kom til uttrykk allereie i 1899 med eit framlegg om å skipe særsmållag for lærarar. Dette vart avvist i Den 17de Mai som heller rådde til arbeid gjennom yrkesorganisasjonane. ”Bak denne argumentasjonen anar vi otten for at lærarlaga skulle miste sin verdi som reiskapar for målarbeidet dersom landsmålselementet i lærarstanden søkte saman i særskilde organisasjonar”, hevdar Haugland^{cc}. I 1916 fekk lærarane likevel eige mållag, sjølv om ei endeleg skiping førekomm først i 1934^{ccii}. Same år starta forretningsagentar og andre trygdelag yrkesmållag. Telegrafmållaget, Lensmannsmållaget, Norsk Prestemållag og eige kvinnemållag kom til i 20-åra, noko som syner at arbeidet med å etablere slike særlag for ymse yrkesorganisasjonar breier om seg. På 30-talet oppstod liknande initiativ mellom tilsette i offentlege departement, postvesen og jarnbane, samt mellom ordførarar, ingeniørar, apotekarar, legar og juristar^{cciii}.

Bladmannaskulen

Grunna nynorskavisene si oppgåve med å formidle skriftmål og målreisingsideologi, stod Bladmannahaget fram som eit særskilt yrkesmållag. Dei aktive såg tidleg verdien av å organisere seg saman. Laget var dessutan mellom få, om det einaste, av dei omtala laga som også oppretta ei eiga utdanning for yrkesgruppa det vende seg til. Kvifor og korleis skipa laget Bladmannaskulen, og kva funksjonar kom denne opplæringa til å tene?

Bladmannaskulen er mellom tiltaka Norsk Bladmannahag sette i gong i etableringsfasen før 1920. Vurderer vi laget sin innsats for å byggje ein profesjonell identitet innanfor journalistikk, står skulen fram som det klåraste uttrykket for dette. I skjæringspunktet mellom idegrunnlaget for pressa og nynorsk motkultur fann denne utdanninga form. Joleik var med og la vilkåra for skuledrifta som lagsmedlem og særleg som lærar. Odd Strand (1999) omtalar i framstillinga *Bergensk presse* Bladmannaskulen som den fyrste organiserte utdanninga for

norske journalistar^{cciii}. Han legg til at dette er oversett i fleire pressehistoriske verk, som i Norsk Journalistlag si jubileumsbok *Fra fjærpenn til internett* skriven av Rune Ottosen i 1996. Med støtte i Strand vel eg å karakterisere initiativet som eit pionertiltak i norsk presse. Kvifor var nettopp Bladmannalaget tidleg ute? Ei av dei fremste årsakene ligg i at Hans Aarnes var ein særskilt aktiv pådrivar. Han fekk raskt med seg styret for laget og andre initiativrike aktørar i målrørsla, særleg gjorde støtte frå mållag og ungdomslag vidare arbeid mogleg. Laget hadde fordel av å vere del i ei rørsle der ulike institusjonar trakk saman, og gjerne på tvers av samfunnsfelt, for norsk målreising.

Med stipend frå staten og Bergen journalistforening studerte Aarnes journalistikk og journalistopplæring i Amerika hausten og vinteren 1918-19. Inspirert av studiene la han fram ideen om at Bladmannalaget skulle starte liknande opplæring. Ideen fekk tilslutning straks då den vart lansert på årsmøtet i april 1919. ”Tanken vart vel motteken og styret vart bede um aa arbeida vidare med saki”^{cciv}. I juli kalla styret inn til allmannamøte og kom med framlegg til plan og budsjett for skulen^{ccv}. På dette møtet vart eit råd og styre for skulen valt. Rådet var helst samansett av forretningsfolk, andre innvalde i desse styringsorgana var mellom andre medarbeidarar i målpressa, bokhandlarar, skulestyrarar, ein bonde og ein overrettssakførar. Dei frammøtte utpeika Aarnes til styreformann. Vel ein månad etter at skulen vart utlyst møtte ni elevar opp i Bergen 1. oktober. Skuleåret skulle gå i to delar over åtte månadar. For å verte oppteken burde ein ha eksamen artium frå gymnas der norsk landsmål var opplæringsmål, vere flink i norsk og syne god åtferd.

Den raske etableringa syner sterkt innsatsvilje og eit stort behov for ei slik opplæring. Målet for skulestyret var å gje elevane opplæring i både praktisk og teoretisk avisarbeid.

”Fyremaalet med Bladmannaskulen er aa gjeva unge menn og kvende upplæring i praktisk bladarbeid samstundes som ein freistar vidka og byggja upp deira kunnskapar i dei emne som er mest naudsynte for bladfolk: Spraak, landkunna, soga, næringsliv, samfundsrett og socialøkonomi.”^{ccvi}

Utdanninga femnar altså om ei rekke ulike læreemne, ikkje berre norsk språk og historie. Valet av emne tydeleggjer vekta på å gje ei variert opplæring innanfor journalistikk, i motsetning til tradisjonelle profesjonar som har eit meir einsretta fokus her. Dette speglar seg i valet av lærarar med bakgrunn frå fleire yrke; skulestyrar Aarnes underviste i ”bladarbeid og bladteknik”, forretningsføraren Ingvaldstad lærte elevane om driftsstyring, lektoren Seim dei om nyare norsk historie, og ein handelslærar heldt opplæring i maskinskriving. Med bakgrunn

som økonom, overrettssakførar, jordbrukskandidat, skipsreiar, fiskekonsulent og ingeniør verka kvar av desse lærarar innanfor fagfelt som grensa opp til journalistikk. Neste skuleår erstatta bladmannen Anders Bergo Seim og tok også til som norsklærar. Hannaas kom til som lærar i norsk stil og bladsoge.

Det fyrste skuleåret hadde Joleik ansvaret for å undervise i læreemnet ”framande maal”. ”Lesing av engelske, amerikanske, tyske og franske blad. Aa gjera utdrag og umsetjingar or desse bladi. Skriving av bladstykke og telegram paa dansk, tysk og fransk til utlandspressa”^{ccvii}, var oppgåvene han skulle hjelpe elevane med. Året etter var desse språka valfrie, i staden la ein vekta på nordiske språk. I planen for skuleåret 1920-21 står han framleis oppført som lærar, men av uvisse årsaker syner ei utgjeving av 1923 at Aarnes har overteke for han. Like fullt tok Joleik fyrste året del i nybrotsarbeidet med å byggje opp undervisninga i eitt av læreemna. Av Strand er han nemnt mellom lærarane som hadde tyngde i både målsak og journalistikk^{ccviii}. Den breie yrkesbakgrunnen gjorde han truleg til ei eigna lærarkraft, og redaktørstillinga i Gula Tidend og ein stor familie kravde sitt.

Det andre delen av føremålet med Bladmannaskulen omhandlar i større grad kva ideologiske røter utdanninga bygde på.

”Ein meiner og at skulen skal kunna gjeva dei unge bladmennerne eit breidare nationalt livssyn og føra god aand og tone inn i bladmannayrket, so bladi med endaa meir styrke og ihug kan verta den store folketenen som fram um alt ser si fyreloga i det som batar og lyfter folk og land.”^{ccix}

På ny ser vi det doble idegrunnlaget kome til syne. Opplæringa skal fremje ”eit breidare nationalt livssyn”, eit moment som har samanheng med målarbeid og idear om nasjonal identitet. For det andre vil ein gjere elevane medvitne om rolla som folketenar, i dette ligg det journalistiske samfunnsoppdraget. Bladmannaskulen står seg her til eit sentralt presseideologisk aspekt. Gjennom formuleringar, som å ”føra god aand og tone inn i bladmannayrket” og ”verta den store folketenen”, kjem ynsket om å byggje tillit mellom seg og publikum fram. Dei målber ein freistnad på å vinne ei immateriell form for symbolsk kapital, slik kjem ynsket om å profesjonalisere yrkesrolla implisitt til uttrykk.

Del i ein alternativ danningstradisjon

Bladmennaskulen framkom som resultat av vilje til nyskaping og samarbeid i målrørsla. Målsaka fungerte som samlingsfaktor og felles drivkraft. I mangel av ei norsk journalistutdanning låg på same tid behov for sterkare yrkesfagleg bakgrunn bak skipinga. Denne utdanninga oppstod ikkje isolert innanfor miljøet i Bladmennalaget, tvert imot forma Joleik og dei andre identitetene som nynorske pressefolk i samspel med omgjevnadene. Motkulturelle dannelsesideal var mellom dei samfunnshistoriske trekka ein førte vidare med skulen. I kva grad Bladmennaskulen plasserer seg innanfor eit slikt alternativt dannelsessyn, er eit spørsmål vi skal stille oss vidare.

Ifølgje Oddbjørn Melle (2000) er utdanningsinstitusjonen påverka av konteksten sin: "Dei veks ikkje fram i eit sosiokulturelt vakuum; dei er ikkje det vi kallar samfunnsmessige epifenomen, men kan vere berarar og forsterkarar av regionale, kulturelle særdrag og såleis avgjerande for reproduksjon av regionalt medvit"^{ccx}. Nettopp utdanning spela ei viktig rolle i prosessen knytt til nasjonsbygginga. Melle syner til korleis lærarskulen i Volda fungerte som "(...) ein bastion i det mothegeemoniske, nasjonsbyggande prosjektet frå den såkalla periferien"^{ccxi}. Fordi ein i skuleverket kunne nå ut med landsmålet og ideologien bak, fungerte utdanningsinstitusjonen som eit reiskap i målarbeidet. På denne måten kunne ein nemleg få ein ny generasjon til å gjere idegrunnlaget til sitt eige. I lys av dette kan vi sjå korleis Bladmennaskulen var del i ein større struktur.

Til liks med Joleik si redaktørrolle tok Bladmennaskulen form i spenninga mellom identitet, nasjon og profesjon. Ved å drive fram og leggje til rette for bruk av landsmålet i pressesamanheng, bygde Norsk Bladmennalag vidare på verdiar om å gjere det lettare for folk å trekkje til seg lerdom. Slike verdiar stod sentralt innanfor den nynorske motkulturen, der ein skapa eigne alternativ til framande, danske dannelsesideal. Situasjonen var ein annan då Bladmennaskulen starta opp. Landsmålet hadde lenge vore nytta i skulen og elles, samfunnsvilkåra var endra og nasjonsbygginga i sluttfasen. Ettersom noko fullverdig opplæring av journalistar på bokmål ikkje fanst, utgjorde opplæringa heller ingen motsats. Ein mogleg dansk-norsk journalistskule i Oslo var rett nok noko av grunnen til at Aarnes tilrådde Bergen. Å fremje nynorsk og nasjonale verdiar var likevel eit arbeid som heldt fram, laget lét også inspirere til å drive meir fagleg retta aktivitet. Poenget er at skipinga av denne skulen slik var

prega av aktørar og tradisjonar frå fleire hald.

Framhald trass i økonomiske vanskar

Det andre skuleåret hadde Bladmannskulen igjen ni elevar, 11 nye hadde meldt seg hausten 1921. ”Men daa ein enno ikkje hadde fenge rikstilskot og ein lite kunde vona meir av private tilskot, saag styret seg nøydd til aa avlysa dette skeidet”^{ccxii}. For å kunne drive skulen var Bladmannalaget avhengig av pengestøtte. I påvente av statlege løyvingar baserte ein seg på private tilskot, men utan løyvingane måtte skulen leggjast ned etter to års drift. Ein hadde rekna med 9500 kroner i årleg statstilskot, likevel var det for eitt års drift budsjettet med 4700 kroner i underskot^{ccxiii}. Trass i dette hadde ein optimistisk Aarnes tala for å starte undervisning straks: ”Elles meiner eg me kann vaaga aa setja skulen i gang fyrr me hev fenge rikstilskot. Det vil berre styrkja søknaden”^{ccxiv}. Då Aarnes sin påstand synte seg å slå feil, fann han ei anna løysing, nemleg brevkule.

Eit kjenneteikn ved ein tradisjonell profesjon er ”en langvarig, vitenskaplig basert utdanning med offentlig autorisasjon som mål”^{ccxv}, fastslår Raaum. Sett opp mot dette er usikkert i kva mon Bladmannaskulen når krava. Det vi kan slå fast er at denne opplæringa ikkje fekk offentleg godkjenning. Med Aarnes i spissen vart utdanninga i staden driven vidare som privat brevkule i åra 1921 til 1942. I denne tida hadde skulen 162 elevar. Sjølv om føremålet var mykje det same som tidlegare kom ei eiga bokmålsline til. Behovet for ei særskilt journalistutdanning er tydeleg. ”Etter uppmoding frå bokmålsfolk har Bladmannaskulen skipa ei bokmålsline for dei som vil nytta dette målet i bladarbeidet”^{ccxvi}. Fokuset har altså skifta noko, opptakskrava er til dømes mindre strenge og opnar for elevar på alle kunnskapssteg. I arbeidet *Framvoksteren av nynorsk brevkuleopplæring* følgjer Olav Sunnanå (1979) utviklinga til brevkulen. Her ser vi at Aarnes tek med seg kjerna i opplæringa, når han i 1942 utvidar fagkrinsen med skipinga av Framskulane. Skulen fekk no også praktiske kurs og etter kvart måldyrkingskurs. I 1957 overtok Noregs mållag Framskulane før eit lutlag heldt fram frå 1963 av.

Kompetanseheving

Ifølgje Strand nådde elevane ved Bladmannaskulen ”(...) en grad av faglig opplæring som storparten av deres samtidige kollegaer aldri kom i nærheten av”^{ccxvii}. Den viktigaste fordelen eller resultatet opplæringa gav var auka yrkeskunnskap, noko som styrkja identiteten til nynorske bladstyrarar og journalistar. For å kunne vurdere kva funksjonar denne skulen tente, fangar vi vanskeleg opp utviklingstrekk om vi ikkje tek med tida frå 1921 fram til Framskulane starta opp. Ei følgje var at bladutgjevarane i aukande grad merka seg tiltaket, og dei vende seg stadig oftare til skulen når dei trond arbeidskraft. Ikkje berre nye, men også meir rutinerte medarbeidarar i målpressa fekk opplæring. I tillegg såg aktive innanfor andre yrke gradvis nytte i brevkurs ved skulen. Aarnes meinte sjølv bladarbeid innebar praktisk kunnskap som mange hadde behov for, ikkje minst for å forstå kva makt yrkesutøvarar innanfor journalistikk har^{ccxviii}.

Kven var elevar ved Bladmannaskulen? Dei kom frå heile landet kom og flesteparten var nye i faget. Tilbakemeldingar frå pressefolk med bakgrunn frå skulen tyder på at den gav allsidig og praktisk nyttig kunnskap^{ccxix}. Mange nådde i ettertid gode postar som bladstyrarar, hjelpestyrar eller journalistar. Per Håland var ein av elevane som seinare vart ein markant bladstyrar i målpressa. Fleire nynorske forfattarar har også teke kurs. Lærarar, underoffiserar og agronomar var mellom andre yrkesgrupper som tok del, gjerne for å få ei tilleggsinntekt frå avisarbeid. I det heile var det ei ganske variert gruppe av elevar. ”Sidan denne skulen var den einaste som i lang tid gav utførleg opplæring i bladmannsyrket, var det mengde frå ulike samfunnslag, politiske parti og organisasjonar som nytta høve til eit kurs ved Bladmannaskulen”^{ccxx}, fortel Sunnanå.

Elevane ved skulen fekk altså brei kunnskap om journalistikk. Denne skuleinstitusjonen gagna samstundes målpressa, både gjennom rekruttering av nye medarbeidarar og ved å auke dei praktiske og teoretiske kunnskapane hos etablerte utøvarar. Samla sett nådde elevgruppa ein høgare grad av profesjonell kompetanse. Sunnanå meiner opplæringa fekk mykje å seie for nynorsk målbruk i presse og litteratur. Sidan kurs også gav innføring i lagsarbeid og kulturarbeid i bygdene, verka dei dessutan til å styrke grunnlaget for målreisinga: ”Skulen kom til å gje opplæring for mange av dei som stod fremst i mållagsarbeid og ungdomslag, ei rekke skulefolk, særleg med tilknyting til folkehøgskulen”^{ccxi}. På bakgrunn av dette kan vi

hevde at Bladmannaskulen utvikla seg til ein viktig institusjon innanfor målrørsla.

Albert Joleik deltok i arbeidet med å etablere Bladmannaskulen, og han forsvara nok vekta på ei allsidig opplæring. Sjølv hadde han som bladstyrar nytte av brei utdanning og yrkeskunnskap. Eit anna aspekt ved virket til Joleik ligg nettopp i rolla som bladstyrar. Gjennom praksis forma han ein samansett identitet, som speglar denne redaktøren sin mangesidige erfaringsbakgrunn. I møte med andre samfunnsaktørar utvikla han avisene *Spiegelen* og *Fjordaposten* i ei stadig meir sjølvstendig retning. Korleis kom dette til uttrykk i programmet og driftsforma for avisene?

6 SPEGJELEN OG FJORDAPOSTEN

Etter vekt på organisatorisk aktivitet rettar fokuset seg no mot ein annan del av praksisen. Å innleie til dette siste analysenivået inneber nærmare studiar av særtrekk ved avisene. Albert Joleik utfalda seg som ein særmerkt, eigenrådig bladstyrar i Spegjelen og Fjordaposten. Ved å studere det empiriske kjeldematerialet, med ei særleg vekt på avisutgåvene, finn vi ut korleis redaktørrolla han forma kom til uttrykk. Den samansette identitet Joleik ytra som bladstyrar femnar om ei rekkje interessante aspekt. Før eg analyserer måten han greip idear knytt til målreising og ei profesjonell yrkesrolle på, skal eit meir utførleg bilete av innhaldet som framkom danne bakgrunn. Slik fangar vi mellom anna frå fleire hald opp ei utvikling mot auka sjølvstende. Kva program går Spegjelen og Fjordaposten ut frå, og kva profil og særtrekk kjenneteiknar dei to avisene?

Målbladet Spegjelen

"Idag først kjem fyrste numre av eit "maalblad" til allmannslesnad i Trondheim". Den 23. mars i 1911 plasserte han Spegjelen ikkje berre innanfor ein særeigen avistradisjon, han tek også mål av seg til å skape eit markant nyhendeorgan: "Elles skal blade fyrst og fremst vere eitt "Ugens Nyt" (fraa vikegamalt til siste nytt). Det skal fortelje or heile verdi, utanlands og innanlands tilstand og hendingar, for det meste slikt som dé ikkje finn i andre blad her i landet". For å nå flest mogleg lesarar satsar han på mangfaldig stoff einkvar kunne ha interesse av. Avistittelen er inspirert av store aviser i utlandet. "Du skal liksom faa sjaa deg sjølv i "Spegjelen" i kvart" bidige nummer", hadde han tankar om. Helst skulle dei fire sidene i avis fortelje noko lesarane ikkje fann i andre aviser. Her ser vi tydeleg at bladstyraren ynskjer å forme eit rom for seg sjølv i norsk presse. Vona til at den nye avisa skal vinne fram i Trondheim er stor. Målarbeidet i nordlege delar av landet er nemleg kome eit godt stykke, påstår Joleik. Ein påstand han nok seinare får grunn til å bite i seg.

Som målblad var Spegjelen meint å fungere som ein samlingsstad for dei som ville skrive avisstykke på nynorsk. "Her er so mange norskskrivande bokmenner og bladmenner nordafjells, at det skulde vere lett å fylle mange blad med berre norsk." Sjølv brydde Joleik seg lite om rettskrivingsreglar, han var meir oppteken av å gjere tale og skrift så likt som

mogleg. Dette trekket tilførte både Spegjelen og Fjordaposten eit folkeleg preg. Særleg av di Trøndelag tidlegare ikkje hadde hatt eige målblad, kom avis til å tene ei viktig oppgåve som øvingsmark og med å synleggjere landsmålet. Frå starten av oppmoda Joleik lesarane om å skrive. ”Brevsendarar maa gjera vel aa fortelje nytt or bygdom.” Ei rekje hjelpestmann svara på initiativet. Storparten var bygdefolk som melde lokalt nytt frå trønderbygdene og kringom, andre tok del med sakprosa og meir skjønnlitterære innslag. Ordninga gav Spegjelen sterkare lokal identitet og verka til å etablere band mellom avis og lesar. På same tid la denne nynorskavisa grunnen for eit fellesskap målfolk imellom i området.

Mange var oppglødde over å endeleg få eit målblad i distriktet. Presten og målmannen Anders Hovden, ein god hjelpestmann for Joleik i avisarbeidet, hadde stor tiltru til bladstyraren. ”Av det han har skrive i ”Den 17de Mai”, hev eg lenge visst at han var ein av vaare friskaste bladpennar. Han eig kunnskap, framtøkje, livsrøynsle og framum alt: salt gaman og det med rette”^{ccxxii}. Ein annan var oppteken av å samarbeide med ungdomslaga. ”No gjeld det aa byggja ein traust grunnmur under *vaart* fyrste nynorske blad. Det maa gjerast noko munalegt for aa faa bladet inn i alle heilnorske heimarne kring i Trøndelag. Og her lyt ungdomen og ungdomslagi hjelpa til”^{ccxxiii}. Knapt ein månad seinare, 10. mai i 1923, svara dåverande styremedlem i Noregs ungdomslag Sven Moren at Spegjelen er ”ein maaltrøndar som me har venta paa lenge”. Samarbeidet med ungdomsrørsla har jo vore eit historisk viktig trekk ved målreisinga, eit fundament som også tryggja drifta av denne nynorskavisa. Responsen frå andre aviser var meir blanda. Fleire retta kritikk mot målbruken. Den jamstore byavisa Folketidende nyttar nemninga ”maalbladsfille”, medan Trondhjems Adresseavis omtala avis som ”en eneste liten bladlap” og språkføringa som ”kraake maal”.

1. juli 1911 kunngjorde Joleik at avis skulle kome ut to gongar i veka. I same nummer vert programmet for avisas utdjupa. Føremålet med utvidinga var å kome med større mengde dagsaktuelt og mangfaldig stoff, for slik å trekke til seg fleire lesarar. Politisk ståstad markerer han no meir eksplisitt. ”Blade skal vere vinstreblad og arbeide for vinstre sine sakjer. Daa først og fremst for den største: arbeide for at norsk maal får sin fulle rett på alle leider.” Tre månader seinare utvida han på ny, til tre utgjevingar kvar veke. Profilen til avisas kjem stadig klårare fram. ”Mange trur, at ”Spegjelen” er eit ungdomsblad. Det er det au, men ikkje berre det. ”Spegjelen” er eit politisk organ og fyrste meldar av nytt i heile Trøndelagom”^{ccxiv}. Målarbeid og bygdeungdom samt venstrepolitikk og nyhende står fram som klåre fanesaker. Trua på å doble talet på tingarar og lysingar slo feil. Opplagsveksten

stoppa då kring 2000 var nådd. For å avhjelpe økonomiske vanskar og høg arbeidsmengde reduserte ein sliten redaktør 3. juli i 1912 til to nummer i veka.

”Du smatt inn her i fjar vinter. Eg irtest av kjølden at du skulde sprikka sund fyrr vaaren kom. Kva magt det var i deg, visste ikkje eg. Men modet saag eg var djervt. Gjev me åtte ei gullråma åt deg, bad eg i mig sjølv”. I utgåva av *Spegjelen* 25. mai 1912 skildrar ein eldre mann frå Sparbu her korleis Joleik markerte seg i aukande grad. I eit ”Strilebrev” i 1913 spår ein annan brevsendaren at avisas vil verte ”ei magt av rang i landet”, berre levevilkåra er gode nok. Sjølv om avisas hadde ei rekkje trufaste støttespelarar var driftsvilkåra vanskelege. Kvifor har ikkje Trondheim eit landsorgan for målreisinga slik som *Gula Tidend* i Bergen og *Den 17de Mai* i Oslo? undra Joleik i avisspaltene^{ccxxv}. ”For korkje Trondheim eller maalblade i Trondheim er serleg mindre vyrd en sine brør sunnanfor.” Trønderlaget var eit fylkesmållag i jamnt og trutt arbeid frå 1899, ifølgje Haugland^{ccxxvi}. Men truleg hadde tiltak i dei to andre byane fordel av sterke måltradisjonar knytt til Samlaget og Vestmannalaget. Desse miljøa tok tidleg initiativ til aviser og tidsskrift på landsmål. Noko av årsaka til at utviklinga av nynorskpressa låg etter i Trøndelag har nok bakgrunn i ein miljøfaktor.

Då Joleik 30. desember i 1913 takka for seg var han optimist, om han ikkje hadde fått den støtta han venta. ”Mange av deim, og mest trønderar, hev klaga for at d’er tyngre aa drive maalreiningsarbeid i Trøndelag en andre stader. Eg trur dei tek imiss.” Trass i pågongsmot hausta redaktørar vidare mykje dei same tunge økonomiske erfaringane. Partlaget av målfolk i Trøndelag som overtok vart sett på prøvingar. Fram til avisas stoppa i 1921 var det fem redaktørskifte. Mellom andre var Klaus Sletten, som skipa og var formann i Bondeungdomslaget i Oslo frå 1899 til 1916, bladstyrar frå hausten 1916 til mai 1917. Etter namneskifte i 1915 nemnde ein avis Olsok. Våren 1918 vart P. Jæger Leirvik tilsett som bladstyrar. Han legg fram store framtidsplanar i eit brev til Joleik 1. juni 1918, for om to år skulle Olsok vere dagblad og om ti år størst i Nidaros. Heller ikkje Leirvik lukkast. 1. oktober i 1919 tok avisas til å kome ut berre ein gong i veka, og frå årsskiftet tok enno ein ny mann over. I det heile syner ettertida at målblad i Trondheim ikkje har vore noko særleg levedyktig tiltak.

”For norskt næringsliv og national-demokratisk politikk”

Med denne undertittelen kom Fjordaposten ut i Bergen 23. september i 1923. No møtte Joleik noko andre arbeidsvilkår for målpressa enn i Trondheim. Det vitale målmiljøet i byen støtta frå før opp om dagsavisene Gula Tidend og Dagen. Opplaget for Fjordaposten låg kring 2500. Fram til 25. juni i 1925 kom den ut to gongar i veka, vidare berre ein gong. I konkurransen med rekka av andre bergenske aviser formulerte Joleik eit utprega nasjonalt program. Nasjonale interesser må styre næringsliv og politikk, kravde han og framstod som ein ivrig talsmann for næringslivet og norske interesser i inn- og utland. Særleg sterkt verna han om bøndene. Målsaka var no nedtona til fordel for ein noko meir breiare profil enn han stod for i Spegjelen. Profilen til Fjordaposten kjem klårare fram fordi vi kan sjå avisas utvikle seg over lengre tid, men kva ville redaktøren Joleik formidle?

”Hermed tek eg til aa gjeva ut eit nytt blad, som er etla til bygd og by i Vestlands-fjordane.” I programmet for Fjordaposten innleiar Joleik her med å vende seg til einkvar vestlending. Med eit lokalt tilsnitt plasserer avisas seg innanfor den sterke nynorske bygdepressa i Hordaland og Sogn og Fjordane. Partipolitisk sett går han i tråd med grunnsynet for Fjordaposten inn for ei nasjonal line. ”Politisk er blade utanum alle neverande partibaasar. Bladstyraren (utgjevaren) hallar helst til *bonde- og fiskarpartiet* slik som han vonar det vil vekse seg til: eit nationaldemokratisk parti fyr baade by og bygd, til vern um alt næringsliv som er naturlegt fyr lande og folke her.”

Forutan å vere motivert av å gje bygdefolk ”den lesnaden som dei vil hava”, vil han trekkje mengda av byborgarar til seg. Bladstyraren hevdar på same tid offentlege ideal knytt til pressa si demokratiske rolle. Framfor å tene pengar uttrykkjer han nemleg eit føremål om å tene lesarane. ”Folk vil vist tykkja at det er skjøytelaust med slikt tiltak i denne tid. Men eg meiner som kontorist Sannaes og konsul Tjælde i Bjørnsons ”En fallit” – at det er ymse forretningar som ligg utanfyr den store handel.” Med dette synet Albert Joleik idealisme meir enn økonomisk sans. Målsaka er ikkje omtala i det heile, den nynorske målbruken tydeleggjer den likevel som eit viktig motiv bak avisdrifta.

Utanlandske storblad som Berliner Tageblatt og Daily Mirror vert trekte fram som førebilete. Fjordaposten skulle strekkje seg over heile verda. Studerer vi innhaldet i avisas finn vi ei

blanding av lokale, nasjonale og internasjonale nyhende. ”Det er mykje eg hev paa hjarta um sakjer som er framme i tidi”, skriv Joleik. Berre i det fyrste nummeret syner dei fire sidene eit breitt spekter av saker. Norske kornprisar og fiskeribanken er omtala ved sidan av lokalt nytt frå Bergen, bygging av jernbane i Noreg og dikting på Færøyane. Det innhaldsmessige mangfaldet vert eit viktig kjennemerke vidare. Seinast i 1935 stadfestar måten Koren Wiberg omtalar Fjordaposten dette trekket. Det er friskt, lite og godt, på same tid som det gjev ”ekstrakten av det som hender i politikk, livemåte, kunst og kultur”^{ccxxvii}, uttala ein markant figur i det bergenske kulturlivet.

Joleik formulerer seinare i 1923 meir tydeleg føremålet med avisskipinga og kven han vil nå. ””Fjordaposten vil vera ei nationaldemokratisk tidend for fjordbygder og byar paa heile Vestlande, og søker seg tingarar i alle bygdar og byar i Nordhordland og Sunnhordland, Nordfjord og Sunnfjord, Sogn og Voss og Hardanger”^{ccxxviii}. No kjem tinglesingar om giftemål og skøyter i desse bygdene på trykk. Eit anna lokalt innslag stod meldingar frå aktivitet i dei ulike bygdelaga for. Nyhendenotisar knytt til kulturliv og næringsverksemd i Bergen var plasserte under teikninga av byborga. Desse lokale elementa erstattar på eit vis innhaldet i breva Spiegelen fekk om hendingar i trønderbygdene. Ein viktig skilnad ligg i at Joleik no samlar inn storparten av stoffet på eiga hand. Berre nokre få brev, mellom anna frå Guddalen i Sunnfjord og frå Osterfjorden, er å finne i Fjordaposten. Sjølv tok Joleik i større grad med stoff retta både mot dei som budde i byen og på bygdene. Prislister for ulike jordbruksvarer var eit emne som kunne interessere mange. I starten var prisar for fisk, korn, dyreslakt og andre varer ofte med. Etter nokre år forsvinn tinglesingane, byborg-spalta og prislistene.

Eitt år etter Joleik grunnla Fjordaposten fortel han 25. september i 1924 om eit strevsamt år. ”Det hev vore eit hardt slit (og stundom mest eit mirakel) aa halde blade gangande, jamvel arbeida det upp i sume maatar.” Bladstyraren vedgår å ha forrekna seg noko på støtta avisas vart møtt med. Fleire målfolk på Vestlandet verka å ville monopolisere målreisinga for ein liten flokk, og Joleik mistenkjer dei for å berre arbeide for ei nynorskavis i Bergen. Frustrasjonen er tydeleg, like fullt heldt han fram som bladstyrar for Fjordaposten i 16 år til. Etter i lengre tid å ha åtvara sterkt mot nazismen og tyskarane si framferd, avslutta han og familien avisdrifta i april 1940 og reiste til garden i Sunnfjord. Stadig sterkare uro i Europa på 30-talet hadde gjeve avisas ein mindre lokal profil. Parallelt minka det redaksjonelle stoffet medan mengda av lysingar og bokmeldingar auka, truleg som ei følgje av gardskjøpet i 1932.

Joleik ytra seg sterkest i dei noko lengre stykka på framsida og i petitspalta Ymsingar. Her tok han gjerne opp eigne meininger i harde diskusjonar av aktuelle tema. Elles inneheld Fjordaposten som Spiegelen ein del mindre notisar, som kuriøse nyhende, lagsaktivitetar og klipp frå andre aviser. Skiljet mellom fakta og kommentar var somtid mindre klårt. Personlege synspunkt blanda seg gjerne med saksomtale i begge avisene, særleg om politikarar stod lagleg til for hogg. Korntrygd til bøndene var ei sak han stridde hardt for. Tidlegare partipolitiske sympatiar la han til sides då Venstre var med på å redusere dette tilskotet. ”Er vinstre vorte eit kaksemettarparti, og eit småbondeetarlag?” tordna Joleik^{cxxxix}.

Bygdetalsmann reiser makkritikk

I Fjordaposten gjorde bladstyraren seg til talstmann for norsk næringsliv gjennom å fremje bøndene, fiskarane og industriarbeidarane sine interesser. Å verne om bygdene var noko han la vinn på, og som for tidlege målreisarar låg bondesamfunnet tydeleg til grunn som eit ideal. Korleis uttrykte dette seg?

Landbruket var næringa Joleik i sterkest grad hevda krav på vegne av. Noregs Bondelag sitt arbeid følgde han lenge med interesse. Han såg jorddyrkning som løysinga på det meste av samfunnsproblem. Ikkje berre kunne slik aktivitet minske den miljøskadelege, Oslo-sentrerte fabrikkindustrien. Auka trivsel og folketal samt mindre arbeidsløyse var andre faktorar han trekte fram. Riksmaktene burde dessutan spreie fabrikkane meir utover landet, og helst skulle dei tilsette kunne kombinere det med mindre usunt jordarbeid. I Fjordaposten 11. april i 1924 formulerer han synet slik: ”Fekk me Noreg uppdyrka og industrien umskjipa paa folkevis, so kunde Noreg føda nærmare 10 millionar, folk som treivst”. Dyrka ein også opp mykje myr gav jorda levegrunnlag for heile 15 millionar nordmenn, kom han fram til seinare. Gjennom dyrking og bureising låg målet om distriktsutbygging tydeleg bak som eit viktig fokus.

Fordi ordninga med kommunale jordstyre ville kunne skape lokal splid, gjekk han i 1928 imot den nye, ”vanskapte” jordlova^{cxxxx}. Ved sidan av å kritisere mynda for ikkje å sjå uheldige konsekvensar av lovvedtak, opponerte han mot styremaktene med å krevje særskattar for gardsbrukarar fjerna, såkalla ”bondepineskattar” som jordskatten. Skulda la han delvis på dei

sjølve. ”Bonden er ei tolmodig padda som let seg skatta halvt i hel (...)”^{ccxxxii}. I staden for å la Vestlandske Salslag og mjølkesentralar avgjere prisar og urettferdige fordelingsmekanismar, gjekk Joleik inn for at bøndene organiserte eige varesal. Rolla som rådgjevar tok han gjerne på seg. For å berge seg mot våte somrar kunne eigne ”hesjehus” vere løysinga for vestlandsbøndene, spekulerte han mellom anna i. Råd om dyrking av lin og grønsaker så vel som planting av hagefrø og skog førekomm ofte. Eit sjeldan døme på at eigne erfaringar vert trekte inn ser vi hausten 1933, då han lufta tankar om å dyrke haustrug på den nyinnkjøpte fjellgarden.

Tidvis skilde sildefisket seg ut som ei sak bladstyraren var oppteken av. Joleik si nasjonale programline bar her preg av handelsproteksjonisme sist i 1926. Skulle norsk varehandel få eit oppsving, meinte han at ein måtte redusere importen og selje meir fisk innanlands. ”Vern um norsk varehandel”^{ccxxxiii}, var kravet. Dessutan meinte han at norsk jordbruk burde ha tollvern til liks med industrien. Ei yrkesgruppe det vart synt vekslande sympati for i Fjordaposten var industriarbeidarane. Frametter våren 1924 oppmoda Joleik fleire gongar riksmaktene om å gripe inn i storlockout i arbeidslivet. I samband med at Landsorganisasjonen hadde vraka eit framlegg frå riksmeklingsmannen, hissa han seg opp og ville ha leiarane oppjulte. Sterkt engasjert tala han imot ein nasjonal fagorganisasjon. Straks arbeidarane streika for høgare løn møtte dei motbør, for det kunne seinke lønsutviklinga til dei som var sysselsette i primærnæringane. ”Industrien er statens kjære barn, og jordarbeide er stjupbarn. Høgre og vinstre og diverse sosialistar er hoggande like med aa halde jordarbeide mindre verdt enn anna arbeid”, slo han fast.^{ccxxxiv}

Som i Spiegel orienterte Joleik seg om kva som rørte seg i regjering og riksforstamling. Over fleire år fekk avis somtid ”Stortingsbrev” tilsendt frå ein medarbeidar. Nærma det seg valstrid var redaktøren særleg aktiv. Valprogram og politisk agitasjon vart grundig granska. Saman med målsak, forsvar og etter kvart utanrikspolitikk var landbruk dei mest vektlagde emna. I kva grad norske politikarar ivaretok nasjonale omsyn, verkar å ha vore eit sentralt spørsmål for Joleik. På 20-talet interesserte han seg eksempelvis sterkt for diskusjonen om kven som skulle få hand om Grønland. Då politikarane etter kvart ikkje svara til forventingane stempla han dei som danskvenlege og kunnskapslause ”graутskoltar”. Statsministeren Mowinckel kalla han ein ”politisk bjøllever”: ”Han brækta og stangta og styrt til stups”^{ccxxxv}. Snarare enn å styre inn på ”den gamle trygge nationale raak”, meinte Joleik at Mowinckel fører partiet mot den ”skandaløse skandinavismen”.

Vidare la Joleik vekt på kva politisk rolle lokalsamfunna spela. Folkestyret var saman med kommunemakta svekt av styringsorgan på riksplan og fylkesplan, uttala Joleik kvast og synte til ujamn skattefordeling. Dei to dominerande maktorgana vart likna med ugras rotfesta i det tidlegare embetsstyret:

"Det ugrase som heitt embetsstyre, er plukka bort so nokulunde, men der er alltid nøgdi av fræ som det kann gro oppatt av. I staden for det er etter kvart kome nye sterke ugrassortar, og dei er so rotsterke og fræsterke at det vert mest umogelegt aa faa deim bort att. Me meiner den makt som riksstyre og storting og fylkjesautitetar hev yve kommunone og deira styring."^{ccxxxv}

Den munnlege framstillinga og folkeleg biletbruk gjer det mogleg for einkvar å forstå brodden. Bladstyraren i Fjordaposten står ikkje berre fram som vernar av norske bygder, han ytra seg like mykje som ein ihuga maktkritikar. Arven frå den opposisjonelle delen av pressa og den nynorske motkulturen kjem slik til syne.

Profilendring

I tida frå 1911 til 1940 utviklar bladstyraren Joleik, stadig tryggare på sin eigen identitet, gradvis ei meir uavhengig og personleg forståingsline. Endringane innebar auka sjølvstende i omtale av målsaka, i høve til forretningsdelen av avisdrifta og til politiske aktørar. I takt med dette skifta lesarappellen i noko mon. Jamvel om målbladet Spegjelen var meint for "allmennlesnad" og tok opp bøndene sine kår, kom desse draga tydelegare fram og var meir framheva i Fjordaposten. I kva grad bygde i grunnen denne redaktøren opp ulike profilar kring dei to nynorskavisene?

Som bladstyrar for ei avis skiven på landsmål først på 1900-talet, gav Joleik uttrykk for ei form for politisk journalistikk der målsaka er den høge fana. Med Fjordaposten utvida han appellen noko og vende seg meir til bonestanden. På den andre sida slår han fast i programmet at Spegjelen var til "allmennlesnad". Eit brev frå ein bonde i Levanger som stod på trykk 26. oktober 1911 provar dette. Bonden skriv at han straks etter å ha fått avisar sprang til grannegarden for å fortelje om den. "Daa vart det heil samrøda millom oss, um "maalet" og um "Spegjelen", og det raraste av alt var, at mannen som er noko til aars komen las godt, og endaatin forstod det han las, endaa han korkje er prest eller profet". Skildringa frå samtala med

naboen tydeleggjer den folkelege stilens som kjenneteiknar bladstyraren. Den er i samsvar med kva Hovden sa om avisar: ”Bladet er ikkje tiletla filologar, men det jamne folk”^{ccxxxvi}. I tilknyting til jordbruksnæringa var Wilhelm Sigvard Hjort Dietrichson, seinare generalsekretær i Noregs Bondelag og stortingsrepresentant, ein støttespelar. Frå 1912 og utover hjelpte han til med skrivestykke relatert til temaet. Emnet var i tillegg tematisert i breva bygdemeldarane sende.

På bakgrunn av programerklaringane skil Fjordaposten sin allmenne profil seg nok lite frå Spiegjelen. Fjordaposten verkar likevel meir eksplisitt orientert mot bøndene. Det personlege særpreget kjem også klårare til uttrykk. Spiegjelen bygde jo i store trekk på engasjement frå lokale målfolk, i motsetning til innhaldet i Fjordaposten som Joleik var mest åleine om. No stod han friare enn tidlegare til å utforme eigne meininger om målsak og partipolitikk, noko han utnytta til fulle. Stilen var bladstyraren sin eigen. Ei av avisene i Sunnfjord, Firda Folkeblad, fanga seinare opp denne eigenskapen ved Joleik slik: ”Han er ein velkjend mann og ein som har gått sine eigne vegar. (...) Og i all si ferd ein uredd stridsmann”^{ccxxxvii}.

Avisene var talerøyret til Joleik. Etter å ha verka i vel eit tiår i norsk presse, hadde han bygd opp eit namn og etablert identitet som nynorsk bladstyrar. Truleg våga han difor meir då han starta Fjordaposten. Originale og radikale utspel sanka nok lesarar, medan andre kjende seg støtte. I Spiegjelen gav Joleik rett nok også uttrykk for ein særeigen stil. Til dømes gjekk han ikkje av vegen for å blande subjektive kommentarar inni møtereferat, eller for den del rette referat andre hadde skrive. Ein ivrig tingarsankar og medlem av Nordmør Mållag hadde innvendingar mot denne praksisen. I et brev av 23. oktober 1911 sa han ifrå. Sidan bladstyraren hadde endra eit stykke han skreiv til Spiegjelen, ville han nemleg slutte å melde frå mållagsmøte.

”Skjit i rettskrivinga!” slo Joleik opp på framsida av Fjordaposten 12. januar i 1938. Overskrifta målbar tydeleg kva bladstyraren meinte om den nye rettskrivingsnormalen som var i emning. Innhaldet retta seg i mindre enn i Spiegjelen mot dei som var aktive i målrørsla. Målsaka framkjem i den grad at avisar er skriven på nynorsk og somtid omtalar den, og den var snarare del i eit meir omfattande nasjonalt program. I desse momenta ligg ein utvida lesarappell. Resultatet vart mellom anna at fleire organisasjonar, som bygdelag, lærarlag, forsvarsforeiningar, bonde- og småbrukarlag, tok avisar i bruk. Dels innebar omlegginga ei nyvending, dels henta eit utvida fokus på bøndene sine vilkår røter i målreisingsideologi.

Medarbeidarane i Gula Tidend tok opp i seg nettopp koplinga mellom målreising og bondereising. ”Den norske bonden åtte odelsretten til landet, og bondesak var Noregs sak”^{ccxxxviii}, skriv Per Håland og peikar på målsak og bondesak som dei to hovudsakene for Gula. Tida der kan såleis har inspirert Joleik til å leggje om profilen noko.

Ei anna side av endringa ligg i korleis Joleik gradvis skifta partipolitisk ståstad. Motstanden mot høgresida så vel som sosialistar og kommunistar markerte han aktivt i begge avisene. Sjølv stod han på venstresida. Spiegelen var eit uttala venstreblad som andre målblad i samtid. Frå ei slik tilknyting gjekk han med Fjordaposten over til ei meir uavhengig line, trass i sympati med Bondepartiet. Sjølvstendet til redaktøren kan vi sjå auke i takt med ein klårare profesjonell identitet. Denne tematikken er fokus for diskusjonane i kapittel 8. Spørsmålet vidare er kva lesarar som lét seg fengje av Joleik sin stil som bladstyrar.

Blanda publikum

Spiegelen og Fjordaposten kom ut på ulike stader og tidspunkt. Sett saman med noko skilnad i profil, er det truleg at dei to nynorskavisene ikkje nådde heilt same publikum. Kven som faktisk las dei er vanskeleg å slå fast sikkert, grunna lite empirisk materiale relatert til dette. Materialet gjev likevel grunnlag for å trekke ut nokre hovudtendensar. Kven som melde om møte og lokalt nytt i bladet og kva desse omtala, samt brev frå tingarsankrarar og økonomiske støttespelarar, utgjer dei skriftlege kjeldene. Av breva og avisutgåvene finn vi nemleg opplysingar om kven lesarane var. Kjeldestoffet kan stadfeste at begge avisene hadde ein mangfaldig lesarskare, noko som samsvarar med den allmenne profilen deira.

Spiegelen var eit uttala målblad og venstreblad, følgjeleg appellerte det gjerne til ein implisitt lesar som støtta opp om målsaka og den politiske venstresida. Basert på kjeldene eg har tilgjenge til synest nettopp målarbeid å vere eit sentralt tema. Jamvel Riksmålsforbundet tinga avis syner ein notis i utgåva av 30. august 1911. Særleg var Spiegelen nytta av ulike mållag og ungdomslag, som lyste om og melde frå møteverksemd. Mållag i Oppdal og på Nordmøre, Trønderlaget og Nidaros mållag var mellom desse, saman med ungdomslag i Uttrøndelag og Inntrøndelag i tillegg til Orkdalen og Namdalen. I juni 1911 vedtok fylkesungdomslaget i Trøndelag å halde Spiegelen som lagsblad. Vedtaket syner korleis banda mellom målrørsla og

ungdomslaga gav avisa lesarar. Saman med venstrefolk utgjorde aktive i dei to folkerørslene ein viktig basis for målbladet, ifølgje oppmodinga ”Maalskrivar” kom med. ”Maallag, vinstrelag, ungdomslag! Hjelp fram maalsaka! Hjelp fram vinstre-sakene! Hjelp fram ungdomssaka! Og arbeid difor av all makt for ”Spegjelen”.”^{ccxxxix}

Frå utgjevingsstaden Trondheim strekte Spegjelen seg utover bygdene i Trøndelag og på Nord-Vestlandet. Dei skriftlege kjeldene syner at avisa også hadde lesarar i Gudbrandsdalen, i Nord-Noreg og lenger sør på Vestlandet. Ein brevsendar fortel at avisa har få tingarar i Indre Nordfjord, trass i landsdekkjande innhald. ”Det er vel alltid so, at ”Spegjelen” serleg har si arbeidsmark i Trøndelag; men eg tykkjer, at det hev so mange meldingar, fraa ymse kantar av landet, og so mange gode stykkje, baade ”kjellarar” og andre, so det godt kunde lesast over heile landet”^{ccxl}. Mangfaldet spegla seg dessutan i kva bakgrunn tingarane hadde, for dei synest å ha hatt ganske variert yrkesfaring. Lærarar, forfattarar, prestar, sakførarar og andre som verka i målpressa. Aktive i desse yrkesgruppene var dei som oftast sende lokale nyhende, sinka tingarar og elles støtta bladet økonomisk. Ulike samfunnsaktørar som vi har sett spela ei viktig rolle i målreisinga trekte saman også her.

Lærarane Rasmus Skaar ved Ortnevik skule i Sogn, Johan Ulset fra Bjerkåker og Engel Mesloe fra Oppdal var mellom dei ivrige tingarsankarane. Mesloe var raskt ute og fekk halve kommunestyret til å tinge Spegjelen, syner eit brev av 30. september i 1911. Ein annan hjelpesmann i Oppdal var 18 år gamle Inge Krokan, som med omgrepet ”det store hamskiftet” seinare greip eit bondesamfunn i møte med modernisering. Tingarflokken var samansett. Til dømes kunne dyrlege E. Laukvik i Kristiansund fortelje at han hadde skaffa S. Olsnes strikkefabrikk, to adjunktar, ein organist og ein kjøpmann som nye tingarar. Dagen etter, 23. oktober i 1911, melde Røe i Nordmør Mållag om tre lærarar, ein fotograf og ein smed.

Kjeldematerialet knytt til kva publikum Fjordaposten hadde er lite utfyllande, men det gjev grunnlag for å formulere nokre tendensar. I 1923 sette Joleik seg føre å nå ”fjordbygder og byar paa heile Vestlande”, men ifølgje eit notat frå 1927 fann avisa støtte også elles i landet (sjå vedlegg 1 s. 127). Notatet tyder nemleg på at 200-300 lesarar kom frå ”Nordland, Trøndelag, Austland og Sørland”. Her ser vi ”Kva folk som les Fjordaposten” fordelt etter variablane yrke, dels sosial klasse og fylka Hordaland og Sogn og Fjordane. Oversynet er mest truleg basert på kven som tinga avisa. Medeltalet for opplaget i 1927 var 2750, det høgste noko år. Sjølv om Joleik særleg var oppteken av bøndene sine vilkår, verkar

Fjordaposten å ha nådd fleire lesarar frå høgare samfunnslag. Lesarane hadde elles ein ganske variert bakgrunn i høve til yrke og sosial klasse, og dei fleste hørde heime i Hordaland. Dei samla sett fire største lesargruppene, ”handverkarar/fabrikantar” (375), ”embets/umbodsmenn” (368), ”bønder” (357) og ”handelsmenn” (325), fordeler seg ganske ujamnt mellom dei to fylka. Nær dobbelt så mange bønder som les Fjordaposten kjem frå Sogn og Fjordane, der dei utgjer den absolutt største gruppa i fylket. I Hordaland finn vi derimot over dobbelt så mange ”handverkarar/fabrikantar” og ”embets/umbodsmenn”, som i dette fylket representerer yrkesgruppene med flest lesarar, enn i Sogn og Fjordane. Tala må vi sjå i samanheng med kor mange som då arbeidde innanfor dei ulike yrka i fylka. Eksempelvis heldt fleire ”embets/umbodsmenn” til i Bergen enn i resten av området. Fjordaposten støtta helst bønder, fiskarar og arbeidarar, medan embetsmenn og andre maktpersonar gjerne var utsett for har kritikk. Trass i dette kjem den største enkeltgruppa faktisk frå mellom- og overklassen i Bergen, som utgjer 584 av tingarane.

I notatet utgjer bønder, fiskarar og arbeidarar i dei to fylka 859 personar. På den andre sida er det mellom ”embets/ombodsmenn” og ”handelsmenn” samt over- og middelklassen 1277 som les avisa. Ei tolking av dette kan vere at avisa var meir lesen av høgare samfunnslag. Samanliknar vi det samla talet for dei to fylka, finn vi 708 lesarar i Sogn og Fjordane mot 1059 i Hordaland. Legg vi til mellom- og overklassa i Bergen er tingarflokken i Hordaland meir enn dobbelt så stor. Dette heng sjølvsagt saman med kor avisa kom ut, og kor lett ein kunne få tak i tingarar utanfor byen.

Orda speglar den som skriv

Kvifor hadde Spegjelen og Fjordaposten ein så variert lesarkrets? Dette heng nok saman med at avisene hadde ein brei appell. Eit stort spekter av tema og meiningsytringar kom til syne innhaldsmessig sett. Mangfaldet synleggjer spennet i interessene og kunnskapane til bladstyraren. Dei to avisene var jo merka av personen Albert Joleik, ein redaktør med allsidig givnad og erfaringsgrunnlag. På same tid var han ein fargerik individualist, ofte omtala som original. Mellom dei som la fram ei slik forståing var Dagbladet: ”Albert Joleik er ein mangslungen kar, ein fribyttar og frimann som ikkje er lett å plassera i nokon ”bås”. (...)

Fjordaposten var eit av dei mest originale bladi i landet^{ccxli}, vart det hevda. Med eigne meininger om mykje vart han lett tillagt eit kjenneteikn som dette.

Joleik markerte tidleg ynsket om å skape noko eige som bladstyrar. Han ville fortelje frå heile verda, og helst om nyhende som ikkje var omtala i andre aviser. Framfor å gå inn i eit etablert og leiande målblad som Den 17de Mai skipa han avis sjølv. Nettopp det tematiske mangfaldet utgjorde eit særtrekk frå først av. Som eigar, journalist og redaktør på ein gong kunne han lett gje avisene eit personleg preg. Etter kvart stod Spegjelen fram som eit alternativ til Den 17de Mai. ” ”Steinsvik hev vel mykje *militær chauvinisma*, han fyller blade med rustnings-politik. ”Spegjelen” hev fleire dyrrar apne, meir utsyn, meir stil”, la Brynjulf Bjørklund fram i eit ”Narvik-brev”^{ccxlii}. Om Joleik var sterkt oppteken av nasjonen og norsk forsvars-politikk, tok han kanskje i større grad opp ulike syn og tema. På den andre sida kan ein diskutere kor open han stilte seg til andre synspunkt enn sine eigne. Særpreget tok Joleik med seg vidare til Fjordaposten. I konkurranse med rekkja av aviser i Bergen gjorde dette det mogleg å skilje seg ut, og utvida lesarappell tiltrekte nok tingarar.

Frå starten av hevda Joleik ei personleg røyst i norsk presse. Erfaringane frå tida i Afrika fungerte som eit springbrett til ei karriere innanfor journalistikk. Som bladstyrar synte han sterkt interesse for utlandet og internasjonale utviklingstrekk, ei line vi kan trekkje tilbake til målrørsla si rot i europeisk tankegods. Målarbeidet grunna frå først av dels på ein utovervendt og kulturopen tradisjon, der ein ville byggje nasjonen på bygdenorske verdiar. Innanfor ei slik radikal retning plasserte mellom anna Rasmus Steinsvik og Den 17de Mai seg. Ifølgje Jostein Nerbøvik stod denne avisa for eit vidt internasjonalt perspektiv^{ccxliii}. På denne bakgrunnen kan vi også trekkje liner frå Steinsvik til kva Joleik stod for som bladstyrar.

Politisk nytt frå inn- og utland

Korleis tematiserte Joleik interessa for kva som rørte seg i verda? Det politiske engasjementet kjem tydeleg fram i Spegjelen og Fjordaposten. Kanskje var det nettopp gjennom diskusjonar av innan- og utanrikspolitikk han sette smak på folkemeininga. I Spegjelen låg vekta helst på lokal målreising og ein nasjonal kontekst, men i det 1. verdskrig nærmar seg ser vi i 1913 eit sterkare internasjonalt fokus. Engasjementet heng saman med at Joleik verka i norsk presse i

fyrste halvdel av 1900-talet, ei tid prega av aukande uro. I stadig større grad baserte han meinings- og nyhendestoff på denne tematikken. Bladstyraren var nyhendeorientert og aktuell sjølv med ei utgåve i veka det meste av tida.

Truleg var det inga enkel oppgåve å formidle stoff ein ikkje fann elles i pressa, for Joleik lånte frå andre aviser. Rekneskapen for Spiegelen 15. og 16. mars i 1911, vel ei veke før første nummer kom ut, syner utlegg til kjøp av 16 aviser på 43 kroner. Ni av dei kom frå utlandet. Bladstyraren ville jo melde om nyhende frå heile verda: "Her skal det forteljast hendingar or innland og utland, frå grannelanda og dei gamle norrøne utbygder"^{ccxlii}. Tidvis fortalte han frå Island, Færøyane, Shetland og Orknøyane. Det norrøne samarbeidet fekk mindre rom i Fjordaposten, då han i større mon vektla turbulente område i Europa. Nationen grip interessante aspekt ved avisas slik: "I Fjordaposten som han gav ut og redigera i åra før krigen, var det serleg to fiendar han støtt dengde laus på, nemleg dei utanlandske reformatorane og dei innanlandske språkreformatorane"^{ccxliii}. Berre i ei avisutgåve kunne alle verdsdelane og oppunder 20 ulike land vere omtala. Spaltene "Or ymse land" og "Sidan sist. Innanlands og utanlands" samla til ulik tid utanriksstoff.

Kva forsvarsstrategiar dei ulike landa valde var noko Joleik studerte nøye. Med ein rutinert offiser sine vakne auge følgde han aktuelle straumdrag. Gjennom avisene tok han aktivt del i samfunnsdebatten, og påstandane som vart sette fram var ikkje sjeldan vågsame. "Han skriv om internasjonale emne med ein undertone av offiserens profesjonelle kunnskap og tilnærming – så kan det sjølvsagt vere ei anna skål om alle hans vurderingar dermed er så godt underbygde"^{ccxlvi}, er det hevda. Fleire bladstyrar i målpressa var opptekne av forsvarssaka. Å verne om nasjonalt sjølvstende og særnorsk identitet stod jo sentralt for dei ideologisk sett. Meinte han norske politikarar ikkje forvalta oppgåvene godt nok, skulda han dei raskt for å drive "saudeskap" og "politisk humbug". Slik markerte nasjonalisten Joleik seg altså som ein opposisjonell bladstyrar, ein som opent gjekk ut mot makteliten og syntet ei særskilt redaktørmakt.

Interessa for den politiske styringa av landet var eit overhengande perspektiv i dei to avisene. For Joleik låg makta hos regjering og storting. Melde han frå stoda i norsk politikk la han stor vekt på kva statsrådar og stortingspolitikarar dreiv med. Som venstreorientert såg han høgrefolk, sosialistar og kommunistar som hovudmotstandarar, etter kvart tok han også til motmåle mot Venstre og Bondepartiet. Manglande vilje hos partia til å ruste opp det norske forsvaret var ei viktig årsak til kritikken. Ser vi nærmare på kva standpunkt han forfekta i norsk

forsvarspolitikk, stod arbeidet for å halde oppe allmenn verneplikt og å ruste opp sentralt. Meiningsytringane som framkom var gjerne forma med ein skarp og på same tid humoristisk brodd. Omtala Gula Tidend gav bladstyraren for Spegjelen grip dette trekket. ”Ser det altid med eigne augo og veit jamt aa finna noko morosamt med det, fyrdi om han ikkje med di gløymer brodden”.^{cxlvii}

Sist i 1911 uroa Joleik seg for krig mellom Tyskland og England, og han sette fram krav om at det norske sjøvernet måtte styrkast. Straks Venstre tok over regjerings-ansvaret i februar 1913 retta han kritikk mot utanrikspolitikken partiet førte. Enno sterkare var kraftsalvene då stortingsrepresentant O. M. Gausdal, sosialist og redaktør for avis Nordlys, ville avskaffe verneplikta. ”Skulle de ikkje snart vere paa tide aa krevje vanlege folkeskulekunnskapar av ein stortingsmann?”, tordna Joleik. På ny var han uroa for krig i Europa. ”Den store Europa-krigen – den største – frå vaaren 1914?”, stilte han spørsmål om i ei overskrift 29. oktober i 1913. ”Her trengst eit aalvorsamt vakthald frametter vintren, baade utanrikspolitiske og militært. Slik som d’er no, kann ikkje statsminister og utriksminister sitje aa sjaa paa, um dei er menn som kjenner andsvar.” I lenger tid hadde han engasjert seg for opprusting av forsvaret. Då planar om ny flåteplan var omdiskuterte våren 1912, kom han med innspel om å prøve det nye krigsvåpenet fly. I Fjordaposten heldt han fram etter denne lina.

Våren 1923 rådde Joleik sterkt ifrå forsvarskommisjonen sitt framlegg om å byggje ned det norske forsvaret. Slik avvæpning åtvara han sterkt imot, noko han gav klårt uttrykk for i samband med statsbudsjettet for 1926. Han såg det som lite framtidretta å no kutte ned på forsvaret og fjerne allmenn verneplikt. ”Det syner ogo at riksstyre ikkje hev andsvarskjensla for Noregs framtid. (...) Men vi hev ikkje i noko maate merka at dei sitjande ministrane hev meir enn medals folkevit. Framtidi skjynar dei ikkje meir enn andre”^{cxlviii}. Kritikken auka på utetter 1930-talet, i takt med auka væpning i andre land. Norsk forsvarspolitikk vart mellom anna karakterisert som ei ”blanding av humbug og landssvik”^{cix}. Internasjonale nedrustningsavtalar hadde han lite tru på. Ein burde snarare styrke forsvaret med 1000 bombefly og 100 luftvernkanoner, meinte han og trekte fram kor avgjerande Italia sitt luftvåpen hadde vore i åtaket på Etiopia.

Den norske flåten var heller ikkje i god nok stand. ”No er det meste so gamalt at det er like uført til strid som 60-70 åringer til å vera stormbataljon”^{ccl}. Militærkomiteen nemnde han som eit ”mollbu-ting” i 1937, av di han tykte planane om norsk nyvæpning gjekk for seint. ”Me

kan ikkje lenger hava blinde ogsovande menn til å styra norsk utanrikspolitikk. Vår framtid og sjølvstendet vårt er ført ut i den største fåre ved den unasjonale utanrikspolitikken me hev dyrka”^{ccli}. Fyrst i 1939 var han nøgd med forsvarsløyvingane. Arbeiderpartiregjeringa med Nygaardsvold i spissen fekk skryt for ”vake og fasthendt” styre, men han minna om ”dummokratiet” samansett av alle partia som hadde redusert den norske hæren med 100 000 mann.^{cclii}

Innvendingar mot norsk utanrikspolitikk sette Joleik ofte fram. Framfor valet hausten 1924 melde han at dei fleste valprogramma ikkje tok opp dette, han ville difor ikkje røyste med noko parti på slikt grunnlag. Sak gjekk altså framfor partipolitiske sympatiar. Å eigne til seg landområde som hadde vore nytta av nordmenn, stod fram som ei viktig kampsak. Ikkje berre gjorde han krav om Grønland, Noreg hadde også rett på Svalbard og Frans Josef land. 16. mai i 1912, 13 år før Noreg fekk sjølvråderett der, kritiserte han norske politikarar for å syne lite interesse for Svalbard og kolgruvene der. Aktiviteten deira karakterisert han som ”nasjonal kneskjelv-politikk”, ei line som gav grunn til å flagge på halv stong 17. mai, dagen etterpå. Nordisk samarbeid gjekk han sterkt ut mot. ”Det er eit laakt karaktermerke at nordmennene er so viljuge til aa danse etter den dansk-norske pipa i desse tider, etter den svivyrding og ranglynde som Danmark hev vist Noreg i Grønlandssaki. Det er som den trælske hunden, han sleikjer handi som slo han”^{ccli}. Av nabolanda åtvara han sterkest mot ”faaren for Russland” og bolsjevikane. Ein sjuk Trotsky ville han ikkje ha til landet i 1929, ”den ryske mordchefen” var betre død.

Internasjonal politikk

Det nasjonale sjølvstendet var grunnleggjande for Joleik. Om bladstyraren tidvis kritiserte samarbeid på tvers av landegrenser, stod han likevel i aukande grad fram som sterkt internasjonalt orientert. Krigshendingar fortalte han stadig oftare om frå slutten av 20-åra. Stridene mellom Hellas og Bulgaria, Bolivia og Paraguay, Russland og Kina, Japan og Kina, Italia og Etiopia, den spanske borgarkrigen og tysk krigsplanlegging var oppe til diskusjon. Fredsviljen synest fråverande, noterte han seg. Skuffa såg han at ingen greip inn då små statar vart invaderte, mellom anna Etiopia i 1935. Ein ordspel som vart lagt til merke er henta frå stykket om landet sitt tap i mai 1936 . ”– Kva gale er det Joleiken skriv i dag, då? kunne folk

spørje når Fjordaposten kom til gards ein gong i veka eller så. – Han skriv at nå er Etiopia ”eti-opp-ja!”.^{ccliv}

Ein ”makaroni-forgjifta” Quisling hadde halde med Italia. Tilbake i 1933 støtta Fjordaposten kritikken det nyskipa partiet Nasjonal Samling retta mot arbeidarorganisasjonane, dei andre meiningane var derimot ”berre ørskesvall”. Han avfeia idear om Nordisk Forbund samansett av Skandinavia, England og Tyskland, som skulle representere den sterkeste folkeætta i Europa, og rådde Quisling til å lese etnografi og historie. 1. oktober 1937 bad han sjølv verda legge merke til at ”two sterke statar samlagar seg”, her synte han til Italia og Tyskland. Ein framsynt Joleik tok allereie 2. oktober i 1923 til orde for å dele Tyskland i tre; ”i sine tre naturlige hovudpartar: Sudtyskland (fyr det fyrste berre Bayern), Vesttyskland (enno berre Rinlande med Ruhr), og det prøysiske Nordtyskland”. Han var uroa for dei unaturlege grensene som vart sette med Versailles-freden, på same tid åtvara han mot å la tyskarane få ”gnage sunde” vilkåra i fredstraktaten. ”Men England er som ei utvitug mor som let utangen rasa, og vil ikkje lata andre tukta han. (...) Den tyske hemnstriden er kanskje nokre år nærare enn nokon utanfor Tyskland trur”, varsla han i 1934.^{cclv}

Tre år tidlegare hadde Joleik fått mistanke. Tyskarane klaga då på tung avbetaling på skadebota etter 1. verdskrig, men hadde nyleg sjøsett nytt panserskip for 80 millionar kroner. No såg han eit stadig sterkare Tyskland i ferd med å ruste opp forsvaret sitt. Stormaktene måtte slå ned landet medan det var tid, og kløyve det, oppmoda han. Frametter diskuterte han situasjonen hyppig og la fram grundige analyser. Norsk nøytralitet hadde han lite tru på. Å gje tyskarane ein landarm til Svartehavet, funderte han på som ei mogleg løysing. Invasjonen av Polen framkalla pessimisme. ”Gud straffe Tyskland” slo Joleik opp 7. september 1939. Siste nummer av Fjordaposten utkom 4. april 1940. Joleik tok då vegen til Voss for å melde seg som soldat, men vel ein månad over 60 år var han for gammal.

Mykje av årsaka til uroa i verda la Fjordaposten på Folkesambandet. Dette internasjonale samarbeidet fungerte ikkje etter intensjonane.

”Skjepinga av Folkesambande var vel den største samfundsreform som hev vore sett i verk dette hundradaare. Men fraa fyrste stund hev Folkesambande ei veila som gjer det ubrukelegt naar det røyner paa. For Folkesambande vantar hermakt til aa hevda vedtaki sine. Det er likso hjelpelaust som ein domstol utan politi eller vakt til å setja i verk domane. (...) Og hadde det hatt makt som det hev vit til aa døma millom folki, kunde det ha gjort mykje til aa skjipa um verdi frå eit trættehus til eit vinalag.”^{cclvi}

Stormakter som USA, Italia, Japan og Tyskland hadde for mykje å seie, og lite brydde dei seg om små statar vart invaderte. Det ”storkjefta” Amerika irriterte han med å krevje at europeiske land minka væpninga, medan dei sjølve dreiv opprusting. ”Kjeltringesambande”, ”det rotne folkesambandet”, ”eit upåliteleg og dyrt, internasjonal politi”. Dette var nokre av karakteristikkane Joleik nyttja om eit samband han meinte Noreg burde melde seg ut av. Ironisk nok syntte denne nasjonalisten større sans for tala til Briand under eit møte i Folkesambandet i 1929. Ideen om ”sambandsstatane Europa” tiltala ein utovervendt, nynorsk bladstyrar. ”Det amerikanske og ryske uvyrdschapen lyt møtast med fast hand og so snart som mogleg. Og daa nyttar det ikkje land for land, men alle saman”^{cclvii}. Visjonar om å realisere ein europeisk tollunion og forsvarsunion, utan å rikke det nasjonale sjølvstendet, framkom.

Skjemt og alvor

Nyhende frå heile verda og Albert Joleik sine meininger om rettskriving og landbrukspolitikk, blanda med notisar om drag og tragediar, så vel som hus i marmor og sensasjonelt store barneflokkar. Ei personleg prega uttrykksform tok form i spenning mellom seriøsitet og underhaldning, ei indre spenning han kunne ha frå forfedrene sine. ”Dei var gladværuge o skjemtsame, men stundom sturne”^{cclviii}. Gjennom humoristiske innslag ser vi bladstyraren ytre seg som ein samansett maktkritikar. Blandinga av vittige historier og djupt tragiske hendingar gjev ein tvetydig stil. Korleis meddelte dette seg i avisene, og i kva grad bygde Joleik slik opp redaktørmarkt?

Eit utdrag frå programerklæringa for Spiegelen synleggjer denne sida ved Joleik si redaktørrolle. ”Skjemt og alvor. ”Spiegelen” skal fyrst og fremst vere eit tidendblad på norsk. Men her er so mange andre arbeid som blade ikkje kann segje fraa seg. Her hender kvar dag so grøteleg mykje lögje kringum i verda, at sumt lyt speglast her”. Avisa skulle romme preiker og alvorsord, men også moro og ”smaastubbar til aa læ av og til aa graata av”. Vekepostar i petitform, ”På Eyrar-ting” og ”Smidjusindr”, formidla vekselvis slikt stoff. I starten finn vi også morospaltene ”Rispor og svall” og ”Skjemt”, etter kvart kjem dei heller kvar for seg i form av små, kuriøse notisar. Han hadde stor sans for kuriositetar av ymse slag, og dei var gjerne henta frå telegram eller andre aviser.

I Fjordaposten vidareutvikla bladstyraren stilens. ”I 17 år skrev Joleik det mest originale einmannsblad i landet, Fjordaposten, der duld og open spit strøynde mot lesarane frå kvar line”.^{cclix} Særleg i petitspalta ”Ymsingar” sparka han ifrå seg, ofte med kommentarar litt på kanten i politiske artiklar. ”Ymsingar” var han vidkjent for, ei spalte der han i kvasse ordelag kåserte over hendingar i veka som har gått. Notisar om død og drap førekomm mest i kvart nummer. Under overskrifta ”Draap og styggjedom” og seinare ”Ulukkor og styggedom” samla han ei tid fælslege hendingar frå Noreg og andre land. Enno mindre enn i Spegjelen sparar han på makabre detaljar. På den andre sida kunne han fundere over sportsresultat, nye grammofonplater, jordbruksklubar for born eller politiske strategiar. Ein aktiv i bergensk presse framstilte seinare Joleik som ein sjeldan uredd journalist i den norske pressa. ”Han skrev slik at folk tok stor forargelse over hans mange dristige ord og vender”^{cclx}, skildra Edvard Welle-Strand, i årevis redaksjonssekretær i Bergen Aftenblad.

Med livfulle, kvasse auge under hattebremmen formidla Joleik moro og alvor på ein gong. Stilen speglar ein eigenrådig bladstyrar, av og til kanskje for eigenrådig. Kona Olava var ofte uroa for kva gale mannen kunne finne på å skrive, og ho bad borna passe på kva dei snakka om heime. For jamvel om det var lite ynskeleg kunne dei risikere at far sjølv tok opp saka. Mykje av innhaldet i avisene var skriven i ein ironisk og skjemtande tone. Blandinga av fakta og kommentar gjer det sjangermessig interessant, utan at eg vil utdjupe dette aspektet her. Han stod for ein særeigen humor, med ironi og sarkasme som hovudmiddel, som ein måtte kjenne til for å ikkje vurdere det som fornærming. ”Denne Spegjelen her han er slik laga han, at du kann spegle deg baade uta og inna; ja um det so er ein riksmann, fær han sjaa seg sjølv som han er”^{cclxi}, merka Verdalens Blad seg. Kor tid ein skulle spare på skytset skilde Joleik ikkje alltid mellom.

”Steng justis hev det vorte paa bana no, so at d’er ikkje greitt for fulle folk som vil reise. No nyleg på Levang nekta dei aa taka-med ein underrettsakførar som skulde til Verdalens.” Ein ærekrenkja sakførar Kvam melde Joleik til politiet for denne notisen i Spegjelen 22. februar 1912. Etter at statsadvokaten først hadde avvist saka kom den opp på ny. I juli vart han såleis idømt 50 kroner i bot, 25 kroner i kostnad til statskassa og 20 kroner til lysingar om dommen i dei blada som Kvam ville. Rekneskapspapira syner at lokale målfolk betalte bota for Joleik. 10. juli svarar han i Spegjelen på Kvam si tordentale i retten mot korleis avisa omtala riksmålet. ”Ein skulde tru at slik skriving var nok i seg sjølv til aa verte baade hengd og brend i ein by der ”riksmalet” er høgt i kurs.” Seinare stemna tre stortingsrepresentantar han.

Årsaka var ein artikkel i Gula Tidend 21. august 1919, der han skulda norske stortingsmenn for å samarbeide med tyskarane om sildesal.

Kor sterkt var ynsket om å sjokkere lesaren? Uttrykksforma kunne vere ein måte å tiltrekke seg merksemd på. Ved å række ned på autoritetar i den viktige offentlege rolla som avisredaktør, utførte også Joleik ei symbolsterk handling og demonstrerte redaktørmakt. Slik grip vi eit sentralt trekk ved framveksten av ei profesjonalisert redaktørrolle. I tillegg kan Martin Eide ((red.) 2001) si forståing av populærjournalistikk kaste lys over tematikken. Joleik formidla i korte trekk slik journalistikk gjennom blandinga av seriøse og underhaldande aspekt. Som grunnlag for journalistisk makt skal vi vurdere populærkulturelle innslag på lik line med meinings- og nyhendestoff, krev Eide. I tråd med dette påstår eg difor at Joleik skapa ein brei maktbase gjennom samansett innhald.

”Ymsingar”

Gjennom petitspalta ”Ymsingar” dreiv Joleik gjøn med norske politikarar og andre samfunnstoppar. Her synleggjorde han narrerolla som ein del av redaktørvirket sitt. Kvar gong skreiv han under med nemninga ”Garp”. Ordet har fleire tydingar som alle står godt til innhaldet; rå, høgrøysta, flåkjeftha person, skøyar, men også hanseat og narr^{cclxii}. I det han tok på seg ei slik rolle signaliserte han sjølvstende i høve til makthavarane. ”Ymsingar” er eit sterkt uttrykk for den journalistiske praksisen til Joleik. Sidan spalta dukka opp i Fjordaposten 7. november 1924 utgjorde den ein fast teig på sistesida. I spalta realiserte han mykje av seg sjølv. Eigne synspunkt lét han skine klårt gjennom i innhaldet, og ikkje sjeldan retta han spark mot regjering og storting. Han tok opp aktuelle saker og knytte dei saman på råkande vis. Vekenytt og meiningsytringar vart omtala i ein underhaldande og kåserande stil. Den tematiske variasjonen var stor, til liks med bladstyraren sine interesser.

”Ymsingar” kunne ta til med hundredagane, trekke fleire lause trådar vidare til karakulsauer og den etiopiske keisaren, før Joleik avslutta med å ynske livet av statministeren Mowinckel. Venstreleiaren var som ofte før skotskive 20. mars i 1935, no i ein omdikta versjon av ein kjær bergenssong i høve regjeringskifte. ”Jeg tok min Nygaardvold sikkert i hænde. Sorgen forgik mig på Mowinckels kropp. Tænkte på de bønder om de vilde brænde og byde Monsen

mod fienden op.” Best likte han nærast å klyve frå (makt)topp til (makt)topp. Når Stortinget har ferie klagar han til dømes over at det er lite å skrive om. Ironisk nok sette Joleik i siste utgåve i Fjordaposten fram ynske om å verte statsråd: ”Eg tykkjer riksstyre kunne ha gjort meir stas på 5-årsdagen, t.d. med å auka ministertale liksom i Frankrik, til 22. so kunne eg ha kalla meg nr. 23”. Kongehuset representerte ein annan maktelite som fekk ein del omtale, men i finare og meir positive ordelag, gjerne om korleis dei kosar seg med sjokoladekake på årsdagar. Derimot retta han ofte stikk mot andre aviser.

I ettertid har fleire nemnt ”Ymsingar” som noko av det beste innan norsk petitjournalistikk. Originaliteten er eit trekk mange har bite seg merke i. ”Albert Joleik var utvilsomt en av mellomkrigstidens mest originale penneknekter i Bergen”^{cclxiii}. Nettopp petitjournalistikk spela ei viktig rolle for kontakta med avislesarane. Det er fortalt at studentane på Blindern slost om avisa for å lese ”Ymsingar” først^{cclxiv}. Det var gjennom denne spalta Joleik gjorde seg mest kjent. Sjølv riksmålsfolk las den visstnok^{cclxv}. ”Me saknar Dykkar ”Ymsingar” kan De tru, dei er ofte på tale i godt venelag”, skreiv Jacob Schjøtt, ein fast annonsør, i brev til Joleik 14. februar i 1946. Av ei noko anna mening var den moraliserande Norgesposten. ”Noko stort sakn vert det ikkje for Vestlande at Fjordaposten ikkje kjem ut, heller ikkje er det til skade for ”moral og sædelighet”. For Joleik var rå og kvass. Ymsingane hans passa seg ikkje til å lesast i dameselskap. Men han var uredd og skreiv sanningi like fram”^{cclxvi}. Albert Joleik forlysta og provoserte i rolla som redaktør. Denne spenninga kom også til uttrykk i viset han formidla målsak og norskdomsideologi på, skal vi sjå i det komande kapitlet.

7 INDIVIDUALISME OG FELLESSKAP FOR MÅLSAKA

Albert Joleik si sjølvstendige line som bladstyrar ytra seg også gjennom korleis han formidla norsk folkemål og bygdenorske verdiar. Korleis praksisen og identiteten til redaktøren knyter seg til den nasjonale, motkulturelle dimensjonen, er særtrekket eg no vil utdjupe. I eigne avisar la han fram personlege synspunkt på målsaka. Joleik utfalda seg som ein individualist, men han bygde yrkesutøvinga på eit idegrunnlag han delte med andre i nynorskpressa. Mellom uttrykka for dette er korleis han går utifrå idealet om eit harmonisk bondesamfunn.

Målblada såg Joleik som ”vaar beste handfeng i striden for norsk maals rett”^{cclxvii}. Den nynorske bladstyraren var medviten om formidlingsrolla si. Spegjelen og Fjordaposten tente fleire viktige funksjonar knytt til målarbeidet. Om denne redaktørprofilen ville stå for seg sjølv tok han likevel del i felles front for målsaka. Særleg i Spegjelen kom dette til uttrykk med ynsket om å forme ein samlingsstad for dei som nyttar landsmål.

Sterke meningar om norsk målreising

”Maalblada er vaktpostar som skal varsle kvar den heimedanske fienden ferdast, og slaa han paa rømda. Utan sterke maalblad, med mange tingarar, nyttar maalreisingsarbeide lite eller inkje.” Joleik gjorde i Spegjelen 1. mars i 1913 tydeleg kva oppgåve han som nynorsk bladstyrar hadde. Sjølv om skiftmålet i begge avisene tydeleggjer språk som ei viktig kampsak, er temaet i ulik grad omtala i Spegjelen og Fjordaposten. Medan målarbeidet ofte var agitert for i Spegjelen kom Joleik sjeldnare direkte inn på denne tematikken seinare. I staden låg vekta i Fjordaposten meir på å hevde sjølve målforma og ei vidare, nasjonal orientering. Skiftet kom av endringar i avisprofil og råmevilkår. Fordi målsaka stod stadig sterkare fram mot 1940, parallelt med svekkja samhald i målrørsla og mindre politisk støtte, kunne han velje ein opnare ståstad i møte med nye utfordringar. Samanlikna med Spegjelen var følgjeleg Fjordaposten eit mindre reindyrka målblad.

Bygdemeldarane Spegjelen knytte til seg fortalde ofte frå lokalt målarbeid. Elles kom emnet opp i bladstyraren sine eigne drøftingar, i skrivestykke lånt frå nynorskavisar som Den 17de Mai og Gula Tidend, samt taler og notisar om temaet. Joleik teikna eit fiendebilete av

riksmålsfolk som forkjemparar av danske skriftmål. Det motkulturelle perspektivet basert på motstand mot det danske embetsstyret er framleis aktuelt. Riksmaalsforbundet fekk karakteristikken ”ein heimedansk samskjipnad”. I avisar 27. februar i 1912 sette han talsmenn for norsk folkemål og ”sjællandsmaale” opp mot kvarandre. Her vert ”riksmaalstrævarane” sine målsettingar framstilte som mindre demokratiske.

”Kva vil målmennene? Dei vil nytte de norske folkemaale som 95 prosent av folkje talar og faa de til fullgjildigt skriftmaal for alle nordmenn. Kva vil riksmaalsstrævarane? Dei vil bruke dansk skriftmaal, som er laga av bondemaalføre paa Sjælland, og dette sjællandsmaale vil dei have til einaste rettkomne skriftmaal. Dei vil endaa meir og verre: dei vil bruke skulane til aa avnorske ungdomen. Dei lyg og segjer at sjællandsmaale er norsk, og at norsk maal er berre ”dialekt” og ”vulgærsprog”. Dei vil lære ungdomen av med livande norsk tale, og vil lære deim aa tale dansk skriftmaal.”

Ein sterkare folkevilje låg til grunn for det norske folkemålet, argumenterte Joleik og henta legitimitet til ytringane sine. På same tid skapar han biletet av riksmaalsforkjemparar som representantar for eit framandt og næraast totalitært styre. Dette synet hevda han også tidlegare på året, då Spiegelen gjorde krav om ”full rett for norskmaale” under målposten på venstreprogrammet^{cclxviii}. Målsaka bør vere hovudfokus for partiet, for ifølgje bladstyraren er den meir enn noko anna sak både nasjonal og demokratisk. Meiningsytringa er eit klårt uttrykk for krav om å basere det nasjonale medvitnet på norsk folkemål.

”Dei som talar dansk her i lande, er so faae (berre 3-4 prosent) so d’er heilt meiningslaust (løgje), og vyrslaust mot folkje, naar dei finn paa aa arbeide for danskmaale, mot norskmaale. Dei er ei nasjonal sak aa faa ende paa deira anti-nasjonale *obstruktion*. Men arbeide for norskmaale sin rett er samstundes ei stor demokratisk sak. For *demos* – folkje – som vantrivst i tunge kaar, talar norsk. Og de antinasjonale faatal er danskalande for det meste – mann for mann – mergen av den antidemokratiske surapald.”^{cclxix}

Førestellinga om to ulike kultursyn og former for offentlegheit kjem til uttrykk. Om samfunnsvilkåra har endra seg held Joleik på grunnlaget for framveksten av nynorsk motkultur. Redaktøren og målmannen gjorde seg til talsmann for folket, for mengda av småbønder og arbeidarar med lite kunnskapar om ”frammundmaale”. Ved å utøve redaktørgjerninga slik tente han ei viktig demokratisk rolle, eit uttrykk for presseideologiske grunntankar, i det same bygde han tillit mellom seg og lesarane.

For å få gjennomslag for målkrav var Venstre vurdert som den viktigaste partipolitiske støtte-spelaren. Til liks med dei fleste andre målavisen i samtidia sympatiserte Spiegelen tydeleg med partiet. Skytset retta Joleik mot ”målhatande” sosialistar og ”bakstræverske” høgrefolk. Fire dagar etter regjeringsskiftet sådde han 24. februar i 1912 tvil om riksstyret Bratlie, samansett av Høgre og Frisinnede Venstre, si nøytrale line i målstrida. Bakgrunnen for tvilen

fann han i regjeringserklæringa der riksmålet var framheva som grunnlag for framtidig språkutvikling. ”Hovdingane for høgre maa have stor vanvyrdnad for norsk nasjonalitet”, kunngjorde han. På ny ser vi korleis han koplar nasjonalitet til språket.

Sterk vekt på politiske føringar i tilknyting til språkspørsmålet framkom i begge avisene. I Fjordaposten uttrykte Joleik ei meir kritisk haldning til samarbeidet mellom Venstre og målfolket. ”Vinstre hev tent storleg paa maalmennene; dei hev arbeidt ideleg og sløft og mykje for venstrepارتie, endaa vinstre hev gjort skameleg lite for maalreisingi”, kveste han til i 1924^{cclxx}. Utan støtte frå andre store parti fann han likevel grunn for målflokkens å halde seg til Venstre. Framfor stortingsvalet i 1927 var derimot Bondepartiet sett som eit fullgodt alternativ. ”Men d’er best aa bu seg paa at maalreisingi fær lite gagn av stortingspolitikken”, la han til^{cclxxi}. Påstanden byggjer han på at Venstre trass i fleirtal i åra 1913 til 1921, eit tidsrom då målrørsla vann stadig mindre gjennom med krav, gjorde lite. Kritikken mot partiet auka på og i påvente av nytt stortingsval 1930 kom Joleik med harde skuldingar.

”Maalreisingi hev vinstre vore litevettu meir med paa i dei siste aar. Men elles maa ein segja at partie hev drive val-svik sidan 1885, daa det vart vedteke at norsk og dansk skulde vera jamstelte. Riksstyri av vinstre hev gjort liksom det vedtakene ikkje var til, men maalmennene var godsauder korsomer i 40-50 aar, til aa fylgja bjølleverene i bæ-bæ-flokkene.”^{cclxxii}

Joleik sine partipolitiske sympatiar fangar her opp utviklinga til at målfolk i mindre grad støtta Venstre. To nye parti stod no fram som konkurrentar, ”for bondepartie og arbeidarpartie hev sine maalreisingsmenn likso gode som vinstre”. Dei to same grupperingane si støtte til samnorsk seinare på 30-talet førte han derimot attende til Venstre.

Forutan å ta til motmæle mot politikarar gav Joleik sine eigne påtale. Han ytra seg som ein politisk opposasjonell og hevda ei maktkritisk haldning, men også andre enn autoritetar måtte tolke kritikk. I Spegjelen reiste han tidleg spørsmålet om korleis målfolket arbeidde. Seinare omtala han jo i 1930 målentusiastane i Venstre som defensive ”godsauder”. Målblada arbeidde heller ikkje offensivt nok. Etter eit vedtak statsrådane for Kyrkjedepartementet og Landbruksdepartementet gjorde, om å svare på nynorsk om dei mottok brev i denne målforma, meinte han til dømes dei synte overdriven glede. For kven andre enn regjeringa og Stortinget skulle iverksetje den språklege jamstellinga? spurde han i Fjordaposten og klaga: ”Maalmennene er mest smaanøgde smaafolk, og er overlag smaanøgde med maalreisingi og. (...) Kann maalmennene verte mette av slikt, so er dei lettfødde”^{cclxxiii}. I Spegjelen hadde han sjølv gledd seg stort over at fleire stortingsmenn nytta landsmål: ”D’er brote hol i den

heimedanske muren, og norskt maal kjøyrer innatt sameleis som dansk vart kjøyrd inn".^{cclxxiv}

Av fleire årsaker var nok eigne meininger om målarbeidet lettare å setje fram i Fjordaposten. Utover i 1930-åra verka nemleg striden om den nye rettskrivingsreforma til å splitte målfolket. Regjeringsskiftet i 1935, då Arbeiderpartiet kom til makta, gjorde det dessutan vanskelegare å vinne fram i rikspolitikken^{cclxxv}. Joleik markerte rett nok nokså eigenarta synspunkt på norsk rettskriving allereie frå starten av i 1911.

”Skjit i rettskrivinga!”

Språkbruken i Spegjelen og Fjordaposten signaliserte eit folkeleg og jordnært uttrykk. Med utgangspunkt i Ivar Aasen si fyrste landsmålsform ville Joleik forme eit munnleg prega skriftspråk. ”Og denne fyrste landsmaalsforma vil me freiste aa faa endaa lite laglegare, so nær talen som raad er. (...) Grunnregelen for norsk lesing er: aa lesa so likt din eigjen norske tale som raad er etter skrifta”, gjorde han klårt i programmet for Spegjelen. Noko fast skrivemåte ville han ikkje nytte. ”Her skal ikkje lagast i hop nokor serform. Det vert vanleg ”normalform” – og + nokre bokstavar til aa lette lesnaden.” Difor utelét han stumme endingar og stavingar han meinte var gått ut av talemålet. I det heile reiste han tvil om godkjende rettskrivingsreglar kunne vekkje målkjensla. Denne lina vart vidareført i Fjordaposten. Kva andre synspunkt hevda han i tilknyting til norsk rettskriving, og kva reaksjonar møtte han?

Utviklinga av landsmålet frå teoretisk system til bruksspråk var noko fleire implisitt peika på i Spegjelen. ”Det beste me gjer for maalet no, er aa tinge ”Spegjelen” snarast raad er, og tel andre aa gjera det sama. Derved vil maalet koma inn i heimande rundt bygdene vaare, og folk vil lesa og bli glad i det”, oppmoda ein lesar 5. april i 1911. Poenget tok Joleik med då han sjølv ville tekkje moglege tingar: ”Folk flest vilde verte maalmenn, berre dei fekk sjaa og lese norsk landsmaal kvar dag”^{cclxxvi}. Som bladstyrar for eit målblad syner han til den viktig oppgåva som låg i å formidle målforma. Fleire hadde innvendingar mot korleis han løyste oppgåva.

Norrønt og Sunnfjord-dialekta har vore trekt fram som sterke inspirasjonskjelder for Joleik si rettskriving^{cclxxvii}. Lesarar av Spegjelen gav han kritikk for bruken av eiga dialekt, i

motsetning til Fjordaposten som på Vestlandet fann eit publikum med fyrstehandskjennskap til den. ”Kvifyr skal De no endeleg驱ra paa med denne heimegjorde rettskrivingi Dykkar?”, spurde ein leesar av Spegjelen frå Narvik^{cclxxviii}. Ein tingar reagerte så sterkt mot dette trekket at han valde å seie opp målbladet: ”Bladet er ”venteleg” skrevet for nordre luten av landet, og det passar av den grunn mindre for midlandsbolken. Me er kje so – vi – at me tek upp dialekter i kampen for det norske språket”^{cclxxix}. Tingarane likar avisas, men ikkje rettskrivinga, skreiv ein tingar-samlar frå Oppdal til Joleik i brev til Joleik 18. november i 1911.

Kanskje kunne avisas ha vunne meir støtte i Trøndelag om skriftspråket i Spegjelen hadde lege nærrare opp til lokale dialektar. Sjølv om han stadig fekk motbør for skrivemåten heldt Joleik karakteristisk nok på sitt. Mellom kritikarane var også ”ein ortodoks maalmann” frå Steinkjer som mislikte all bruken av bokstaven j^{cclxxx}. Truleg var bokstaven dels nytta for å fange opp språklyden palatalisering, eit trekk ved talemålet til Joleik, eksempelvis i ”Spegjelen”. Innskrivaren nemner likevel Joleik for ein ”riksmaalsetar”. Sjølvaste Garborg gjekk ut mot måten Hovden skreiv visse enkeltord på i avisas. ”Og kved det paa eit Maal som du kann vera ved, um du so ein Dag skal møtast med `n gamle-Ivar!”, kravde han i avisas 30. mars i 1912.

”Han har i alle dagar vore ein frisk og uredd målmann, med store kunnskapar om norsk mål og lovane for norsk mål. Men han bryr seg sytten i alle slag rettskrivingar, gamle og nye”^{cclxxxi}. Denne skildringa Bergens Tidende gav av ein 85 år gammal Albert Joleik er treffande. Lite endra Joleik skrivemåte og eigne meininger gjekk framom delar av lesarflokken sine syn. Idealisten og individualisten Albert Joleik kom i fyrste rekkje. Dette kan ha ført til at både publikumspotensialet og det økonomiske grunnlaget vart svekt. Kor mykje av folkeviljen tok han eigentleg opp i seg? Å rikke på standpunkt kjenneteikna ikkje ein bladstyrar som nok kunne vere sta og nærest arrogant. Nok eit ættemerke fortel om denne eigenskapen: ”Kom dei i trætte elle strid, nytta de inkje aa truga deim, for daa vart dei berre stridare og djervare”^{cclxxxii}. Strilynde kom fram i 1938 i diskusjon av nye reglar for rettskriving.

”Men rettskrivings-skræddarane, både i 1917 og no hev klypt ut og sett bot i bot på den heilhorske måklædningen. Dei lagar regelbrot og knoth alle stadar. (...) Men skjit i alt! Um riksstyre sender ut resolusjon og stortinge er med på å tvinge rote inn i skulane, so hev ikkje målgrisene vunne leiken med det.”^{cclxxxiii}

Så tidleg som 4. desember i 1913 støtta Joleik framlegg om nye rettskrivingsreglar for landsmålet, med krav om at norsk tale skulle vere rettesnor: ”Lat oss faa skriftmaale meir likt

den norske talen i maalføra, og soleis lette lesnaden for folkje". Over 20 år seinare sette han fram same krav i Fjordaposten. Etter at statsmaktene hadde sett ned ei nemnd for å tiljamne landsmål og riksmål, eller norsk og dansk som Joleik sa, i rettskriving, ordformer og bøyingsformer, stilte han seg snarare svært negativ til endringar. Under overskrifta "Folke skal narrast med ei ny målrøre", skreiv han i 3. januar i 1936: "Brigde og vøling i målreglane og stavingi, det trengst i norsk og. Men det må vere utan umsyn med måle frå Danmark." Saman med fleire og mindre faste reglar var han redd det kunne resultere i ei svekking av landsmålet. I 1937 forsvara han Noregs Mållag sin motstand mot framlegg til norsk rettskriving, omtala som "lapskausmål" av Joleik^{cclxxxiv}. Karakteristikkar som "provinsdansk målsyn", "sosialistisk "rett"skriving" og "reinsila humbug" fortel om innhaldet i kritikken bladstyraren retta etter avslutta arbeid i 1938. Endringane den nye skriftnormalen innebar tok han ikkje til seg.

Joleik ville stå for seg sjølv, noko også andre målblad fekk merke. Skreiv dei ikkje like "folkeleg norsk" som han fekk dei påtale. I Fjordaposten 26. november i 1936 rakka han ned på "målfusket" i nynorskeavisar som Norsk Tidend, Gula Tidend og Nynorsk Vikeblad. "Det er ei stor skamm, so mykje misnorsk og halvnorsk skriving ein fær i dei største målbladi", sa han og klaga over at avisene "forpestar lesarane med hottentottisk mål". Det norske folkemålet og grunntankane bak var samstundes idear han delte med dei. I ein tidlegare fase var han kanskje meir oppteken av fellesskap med andre i målrørsla. Dette syntet seg i form av organisatorisk aktivitet så vel som redaksjonelle målsettingar.

Samlingsstaden Spegjelen

"Men blade kjem til aa verta som ein samlingsstad for mange av deim som fyrr hev skrive norsk i dei dansknorske bladom her i kring", stod det i programmet for Spegjelen. Å skape ei eiga øvingsmark for skrivelystne målentusiastar i Trøndelag, var ein viktig intensjon bak utgjevinga. Som redaktør var Joleik såleis med og bygde opp eit alternativt offentleg rom for denne gruppa. Ettersom distriktet mangla eige målblad tente avisar ei viktig oppgåve med å synleggjere landsmålet der. Skriftmålet og denne formidlingsforma evna å skape førestelte band mellom avis og leser. Utvekslinga av lokalt bygdenytt la også grunnen for eit fellesskap

lesarane imellom. For mange opna desse momenta truleg opp for å kunne identifisere seg nærare med målreisinga.

Frå fyrste nummer av oppmoda Joleik lesarane om å skrive brev med nytt frå bygdene. ”Um det er andre ting folk hev på hjarta, so skal det i alle fall ikkje vente paa rom, for det um at stykkje er paa landsmaal”, la han til og markerte ein motsats til riksmålspressa. Rekkja av lokale støttespelarar tok straks til å melde om ulike hendingar og stoda i målarbeidet, andre fekk meir skjønnlitterære innslag som dikt og forteljingar på trykk. Målforma var fellestrekket mellom skrivestykke prega av stor tematisk variasjon. Ofte stod breva for kring halvparten av det redaksjonelle stoffet, men dette skifta noko etter kor tid Joleik var på militærøving. I desse periodane, mellom anna då kona Olava vikarierte sommaren 1912, og særleg med tre utgjevingar i veka auka det på. Gjennom å skape engasjement mellom lesarane kom han i betre kontakt med dei. Trekket danna samstundes grunnlag for å byggje identitet kring målsaka på lokalplanet. ”Som talsmann for norskdomsrørsla i dei staute trønderbygdene skal han bera bod um alt som vert gjort til fremjing av vaar nasjonale sak”, fortalte sendaren av eit ”Steinkjerbrevaat Spiegelen” 18. januar 1912.

Dei lokale meldarane skreiv helst om innanriksstoff, som skildringar frå reiser, møteverksemd samt by- og bygdeliv elles. Ein av desse kom med innspel i brev til Joleik 9. november i 1911: ”Dette diktet som fylgjer med her, kann De truleg bruka i ”Spiegelen”. Um De vil, skal eg gjerne skriva fleire dikt i bladet Dykker no frametter. Kanskje og kunde senda Dykk nokre Elveroms-brev, skriv um folket, arbeidskaara, maalstoda, politikken her”, gjorde Halvor Floden, forfattar og seinare formann i Norsk Bokmannslag, framlegg om. Til liks med lyrikaren Tore Ørjasæter skreiv han ei mengd dikt i avis. Berre i tida frå 23. mars 1911 fram til nyårsskiftet kan vi registrere kring 190 ulike brevsendarar. Storparten av breva kom frå Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, vidare frå Kirkenes i nord til Stavanger i vest, frå Island og Hallingdal. Nokre medarbeidarar hadde faste oppdrag, Dietrichson skreiv regelmessig om jordbruk og Ola Fet rapporterte nytt frå hovudstaden.

Prestar, lærarar og forfattarar, men også bønder var yrkesgrupper som særleg engasjerte seg. Mange mållag og ungdomslag i distriktet nyttet dessutan Spiegelen som meldingsblad, fleire av dei ytte i tillegg økonomisk støtte. Fylkesungdomslaget i Trøndelag såg til dømes avis som lagsbladet sitt. Ikkje minst slik ser vi at avis faktisk romma ein samlingsstad for målfolk i distriktet. Ein krets av trufaste støttespelarar hjelpte Spiegelen fram både økonomisk og med skriving. Fleire av dei var markante samfunnsaktørar med tilknyting til målrørsla. Truleg

bygde Joleik opp eit kontaktnett i studenttida som han no fekk nytte av. Halvor Floden var eksempelvis som Joleik aktiv i etableringa av Bondeungdomslaget i Oslo.

Den viktigaste medarbeidaren dei tre åra var nok presten Anders Hovden. Dikta og artiklane han ytte gav avisas tyngd. Sjølv festa Hovden stor lit til bladstyraren og greip viktige karaktertrekk ved han slik: ”Du bautar deg daa fram og lær humlorne surra. Gjeng du din eigen veg og vil det du vil. Og du vil noko. Du er ein klegg til aa bita deg fast, og du slepper nok ikkje taket”^{cclxxxv}. Hovden skal ha budd på same pensjonat i Trondheim som Joleik. Vikaren Olava fekk fritt løyve til å bruke av det han hadde skrive, etter å ha spurt om hjelp. Ein annan kyrkjeleg medarbeidar var den nyutdanna presten Nils Trædal, tidlegare med i Student-mållaget i Oslo, seinare aktiv bondepartipolitikar og kyrkjeminister.

Fleire hjelpesmenn frå målmiljøet tilførte Spiegelen tyngd. Lege og forfattar Idar Handagard arbeidde for fleire aviser, forutan Gula Tidend og Spiegelen også Fjordaposten i startfasen. Handagard har truleg Joleik stifta kjennskap med i studenttida, då dei saman med mellom andre Severin Eskeland var med og grunnla Studentmållaget i Oslo^{cclxxxvi}. Sjølv stod Eskeland fram som ein leiarfigur i den frilynde ungdomsrørsla, og av yrke var han lærar og seinare rektor ved lærarskulen på Stord. I 1911 og 1913 skreiv han ei rekke bokmeldingar og målstykke i Spiegelen. Medarbeidaren Olav Gullvåg deltok aktivt i starten med ei populær utklippsbok, petitspalte og ulike artiklar. Her la han grunnlag for vidare bladarbeid, for i ettertid heldt han fram som redaktør for nynorskavisen Norig og Gula Tidend. Læraren og forfattaren Sturla Brørs frå Namdalseid ytte både dikt og sakprosa. Kontakta mellom han og Joleik kom frå tida ved lærarhøgskulen i Levanger. Jamvel Arne Garborg sende sommaren 1913 artiklane ”Maalsak og jordsak”, ”Folkehelsa” og eit stykke om Hypotekbanken.

Trass i støtte frå mange hald klaga fleire av Spiegelen sine hjelpesmenn etter kort tid over manglande lokalt engasjement. Ein av desse var Edvard Langset. ”Det er ei sykja eller ei tru som er so aalmenn her paa Nordmør og andre stader kring lande. Norsk arbeide gjeng av seg sjølv. Skulde ein høyrt noko so toskut”, tordna han i avisas 15. juli 1911. Fortvila over målfolket i Trøndelag skulda faste støttespelarar dei for å vere likesæle og ansvarslause. Utan offervilje for Spiegelen kunne målsaka vanskeleg vinne fram her, var det hevda frå eit hald: ”Inga sak vinn fram utan ho hev gode blad som kvar dag kann leggja saka fram for folk og spreida upplysing i hus og stove landet ikring”^{cclxxxvii}. I 1912 synest det som færre lokale medhjelparar engasjerte seg i skrivarbeid, tendensen er enno klårare i 1913. Parallelt etterlyste folk stadig nyhende frå heimbygda si. Fekk Andreas Hegerberg rett? I februar 1912

slo han nemleg fast at avisdrifta ikkje gjekk godt nok. Joleik var for tilbakehalden og burde spørje fleire av ”vaare beste målmenn” om å skrive i Spegjelen, meinte Hegerberg. Noko av årsaka til minkande oppslutning kan kome av dette. På den andre sida ville vel heller Joleik gje vanlege bygdefolk eit rom der dei kunne ta landsmålet i bruk.

Idegrunnlaget for Spegjelen og Fjordaposten

Korleis kjem det idemessige og kulturhistoriske grunnlaget for målreisinga fram i avisene Joleik stod bak? Innanfor norskdomsideologi har landsmålet spela rolla som felles symbol på nasjonal identitet, det har samstundes vore ein reiskap for å formidle ideane bak målreisinga. Skriftmålet i Spegjelen og Fjordaposten er såleis del i eit større kultursyn. Innhaldet i avisene syner ein bladstyrar sterkt oppteken av ideologiske røter, i det desse dannar bakgrunn for argumenta han set fram til forsvar for målsaka. Avisspaltene speglar eit samansett identitet, i spenninga mellom by og bygd, mellom akademia og bondeliv, mellom nasjon og profesjon.

I ung alder tok han til å interessere seg for målarbeid og ideane det bygde på, ei interesse han bar med seg vidare gjennom aktivitet i nynorsk presse og organisasjonsliv. Idealisme prega tankesettet til mange av dei som tok del i slik aktivitet sterkt, også Joleik. Fjordaposten merka seg ein tendens mellom fleire av desse til å oppvurdere seg sjølv. ”Det er mange maalmenn som gjeng og gjer seg til av at dei hev ofra seg so og so mykje for maalsaki og at dei hev vorte martyrar”^{cclxxxviii}. Han åtvara mot å la denne utviklinga få fotfeste innanfor målpressa, og svara: ”Ein bladmann han hev aa gløyma seg sjølv og arbeida for bladet sitt, for ideali sine, for landet sitt”. Kva ideal med tilknyting til målreisingsideologi arbeidde han mot i Spegjelen og Fjordaposten?

Som ideformidlar tok Joleik opp ulike grunntankar bak målarbeidet i avisene. Lite skil dei to målblada på dette punktet, men som vi har sett stod Fjordaposten for eit sterkare fokus på nasjonale næringsinteresser. Til grunn for Spegjelen låg eit tydeleg motiv nettopp i å styrke nasjonen, sjølv etter Noreg nyleg hadde sikra sjølvstendet. Restane etter det han kalla ”dansk snobbekultur”, mellom anna i språket, framkalla engasjement. Skulle den nasjonale rørsla nå ut måtte ein erstatte romantikk med praktisk arbeid, kravde han i februar 1912. Framom andre folkerørsler hevda han målflokken i særleg grad ytra eit nasjonalt og demokratisk krav. ”Den

som enno trur at det nationale reisningsarbeid og maalsaki berre er til aa blaasa av, er blind for framgangslina hjaa folket, han skynar ikkje si tid, og vil aldri verta nokon folkets mann”^{cclxxxix}. Trekkjer vi inn andre motiveringstypar bak idegrunnlaget for målreisinga, ser vi at Joleik også tematiserte sosiale og folkepedagogiske aspekt. I avisene stridde han mot manglande rettferd og for folkeopplysing. Til dømes vart det gjort krav om betre vilkår for bøndene og gjeve råd om jordbruksdrift. Vidare ville han binde skriftspråket nærmare opp til talemålet for å gjere kunnskap lettare tilgjengeleg.

Joleik såg seg sjølv som ein meir ihuga nasjonalist enn han kanskje gav uttrykk for i avisspaltene. Det nasjonale programmet han sette fram i 1921 var heller urealistisk.

”De er so mangt einn tenkjer o meiner som ikkje høver til bladskriving. Eg hev nokre faae hugmaal som eg mæter mest, men hev vunne gjort so altfor lite fyre: at Noreg skulde styrast so de vert ein hugnad heim fyr 10-12 millionar menneske; og at Noregsvelde vart etterreist med grensur fraa Magnus Lagabøtir si tid.”^{ccxc}

Tankane synest likevel å liggje bak standpunktana han la fram om styresett og landvinning. Å arbeide for å få hand om Grønland og dei rike naturressursane der var ledd i dette. I særleg grad søkte han ideal i norske kulturtradisjonar. Ved å leggje betre til rette for jorddyrkning i Noreg kunne ein skape levekår for fleire, påstod han: ”Di fleire procent bondestand, di meir trivnad i alt folke”^{ccxci}. Frå ei romantisk framstilling av bygdeliv og folkekultur kan vi trekke liner til ideen om det harmoniske bondesamfunnet. ”Hans ideal var den sjølveigande bonden – og helst den bonden som kunne rekne forfedrane langt attover som norske”, er det hevdta om Joleik^{ccxcii}. Eit anna døme på korleis norskdomsideologi vart reflektert i avisene finn vi i synet på industriarbeid. Sjølv om industrielt prega fabrikkarbeid i noko mon var nedvurdert, er det teikn til at han gjekk inn for å sameine dette moderne trekket med tradisjonelle verdiar. Snarare enn å motstride utviklinga ville han kombinere fabrikk- og jordbruksarbeid. Slik bygde han som Aasen og Garborg bru mellom fortid og notid.

Leiande ideologar fann grunnen for særnorske verdiar i bøndene sitt levesett, og slike førestellingar verkar å ha inspirert Albert Joleik. Han var sosialt medviten, byrg over å vere av bondeætt, og sette denne yrkesvegen høgt. Gleda over å sjølv drive gard var stor. Dette verdisynet avspeglar seg særleg i Fjordaposten. I avisene spela han ut redaktørrolla som ein bygdetalsmann, til forsvar av distrikta og til åtak på sentralstyring. Skiljelina mellom sentrum og periferi som Rokkan knytte til norsk nasjonsbygging såg bladstyraren framleis.

Maktkritikaren Joleik ville vere talsmann for dei breie lag av folket, i forsvar for heimsleg bondekultur og bondedemokratisk desentralisering. Ideen om folkesuverenitet ser vi han legg stor vekt på i målspørsmålet. Dette styreprinsippet frå den franske revolusjonen var mellom dei europeiske straumdraga som inspirerte Ivar Aasen. I Spegjelen den 17. mai i 1911 grip redaktøren dette momentet: ”I 17de mai-verkje er det two straumar som rinn i hop: ein nasjonal, og ein europæisk”. Eidsvollmenn ”gjennomglødde av fridoms-tankanne fraa den franske umvelting” fanga i 1814 opp europeiske impulsar. Grunnlova framkom då saman med eit særskilt ”nationalt instinkt”, ifølgje Joleik som her peikar på bakgrunnen for formainga av eit nasjonalt medvit. Dette speglar korleis målarbeidet grunnar i ei heimleg og ei meir internasjonal rot. Med ei utovervendt og internasjonal innstilling til grunn for avisarbeidet, la han saman med fleire andre i målpresa nettopp vekt på impulsar utanfrå. ”Naar nordmannen hev lært mest utanifraa, hev han ogso gjort dei største framsteg”, uttala han.^{cxciii}

Anti-autoritære og individualistiske haldningar motverka lenge fellesorganisering i målrørsla. Initiativ skulle helst kome innanfrå og nedanfrå, ikkje ovanfrå. Slike standpunkt støtta Joleik gjennom stadig kritikk av makthavarar i avisene. Forutan politikarar og byråkratar stilte han seg skeptisk til sine eigne, til nynorsktihengjarane i partiet Venstre og andre bladstyrarar i målpresa. Radikale, personlege ytringar kvidde han seg lite for å markere. Var han eigentleg ein ”outsider” i målflokken? Med bakgrunn i organisatorisk aktivitet synte han heller ynske å ta eit felles tak, særleg i tida før skipinga av Fjordaposten. I avisene sluttar han seg til viktige trekk ved målreisingsideologien, men han formidla idegrunnlaget på eige vis. Særpreget skein gjennom i innhald og skrivemåte. Joleik skapa ein eigenarta identitet som bladstyrar. Han ville stå fritt til å meine sjølv, samle målfolk til strid og hevde folkemeininga på ein gong.

Vinje som ideologisk førebilete

Fjordaposten har av fleire vore likna med avisat Dølen, som den nynorske pressepioneren Aasmund Olavsson Vinje gav ut. Mellom likskapane er ein særeigen skrivestil, det maktkritiske perspektivet og språkengasjementet særleg synlege. ”Det er sagt om han at han fører Norges skarpeste penn, og i bladstykki fører han iallfall eit frihuga språk og uttrykksmåte som ingen annan sidan Vinje”^{cxciv}, er sagt om Joleik. Ludvig Jerald, som lenge var aktiv i nynorsk presse og i Norsk Bladmannahag, omtala han som ”ein åndeleg ættling” av

Vinje^{ccxcv}. Både Vinje og Joleik var akademikarar av bondeætt som bar fram klårtenkte meininger i folkelege vendingar. Joleik har vore karakterisert som ”meisteren like i arbeidet med å leita fram eller skapa gode norske ord”.^{ccxcvi}

På den andre sida kan vi ikkje sjå vekk frå viktige skilje mellom dei to redaktørane. Dei var aktive bladstyrarar under dels ulike samfunnshistoriske vilkår for yrkesrolla si. Medan Joleik tok del i etterkant av viktige markeringar som førte fram til ei uavhengig redaktørrolle, verka nemleg Vinje førut denne utviklinga. Ein sterkare yrkesidentitet og auka fagleg medvit prega Joleik si rolleutøving. Forfattarar som Vinje hadde fram til 1890-åra dominerte det offentlege ordskiftet. Fyrst då skilde journalistikk og litteratur seg ut som to sjølvstendige yrkesområde eller sosiale felt. Vidare fokuserte ein meir på relasjonar med aktørar innanfor det økonomiske og det politiske feltet. I neste kapittel skal vi sjå korleis dette arta seg i *Spiegelen* og *Fjordaposten*.

8 SJØLVSTENDE FRAMFOR BØRS OG PARTIPOLITIKK

Ein stadig meir uavhengig yrkesidentitet opna for eit særskilt journalistisk felt. Med bakgrunn i Albert Joleik sin praksis som redaktør skal vi til sist sjå kva form for profesjonell identitetsbygging han synte. I felt-omgrepet ligg ein mogleg reiskap til å gripe denne tematikken med. Umyntinga av redaktørrolla framkom i nær relasjon til andre roller. Av den grunn vektlegg eg spenningar mellom Joleik og aktørar innanfor det økonomiske og det politiske samfunnsfeltet. Desse spenningane knyter seg til viktige trekk ved norsk pressehistorie så vel som rolla han utøvde. I lys av omgrepet ”profesjonelle dilemma” nytta av Svenniv Høyerv^{ccxcvii}, skal vi gripe bladstyraren i møte med innteningskrav og partipolitiske sympatiar.

Striden mellom redaktøren og forretningsføraren eller aviseigaren har særleg prega tilhøvet mellom aktørar innanfor journalistikk og økonomi. Gjennom praksis har dei to partane markert auka avstand og sjølvstende til kvarandre. Framveksten av den todelte leiarmodellen førte til at dei fekk kvar sine arbeidsoppgåver i avisdrifta. Todelinga var også eit uttrykk for ei profesjonalisering der to sosiale felt skilde lag. I Fjordaposten meddelte dette seg på eit noko særegne vis. Familiendrift og samarbeid rådde snarare enn strid, for som elles i målpressa bar idealisme for det nynorske språket meir enn inntening avisa fram.

Partipresse medførte nære band og vekslande sjølvstende i høve til politiske samfunnsaktørar, i form av kontakt og samarbeid mellom aviser og ulike politiske parti. Individualisten Joleik lét seg ikkje styre av partipisken, sjølv om Spegjelen var uttala venstreavis og Fjordaposten sympatiserte med Bondepartiet. På den andre sida kunne han vere ein ivrig talsmann for einskilde partisaker. Idealet om å vere uavhengig sette han likevel høgare enn mogleg økonomisk partistøtte, eit ideal knytt til den symbolske kapitalen som følgde med ei meir profesjonell redaktørrolle.

Båten flyt

I kva grad utøvde Joleik ei sjølvstendig redaktørrolle gjennom forretningsdrifta av Spegjelen og Fjordaposten? Eit nærbilete av den økonomiske styringa fortel kor nær samankopla drifta var med bladstyraren sitt kvardagsliv. Ved sidan av å vere redaktør skulle han ivareta rollene

som eigar og journalist samt skaffe annonser og tingarar. Rekneskapen for Spegjelen stemmer overeins med måten Martin Eide skildrar bygdeborgredaktören: ”Balansen mellom idealisme og forretningsdrift har i norsk motkulturell presse ellers tippet klart i retning idealisme”^{ccxcviii}. Idealismen har vore berebjelken, den berande mentaliteten, for rekkja av nynorskavisar. Levegrunnlaget fann ein i det tette samarbeidet mellom ulike tiltak innanfor målrørsla, det såkalla norskdomsapparatet. Ei rad organisasjonar og institusjonar har sikra kontinuitet og vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen, i kontrast til situasjonen for dei fleste andre språka som vert nytta av eit mindretal^{ccxcix}. Dette var også tilfelle for avisene Joleik dreiv.

Til liks med storparten av bladstyraren i målpressa hadde Joleik lite å fylle portemoneén med. Som ansvarleg for einmannsføretak var han sjølv den viktigaste berebjelken, både intellektuelt og økonomisk sett. Ånd og materie må hengje saman i avisdrifta forfekta Per Håland.

”Bladdrift er ikkje berre åndsverk, jakt etter dagsnytt og sensasjonar, brikjande overskrifter og store bladmannsbragder. Det er og forretningsdrift og handverksproduksjon, organisering, utsending og planfast salsverksemnd. Den som gløymer at eit blad er ei verksemnd som skal gje innkome nok til å betale driftkostnaden, kjem ikkje langt. Norsk bladsoge har mange syrgelege døme i den lei.”^{ccc}

Korleis meistra i grunnen Joleik å drive avis og forretning på ein gong, i spenninga mellom katedral og børs? Aarnes skal ha sagt at han med Fjordaposten var einaste bladutgjevar som fekk ei målavis til å svare seg økonomisk^{ccci}. Det var i denne samanhengen Joleik likna drifta med ein båt som verken sigler eller søkk, men held seg flytande. Programerklæringa for Fjordaposten syner lita forventing om økonomisk vinst frå slike ”forretningar utanfyr den store handel”. Eitt år etterpå fortalte han om lite støtte og hardt slit for å etablere avis. Sjølv mente han innkomene frå gardsdrifta la grunnlaget. Seinare avviste han denne påstanden, noko som er i samsvar med innhaldet i fleire brev. Samlinga av brev, mellom familie-medlemer i Bergen og garden i Naustdal i åra 1932 og 1940, fortel ofte om pengemangel begge stader. Balansen mellom idealisme og forretningsdrift tippa heller ikkje her mot børs.

Då Joleik i Fjordaposten 3. januar 1930 oppmoda lesarane om å betale bladpengar, rakka han samstundes ned på avisar som henta inntekt frå partipolitiske bindingar. ”Vert so desse inntektene berre standane paa papere, og ikkje kjem i kassa, vert det tungt aa driva forretning, som ikkje hev nokon driftskapital eller lutmiddel eller partiflesk aa fljota paa.” Han markerte altså avstand til denne forma for økonomisk støtte. Utan politiske støttespelarar var nøysemd og eigeninnsats nøkkelen til å lukkast. Forfedrene kan ha inspirert han også her: ”Dei kviddest ikkje fyr ei lang gonga el ei tung byrd. Dei snikte ikkje. Dei hadde ikkje noko lag med aa

verte rike, men vart ikkje ovundsjuke paa andre som aatte meir”^{cccii}. Denne eigenskapen meinte han sunnfjordingane hadde til felles med ”småtuftige kjinamenn”; ”dei held seg på flot der andre sokk”^{ccciii}. Utanom arbeidet med Fjordaposten henta han og kona noko innkome frå lærarvikariat. Den viktigaste årsaka til at avisene kunne svare seg låg i hjelpa frå økonomiske støttespelarar knytt til målrørsla. Spegjelen mottok nok i større mon slik støtte enn Fjordaposten som stilte seg meir uavhengig.

Nøysemda og idealismen strekte ikkje til. Etter å ha greidd seg gjennom dei økonomisk vanskelege 1930-åra, då mange målblad gjekk inn, røynte Joleik i 1941 ein personleg konkurs. ”Ja der den via dolorosa, - til fatigdomen – som alle idealistar skal vandra. (...) Giid De atter maa koma Dykk upp over vatnet”, skreiv majoren og målmannen Einar Sagen i eit brev til Joleik 7. april i 1941. I påvente av krig fekk nok avisar dårleg innkome sist på 30-talet. Av gjeld frå avisdrifta skulda han J. W. Eides boktrykkeri A/S 1710 kroner og avisar Dagen 1111 kroner for trykking. Fleire tiltak med tilknyting til målarbeidet, til dømes Vestlandsbanken som hadde 1200 kroner uteståande, fråfall krava sine på visse vilkår. Joleik fann løysing og fekk halde på garden, men etter krigen såg han ikkje grunnlag for vidare avisdrift.

Rekneskapen for Spegjelen

Av di berre rekneskapen for Spegjelen er teken vare på, baserer analyser av den faktiske økonomistyringa helst seg på denne avisar. Talmaterialet stadfestar at norskdomsapparatet tilførte målbladet driftsgrunnlag. Joleik profilerte Spegjelen som det første målbladet i Trøndelag, og han fekk støtte frå fleire hald. Lokale mållag og bondeungdomslag samt Kaffistova ytte Spegjelen hjelp i form av lån, gåver eller tingarsanking. Mållaget Trøndelaget stod saman med Nidaros mållag og Bondeungdomslaget fram som dei mest aktive gjevarane av pengegåver. Som ein startkapital løyvde mellom anna Trønderlaget 1000 kroner i april 1911, og i 1913 skipa laget til ein målmarknad der storparten av innkoma gjekk til Spegjelen. Tidvis støtta enkeltpersonar som Severin Eskeland og professor Hægstad avisar med mindre pengesummar.

Slit og svolt prega tidvis også stoda i Spegjelen. Fyrste året bar mengda av nye tingarar avisar,

vidare stod lysingar for hovudinntekta. Grunna underskot frå tida med tre utgjevingar i veka opplyste Joleik i avisa 9. november i 1912 om pengeproblem. Innkomene hadde vore på veg nedover for no å ta seg opp igjen det nærmeste halvåret. Store delar av eigenkapitalen gjekk med til trykking av avisa, som gjerne utgjorde godt over halvparten av kostnadane kvar månad. I februar 1912 hadde han teke til å låne av fleire privatpersonar, lån som påførte han stor skuld. Dei fyrste 100 kronene lånte han frå den skotske forretningsmannen Johs. Bull, ein økonomisk støttespelar som elles hjelpte Gula Tidend og Den 17de Mai^{ccciv}. Ei samling av målfolk i Melhus-bygdene, mellom dei Anders Hovden, ytte han i november 1080 kroner i rentefritt lån. Tilskot kom i tillegg frå privatpersonar som bergmeisteren Per Mortenson, bror til bladstyraren Ivar Mortensson-Egnund, og forretningsførar Olav Dalaker. Begge vart seinare valde inn i rådet for Bladmannaskulen. Andre viktige kreditorar var Bondeungdomslaget og Kaffistova.

”Men kjem du i for stor knipe, so holder slutt en slit deg ut. Men so skulde gaa, kan du kva tid som helst faa rom i ”Syttande” og bra løn”, rådde Rasmus Steinsvik Joleik til i eit brev 18. juli 1911. Joleik tok ikkje imot tilbodet om arbeid. Heilt pengelens i august 1913 hadde han grunn til å angre. Han rekna då opp skuld for til saman 2640 kroner, der pengelån utgjorde storparten, forutan trykking, husleige og skatt. Den private rekneskapen syner at han ei heil tid ikkje kjøper mat, før han 6. september kostar på seg pærer, sigar og eitt glas mjølk for til saman 28 kroner. Med lån frå Bondeungdomslaget og Kaffistova kunne avisa likevel halde fram. I november 1913 hadde skulda stige med over 1000 kroner, og det samla underskotet utgjorde 1285 kroner. Rekneskapen vitnar om ein bladstyrar og forretningsførar som arbeidde for målsaka trass i økonomiske vanskar. Ei meir profesjonell arbeidsdeling framkom med Fjordaposten der kona Olava ytra seg som økonomisk aktør og organisator.

Familien driv Fjordaposten

Kvifor gjer arbeidsdelinga i Fjordaposten interessant i ein yrkesprofesjonell samanheng? På same tid som familiедrift er døme på ei særskilt arbeidsform, syner drifta korleis skiljet mellom redaktør og forretningsførar framkom under sjølv så små vilkår. Albert omtala seg sjølv som bladstyrar, Olava seg som forretningsførar, på den andre sida skilde dei ikkje

eintydig mellom desse to rollene. Til dømes samla Joleik sjølv annonseinntekter og kona vikarierte tidvis som redaktør. Måten dei delte oppgåvene mellom seg kan vi truleg vanskeleg måle i grad av profesjonalitet, heller på grunnlag av kva den beste løysinga var praktisk sett. Saman tufta dei to Fjordaposten meir på samarbeid enn økonomisk vinst. Brytingar mellom journalistiske og økonomiske aspekt var tona ned. Arbeidsdelinga innan familien bygde på lojalitet og respekt for kvarandre, og biletet frå bladstova i Torggata 1 syner idealisme og samhald.

I Spiegel arbeidde Joleik mykje åleine og fylte mange roller. ”Same mann var utgjivar, bladstyrar, og redaksjonssekretær, forretningsførar, lysingsamlar, visegut – og vart elles burtheft med andre yrke”^{ccc}. Slik sett var det inga reinskoren redaktørrolle han utforma. Rekneskapen fortel at han i starten løna broren Marius for skrivearbeid og for å sanke lysingar. Marius var målmann med band til den radikale Fjørtoft-krinsen og reiste rundt som føredragshaldar. I august og september 1912 betalte han til saman 135 kroner i ”løn for bladstyring” til den nyutdanna lærarinna Olava Hjulstad, som då vikarierte som redaktør. Kvinner engasjerte seg frå først av i avisarbeid nettopp når mannen var fråverande. Ein artikkel om urettvise røysterettar for kvinner av 7. august kan vere skrive av ho. Oppgåvene hennar i Fjordaposten femna vidare. I tillegg til å føre rekneskap, halde orden på bladtingarar og sende borna ut med rekningar og postleveringar, skrev ho ofte bokmeldingar som ho gjerne nytta då ho var vikar for redaktøren. Som ektemaken var Olava oppteken av målsaka og norrøne røter. Mellom dei norrøne sogene ho omsette kom ei følgjehistorie på trykk i avis sommaren 1924.

Fleire brev mellom ektefellene stadfestar aktiviteten til Olava i avisdrifta. Frå dette ser vi kor nær samanbunde Fjordaposten var med familien sitt kvardagsliv. Den 1. oktober i 1934 er ho åleine i byen med to døtrer, den eine tre veker gammal. I eit brev til mannen og borna i Sunnfjord skriv ho fortvila om trykkjaren som brått krev auka betaling på forskot. Ho har vanskar med å skaffe 160 kroner til neste dag, og dottera Magnhild er sendt ut med rekningar og krav om innbetaling av bladpengar. Dessutan ventar ho på brev med manuskript til neste nummer frå Albert. Ei setning i brevet syner kva oppgåver ho såg som sine: ”No er det forretningsføraren som hev skrive. Og so vil husmora skrive litt.” Ho var altså medviten om identiteten som forretningsførar for avis. Fem dagar etterpå fortel ho glad at avis kom ut trass i vanskar.

Heimen i Torggata romma ein stor familie, men også bladstove og ekspedisjon. Foreldre og born forma eit arbeidsfellesskap der einkvar hadde si oppgåve. Forretningsdrifta gløymde dei ikkje, for like mykje som åndverk låg vekta på organisering, utsending og salsverksem. Ei sentral årsak til kvifor Fjordaposten kunne svare seg ligg her. Frå ung alder tok dei 11 borna del. Nokon sprang med rekningar, leverte manuskript til trykkeriet og knytte snøre kring bladpakkane, dei eldste skreiv på namn og adresse før dei skunda seg til posthuset. Den eldste dottera, Almveig, skreiv også bokmeldingar. ”Det som var kjekt for oss borna var jo det at vi fekk vere med på so mykje”^{cccvi}, minst ei anna dotter. Jamvel snøreknyting kjendest som eit viktig arbeid.

Medan det lokale målmiljøet i Trøndelag hjelpte Spegjelen fram, delte Joleik i større grad oppgåvene knytt til drifta av Fjordaposten med eigen familie. Fram til 1940 vidareutvikla bladstyraren ein sjølvstendig ståstad og ein yrkesidentitet sterkare prega av profesjonalitet. ”Han var seg sjølv, ville vera seg sjølv. For han hadde jaget etter pengar og prestisje inkje verd”^{cccvii}. Denne ståstaden og avslag på partipolitisk støtte, i konkurranse med andre lokale målblad, auka kravet til eigeninnsats. Meir enn norskdomsapparatet skaffa kone og born no innkomer frå lysingar, bladpengar og gardsarbeid.

Inntektsgrunnlaget for avisene

Frå drifta av Spegjelen og Fjordaposten kunne ein hente driftsgrunnlag frå lysingar og bladpengar. Kostnadane til trykking kravde timar med arbeid kvar veke til å byggje opp desse inntektskjeldene. Ein lesar føreslo at målfolk kunne hjelpe Spegjelen ved å samle både annonser og tingarar, for slik å spare bladstyraren som var lite kjent mellom forretningsfolk i byen for tid. Fleire samla tidvis lysingar eller annonser for Joleik. Mest aktiv var ein Bøvre som mottok 30 % ”fyrelotprovisjon” for arbeid i desember 1912 til april 1913, samt i september då Joleik sleit hardt økonomisk. I Fjordaposten sanka han lysingane åleine, men arbeidet gjekk truleg lettare i Bergen der han var betre kjent.

Storparten av lysingane i Spegjelen knyter seg til målarbeid, som mållag, kaffistover og andre nynorskaviser. Ulike forreningstiltak som frukthandel og tobakks- og sigarhandel er også representert, ved sidan av Noregs Venstreforening, doktorar, tannlegar og advoktar. Lysings-

mengda verkar gradvis å ha minka noko det andre utgjevingsåret, og enno meir det tredje. Mot slutten av 1913 er mengda nærmest halvert samanlikna med 1911. Fjordaposten stod for eit breiare utval og inkluderte meir næringsrelatert verksemd, til dømes var Knut Skurtveit Jordbruksmaskin & Støypegodsforretning ein trufast støttespelar. Borna hevdar i dag at annonsesalet utgjorde den viktigaste inntekta for Fjordaposten. Påstanden er ikkje urimleg når vi studerer ei notisbok frå 1939 der Joleik har ført opp innkome frå lysingar. I vinterhalvåret kom mest inn og minst om sommaren då han reiste til Sunnfjord for å ta del i slåttearbeid. Til saman tilførte lysingane dette året avisa mest 5800 kroner.

Joleik gjekk i 1912 ut mot den ujamne fordelinga av lysingar i målblad og dansk-norske aviser. Offentlege tenestemenn vart skulda for å ikkje jamstelle målformene når dei sende ut lysingar, og særleg høgrevenlege embetsmenn favoriserte riksmålavisene, meinte han. ”Grunnen er, at naar de gjeld bladdrift er dei heimedanske snilde som slanger og maalmennene enfoldige som duer. Vi hev ikkje lært aa krevje. Vi rosar oss av god sed og bondeblygd – og so gjer vi som vi ikkje var til”^{cccviii}. For lite kravstore nynorske bladstyrarar vann ikkje fram, klaga han og hevda fleire lysingar til målblada ville ha gjeve større innkome og fleire tingarar.

I Spegjelen og Fjordaposten fann lesarane stadig oppmodingar om å betale bladpengar, eksempelvis 26. november i 1924: ”Det var gjildt om fleire vilde tinga og halda blade. Det er bladpengane vi skal liva av, med slit og bit.” Spegjelen opplevde rask vekst i starten fram til opplaget stoppa på i overkant av 2000 utgåver. Ei rekke lokale hjelpesmenn sanka tingarar og bladpengar for Joleik. Dessutan tok fleire mållag og ungdomslag, mellom anna i Oppdal og Namdalen, initiativ til å betale ein del av summen for kvar tingar. Snåsa, Oppdal og Rennebu var stadane der ein sanka flest då Joleik skipa til ein konkurranse i 1912. Den same lokale støtta frå målmiljøet opplevde nok ikkje Fjordaposten. I heimdistriktet engasjerte Joleik faren sin og Einar Seim som innkrevjarar. Faren var tidlegare handelsmann og treivst i rolla som innkasserar av bladpengar i Eikefjorden. Pengane fekk han til eige bruk, likevel var nok arbeidet ikkje alltid like enkelt. I eit brev av 1929 klagar han nemleg over ein tingar som vil stikke av når han nærmar seg. ”Det er bedst du stoper bladet for han bare lyver for mig gang etter gang”, rår han sonen til. I Bergen leverte ofte ungane krav. Når betalinga nærmeste var frivillig for tingarane i resten av landet, teiknar det til at denne inntektskjelda ikkje var særleg vektlagt.

Kvar tingar var meint å betale seks kroner årleg. Å hente bladpengar frå eit opplag som låg i overkant av 2500 gav nok berre ein brøkdel av potensiell inntekt. Ikkje alle næringsinteresser sette pris på tilbod om å tinge Fjordaposten. I ein konvolutt merka ”brevsendingar o.a. frå toskar og uvyrdror” finn vi mellom anna dette: ”Skriv norsk, som De har lært det av Deres mor og ungaa knotet, saa vil muligens Deres blad kunne finde nogen læsekrets. De maa selv forstaa at et sprog som behandles saa lite behendig ikke er andet end et dødfødt produkt. Et blændverk for tropelige sjæler”^{cccix}. Meir støtte fekk Fjordaposten frå bønder, noko brevet med bladpengar frå ein ytresogning syner: ”Hadde det ikkje vore for det at Du er ein liten uggje til kar aa slaa og bita fraa oss bønder, – so kunde ikkje havt deg; – men eg tykkjer det er rett mon i deg stundom”, stod det å lese i Fjordaposten 29. september i 1927. Størst tilslutning fann målbladet truleg helst gjennom bladstyraren sin aktivitet i presseorganisasjonar, fleire mållag, bygdeungdomslag, offiserforeiningar og Sunnfjordlaget.

I kva mon ytra bladstyraren for Fjordaposten seg som ein provinsredaktør? Gjennom lagsaktivitet bygde Joleik opp eit stort kontaktnett til nytte for avisdrifta. Frå dette kan vi trekkjer liner til korleis Martin Eide skildrar provinsredaktøren. Ifølgje Eide kunne jo denne redaktørtypen bygge posisjonen på aktivitet i lokalt organisasjonsarbeid, noko som stemmer overeins med engasjementet Joleik synte. Eide trekkjer fram fleire dimensjonar ved den samfunnsrolla provinsredaktøren utforma.

”Provinsredaktørens handlekraft kan ikke utelukkende forstås gjennom redaktørens aktuelle og erklærte samfunnsrolle. Da må også det daglige slit for å få avisen ut tas i betrakting, og her kommer gjerne provinsredaktøren i større nærbane med små og store bekymringer enn redaktøren i storbyen. Provinsredaktøren har også på det praktiske planet måttet være en geskeftig altmuligmann.”^{cccx}

Slik fangar han opp eit sentralt aspekt ved praksisen til denne nynorske bladstyraren. I Bergen vann han kontakt og respekt. Med ei sterkt nasjonal og internasjonal orientering stod han ikkje fram som nokon sterkt lokalpatriot, i større grad pirra han nyfikne lesarar med eigenarta meiningsytringar. Vekta på å skape ein sjølvstendig identitet uttrykkjer ei viktig symbolsk markering. Ved å bygge tillit til publikum såg han jo maktbasen redaktørrolla gjekk ut frå, på same tid som han tok del i profesjonaliseringa av yrkesrolla.

Venstrebladet Spegjelen

Som bladstyrar vidareutvikla Joleik redaktørrolla i relasjon til fleire ulike samfunnsaktørar. Slik tok han del i prosessen med å gjere det journalistiske feltet gradvis meir autonomt. Redaktørane og aktive på eigar- og forretningsida i avisdrifta markerte i stigande grad avstand til kvarandre, men utviklinga synte også auka samspel med politiske aktørar medan Joleik var aktiv. Frå kring 1920 sette fenomenet partipresse sterkt preg på norsk avisjournalistikk. Arbeidet for ei meir uavhengig redaktørrolle vart sett på nye prøvingar. Å vere partiorgan innebar likevel ikkje at ein alltid støtta partiet, særleg venstreavisene framstod som mindre lojale. Spegjelen følgde opp denne tendensen. Ved å støtte Venstre tok nynorsk-avisa opp i seg viktige politiske tradisjonar innanfor målrørsla. På den andre sida såg Joleik og andre auka grunnlag for kritikk, i det partiet i mindre mon slutta opp om målsaka.

Korleis stilte eigentleg Spegjelen seg til spenninga mellom partipolitikk og profesjonell yrkesidentitet? Innhaldet i avisas fortel at Joleik interesserte seg sterkt for kva som rørte seg i nasjonal politikk. "Blade skal vere vinstreblad og arbeide for vinstre sine sakjer"^{cccxi}, opplyste han og la særleg vekt på målsaka. Dei partipolitiske sympatiane var eintydige, Spegjelen skulle altså arbeide for partiet. Samstundes som han i avisas 20. juli i 1912 framheva Venstre som eit nasjonalt og politisk parti, hadde han tru på samarbeidet mellom partiet og målrørsla: "Um nokre aar, naar maalstriden hev klaarna, vert nok vinstremann de same som maalmann." Rekneskapen syner vidare at han 26. oktober 1912 betalte ei krone i kontingent til Trondhjems Venstreforening. Dette er eit teikn på formalisert kontakt med partiet.

Aktive i Høgre og Det norske Arbeiderpartiet tilla Joleik eit anna verdisyn enn venstrefolk. "Vinstre vil byggje lande med lov og fred, medan høgre og ungsosialistane vil bruke partisk makt og styggeferd"^{cccxii}. Fram mot valldagen hausten 1912 agiterte han særleg hardt mot Høgre. Misnøya grunna openbert i språkspørsmålet. "Idiotisma er ein grunnstein under riksmaalsstrev og høgrebakstræv"^{cccxiii}, fyrte han laus. Høgreavisene hadde terga på seg Joleik med å halde moro av at Hønefoss var omtala som Kjuklingfoss i Spegjelen. Irritert lova han at "naar byen veks dugeleg, skal vi calle han Kalkunfoss". Bladstyraren meinte partiet motarbeidde både jordbruket og landsmålet, og han tok venstropolitikarane i forsvar mot skuldingar framsett av høgresida. Røyst heller på sosialistane, rådde han til dersom Venstre stod svakt i valkrinsen. Elles tok han ikkje sjeldan til motmåle mot både Arbeiderpartiet og

Frisinnede Venstre for standpunktene deira i målsaka.

Såg Joleik seg usamd med nokon i målsaka retta han hard kritikk mot alle parti, sjølv Venstre. Gjennom Spegjelen ville han stille krav til partiet sin språkpolitikk. Venstre vert svekkja om det ikkje igjen gjer målsaka til hovudfokus, hevda han. Vidare gjorde han krav om ”loyal gjennomføring av lov om jamstelling av norsk og dansk”^{cccxiv}. Tendensen til ei meir etterhalden innstilling til den politiske venstresida heldt fram. Partiet sin utanrikspolitikk og statsministeren Gunnar Knudsen si utnemning av statsrådar var mellom momenta han sådde tvil om i 1913. Kritikken gav uttrykk for redaksjonelt sjølvstende og ei profesjonell innstilling. Bladstyraren demonstrerte slik redaktørmarkt. I det same kom utviklingstrekk i kontakta mellom Venstre og målrørsla til uttrykk, for ein viktig bakgrunn for vurderingane låg nettopp i ei synkande tiltru til partiet.

Sak framom parti

Dei politiske standpunktene til Albert Joleik kan vi kople til personlege særtrekk. Til eikvar tid ville han vere fri til å meine sjølv og finne eigne løysingar. Ei samanlikning av avisene avdekkjer også på dette punktet ei utvikling mot auka sjølvstende. I Spegjelen utgjorde synet på målsaka hovudmotivet for meiningsytringane, eit fokus som vart dempa ned i Fjordaposten til fordel for ei meir nøytral line. ”Politisk er blade utanom alle noverande partibaasar”, kunngjorde bladstyraren i programerklæringa. Nokon partipolitisk kategori fann han seg ikkje til rette innanfor lenger. Med Fjordaposten ville han sjå vekk frå partigrensene og utvikle ei saksorientert politisk forståing. ”Partigrensepolutikken vert etter kvart mindre verd og mindre vyrd. Det vert meir og meir samnad og jamnad um nye eller gamle storsaker som gjeng yve eller gjenom partigrensone”.^{cccxv}

Det meiningsberande stoffet i Spegjelen og Fjordaposten er ikkje avgrensa til patente partisanningar. Joleik møtte heller ingen eigarinteresser som som greip inni innhaldet, slik som tilfellet var i Gula Tidend og Verdens Gang. Av di han både eigde avisene og redigerte innhaldet sjølv, hadde denne redaktøren full redaksjonell fridom. Han tok ikkje del i noko partipolitisk presseforeining i tida som bladstyrar. Den demokratiske oppgåva og rolla som låg i kontrollere makthavarar gav grunnlag for avstand. Medlemskapen i Trondhjems Venstre-

forening i 1912 fortel likevel om noko formalisert kontakt med politiske aktørar. Poenget her er at denne kontakta ikkje hindra Joleik i å forme synspunkt på tvers av dominerande venstre-politikk.

Partipressa stod sterkare då Fjordaposten kom ut enn kva var tilfelle for Spiegelen. Nærare bindingar oppstod mellom nynorskavisene og ulike parti utover 1900-talet. Norsk Bladmannalag gav nokre år ut oversyn over norske målblad. Partipolitisk ståstad var mellom opplysingane som følgde med, informasjon som synte at eit fåtal av avisene stilte seg nøytrale. I *Norsk bladliste for 1927* står vekebladet Fjordaposten oppført ”utanum partii”. Av dei 16 andre avisene som kom ut ein gong i veka var to ”upolitiske”, fem heldt med Bondepartiet og sju med Venstre, i tillegg til eit bygdeblad og eit fråhaldsblad. Ei av dei dagsavisene søkte til Bondepartiet og dei tre andre til Venstre. Ikkje uventa støtta ingen høgresida.

Skipinga av Bondepartiet i 1921 verka negativt inn på sympatiene for Venstre mellom målblada. Eit splitta parti kunne ikkje lenger ta støtta frå målrørsla for gjeve. ”Mori lyt venja seg til aa tola at sønene ikkje vil halda henne i stakken naar dei hev fenge vit og vokstr”^{cccxvi}, trekte Joleik fram som eit bilet på tilhøvet mellom Venstre og Bondepartiet. Ser vi til dømes nærare på omtale av Bondepartiet i Fjordaposten kjem til dels sterkt velvilje fram. Omtala gjev grunnlag for å stille spørsmål om i kva grad avisene faktisk stilte seg utanfor partibåsane. Snarare enn å dempe det politiske engasjementet verka ståstaden ”utanum partii” til å auke interessa. Trass i ei meir nøytral og sentrumsorientert line, stod ikkje akkurat Joleik for det politiske synet som kjenneteikna provinsredaktøren før partietableringane.^{cccxvii} Tvert om fylte denne nasjonalisten ofte avisene med radikale, personlege meningar, og partisk kunne han nok somtid vere.

”...utanfor dei partipolitiske saudegjerde”

”Daa me er utanfor dei partipolitiske saudegjerde, kann me døma um denne sak i fred og ro”, kunne ein lese i Fjordaposten 6. august i 1925. Joleik oppfatta seg sjølv som upartisk og såg seg rett til å døme over andre, og slik tilla redaktøren eigne meningar særleg vekt. ”Me hev ei

god raad aa gjeva til alle parti, – ei upartisk raad daa ”Fjordaposten” ikkje er innregistrera i nokon partibaas^{cccxviii}. Dette eit døme på ei liknande utsegn. I ei tid då mange aviser, både på nynorsk og bokmål, gjekk i allianse med ulike politiske parti, valde Joleik seg sjølv. På den andre sida opna han i større grad opp for ulike synspunkt enn han gjorde i Spegjelen.

Ved å leggje mindre vekt på politiske sympatiar kunne Fjordaposten nå eit meir samansett publikum, i tråd med målsettinga om å nå byborgarar som bygdefolk. Den overhengande nasjonale perspektivet innebar eit endra fokus. I større mon enn tidlegare gjekk no målsak, bondesak og forsvarssak framom partipreferansar. Meir trugne partistøtter kunne motsett kome til å ikkje ville støtte avis. ”Eit slikt blad stend so aa segja med venehand til alle parti, men og med sverd i hand til alle, for aa strida og arbeida for nasjonale og demokratiske fyremaal og idear, til bate for heile landet”, meinte ein entusiastisk leser.^{cccxix}

Andre tilbakemeldingar reiste tvil om kor upartisk Joleik si forståingsline var. ”Iminsto synest eg synest eg at eit blad som seint og tidleg klagar yver kor skiten valagitasjonen er (i vinstre og arbeiderpressa) og som vil vera domar og sviva so høgt i den politiske sfære, sjølv ikkje burde sulka sine hender med skiten frå den politiske landeveg”^{cccxix}. Denne lesaren ville ta Venstre i forsvar mot ei avis han meinte var ”organ for dei ektevigde Høgre-Bondepartie & co”. Sympati med Bondepartiet gjorde Joleik tydeleg allereie i fyrste utgåve av Fjordaposten, då han melde at ”bladstyraren (bladutgjevaren) hallar helst til bonde- og fiskarpartiet”. Frå å gje ut ei venstreavis hadde han gått til å ytre seg som ein sterk kritikar av partiet. Korleis gav partipreferansane seg uttrykk i avis?

Fjordaposten tok etter kort tid til motmæle mot ei venstreregjering Joleik meinte ikkje lenger tok opp i seg nasjonale omsyn. Haldninga til målsaka, korntyrgda og strida om Grønland verkar å ha utløyst kritikken. ”Hadde vinstre vore som det var fyre 1905, so hadde vinstre som ein mann fylgt opp den nationale lina i Grønlandssaka som i andre nationalsaker”, uttala han i avis 29. februar 1924 og hevda Venstre gjekk imot den gamle kjerna i partiet. Utanrikspolitikken omtala han som likesæl og ansvarslaus. Dei andre partia vart trekte fram, og særleg Høgre som han meinte Venstre hadde stadig meir til felles med, som konkurrentar i å ivareta norske næringsinteresser. Ikkje kunne ein lite på valprogramma, mykje av det var ”ord utan mening” i praktisk samanheng, påstod han og meinte Venstre hadde drive valsvisk sidan jamstellingsvedtaket i 1885. Kanskje ikkje utan grunn Gula Tidend i 1926 karakteriserte Fjordaposten som eit ”anti-vinstreblad”. Den 15. mai i 1930 kravde Joleik den ”kraftlause”

venstreregjeringa fjerna. Det var særleg Mowinckel han gav skulda for utviklinga. ”Me hev lenge ynskt honom fastbuande nødst på Grønland eller midt i Sahara.”^{cccxxi}

I takt med auka motvilje til Venstre stilte Fjordaposten seg meir positiv til Bondepartiet. Etter 10 års avisdrift tilstod Joleik dette opent i 1933. ”Politisk hev det vore upptil 120 prosent bondepartiblad, men sume tider ned i 20 prosent”^{cccxxii}. Mellom anna omtala han Bondepartiet som ”eit lands parti”, ”eit samfunnsengasjert parti” og ”det beste arbeider-parti” i samband med valprogramma i 1927, 1931 og 1933. Saker relatert til næringspolitikk var aspektet som i særleg grad fekk han til å skifte meining. Mykje skryt vart tildelt partiet då det sat med regjeringsmakt tidleg på 30-talet, men i august 1932 retta han kritikk mot at ein ikkje greip inn mot streikearbeidet til den ”den arbeidarfiendske og landsskadelege” Landsorganiasjonen. ”Dovnar riksstyre?” spurde han^{cccxxiii}. Frametter dette tiåret slutta han seg stadig mindre til vala partiet gjorde, val som stridde mot viktige saker for bladstyraren. Bondepartiet sa nemleg ja til samnorsk og på same tid nei til væpning og allmenn verneplikt.

Eit brev av 8. november i 1937 frå generalsekretær og leiar for Bondepartiet sitt pressekontor, Hans Holten, stadfestar likevel at Fjordaposten framleis var vurdert som eit viktig talerøy for partiet på Vestlandet. Holten hadde sjølv bakgrunn som redaktør og stiller seg her kritisk til viset Joleik går ut mot tvangsausjonar. ”Det kunde vore moro å få ei røde med deg um desse tingane, eg skynar det er noko du har tenkt mykje på.” I det same han inviterer til nærare kontakt, spør han bladstyraren til råds om kva partiet kan gjere for å auke aktiviteten i fylkesorganisasjonen i Hordaland. ”Politisk nytt har eg ikkje å melda”, avslutta han brevet. Fokuset på bøndene sine vilkår i avisa verka nok til Holten sitt initiativet, sjølv om Joleik no stilte seg meir avvisande til partiet.

Saman med Venstre og Bondepartiet var Det norske Arbeiderpartiet eller sosialistane ofte omtala i Fjordaposten. Mot slutten av 30-åra la Joleik fram eit meir samansett politisk syn, i mindre grad sympatiserte han med enkeltparti. Difor hevdar eg han i større grad markerte seg som ein politisk uavhengig aktør. Gjennom ei meir mangesidig omtale av arbeiderpartipolitikk kjem dette til uttrykk. På den eine sida stilte han seg lenge svært skeptisk til sosialistane. Denne haldninga ytra seg i avisa då Arbeiderpartiet skulle skipe regjering i januar 1928. ”Kor vert det ne? Vert det revolusjon, ”borgarslakting”, terror og kultur på russevis?” Joleik trekte nære liner mellom partiet og kommunistar. Grunna borgarleg motstand mot fråsegn om rein klasseregjering og Noreg som sosialistisk samfunn, måtte

regjeringa gå av etter vel 14 dagar. Kommentaren frå bladstyraren var sviande. ”Men det ser ut som dei er, eller vil verte styrde av, folk som politisk er i konfirmasjonsalderen”^{cccxiv}. Arbeiderpartiet sitt arbeid for å byggje ned forsvaret meinte han var ei førebuing til ”blodig revolusjon”. Stillinga partiet tok i språkspørsmålet og jordbrukspolitikk danna også utgangspunkt for kritikk.

På den andre sida stilte ein spent Joleik seg ganske optimistisk til regjeringskipinga i 1928, dersom Arbeiderpartiet iverksette ”det vitugaste av programmet sitt”. Då riksstyret Nygaardsvold tok over frå 1935 av synte Joleik stor velvilje, trass i ein ”avvæpningsgalen” forsvarsminister. ”Både geografisk og socialt er vel dette det mest nationale og demokratiske riksstyre som er skjipa i Noreg til denne tid. (...) Det er eit slag bondeson-riksstyre”^{cccxxv}. Landbruksministeren, gardbrukaren Ystgaard, var han særleg nøgd med. Framover rosa han ”grumme” statsbudsjett med auka forsvarsløyvingar, men likte lite at partiet fremja samnorsk og ny rettskrivingsnormal. Minst likte han partimedlemen Martin Tranmæl. Han skapar arbeidsløyse og driv ”revolusjonær gymnastikk”, skreiv Fjordaposten i mars 1930 etter at Tranmæl nyleg hadde tala i Bergen. ”Me held han for å vere dævelen i arbeidarpolitikken”^{cccxxvi}, helsa Joleik under overskrifta ”Dævelen er 60 år” då denne markante arbeiderpartipolitikaren fylte år. Fleire kunne ha grunn til å stemne Fjordaposten, den humoristiske tonen i omtala gjorde kanskje at folk lét vere.

Eit anna teikn på at sak gjekk framfor partipolitikk ser vi når Joleik går ut mot eit samla Storting. Dette kom tydeleg fram i til dømes Grønlandssaka. Etter vedtak om semje meinte han 1. april i 1924 mest alle stortingsmennene lét seg styre av utanlandske interesser, og dermed forma ein utanrikspolitikk som ikkje var å lite på. Indirekte forlanga han dei fjerna. Parallelt med større løyvingar til jorddyrkning og opprusting av forsvaret, stridde han framover for semje om auka moderasjon i statsbudsjetta. Sist i 1932 stilte han krav til stortingsrepresentantane og bondepartiregjeringa Hunseid: ”Staten vert konkurs um ikkje so lenge, når det ikkje kann verta partifleirtal eller riksstyremakt til ei hardhendt og fasthendt sparing på statsbudgette”^{cccxxvii}. Meir enn enkeltparti skjelte han tidvis ut eit samla Storting, representantane frå Venstre og Bondepartiet så vel som frå Høgre og Arbeiderpartiet.

”Me hev aldre havt nokon parti- eller organisationsbrunn å pumpa pengar or.” Slik slutta Joleik 28. september i 1939 av ein artikkel mot partipolitisk pengehjelp til store dagblad, noko han vurderte som ”kunstig næring”. På dette viset markerte han avstand til økonomiske

bindingar mellom avis og politiske parti. Bladstyraren synte sjeldan direkte til profesjonelle presseideal, men dei utgjer tydeleg ein bakgrunn for virket. Sjølv om det er uklårt kor upartisk Fjordaposten stilte seg til Bondepartiet, heldt han på det redaksjonelle sjølvstendet. Joleik var ingen trufast partisympatisør. Med bakgrunn i utviklingstrekk frå lausrivinga av det journalistiske feltet, ser vi at han verka til denne prosessen gjennom auka motstand mot politiske aktørar. I dette låg ei viktig symbolsk markering frå ein uavhengig redaktør.

AVSLUTTING

”Du hev havt eit rikt liv i ein måte, og gjort eller prøvt på å få gjort mykje godt der uretten hev sådt. Kan henda då du er dau ein gong um 30-40 år at dei då kan granske Fjordaposten (og det du skreiv før og), og dei vil der finna korleis ”norske” politikarar selde nordmennene med fri vilje og god hug.” I høve Albert Joleik sin 60-årsdag helsa broren Hjalmar han slik i eit brev av 13. mars 1940. Fleire tiår seinare følgjer eg opp tanken om å studere redaktørrolla han utforma. Til liks med broren ser eg ein bladstyrar sterkt oppteken av nasjonalt sjølvstende, men på same tid finn eg eit sterkt behov for å markere ein uavhengig yrkesidentitet. I særleg sette dimensjonane identitet, nasjon og profesjon smak på meiningsytringane Joleik koka i hop.

Denne pressebiografien har synt nære samanhengar mellom aktørliv og samfunnshistoriske trekk. Nettopp samspelet mellom menneskelege eigenskapar og strukturelle prosessar gav yrkesrolla til Joleik form. Inspirert av bygdenorske verdiar og idear om profesjonell yrkesutøving verka han som identitetsbyggjar på to parallelle plan. Praksis i nynorsk presse og organisasjonsliv opna for eit slikt prosjekt. Gjennom engasjementet her stod han fram som ein idealistisk pådrivar både innanfor norsk målreising og profesjonaliseringa av presseyrket. Særleg gjev aktiviteten i skipinga av Norsk Bladmannahlag og Bladmannaskulen grunnlag for å hevde dette.

Det sosiologiske portrettet speglar av ein samansett og eigenarta person, ein frittalande redaktør som ville stå for seg sjølv og byggje fellesskap på ein gong. Relasjonane Joleik avviste eller knytte til andre samfunnsaktørar tek opp i seg dette karaktertrekket. Bladstyraren for Spiegel og Fjordaposten synte aukande sjølvstende partipolitisk sett, men også i den økonomiske drifta og i målspørsmålet utvikla han gradvis ei meir uavhengig line.

Han tilla seg sjølv ei rekkje arbeidsoppgåver. Ved sidan av å vere ansvarleg for innhaldet, eigde han avisene og tok del i forretningsdelen av drifta. Det var altså inga reinskoren redaktørrolle som kom fram, snarare tilførte han den eit personleg uttrykk. Mellom elementa som verka til særpreget var råkande språklege vendingar, mangfaldet i interesser og kunnskapar samt viljen til å ville forme noko eige. I tråd med kva Olav Gullvåg føresåg i 1916 evna han faktisk å skape ”eit rom for seg sjølv i norsk presse og aandsliv”.

NOTAR

Innleiring

- ⁱ Joleik i Tank (red.) 1921:150
ⁱⁱ Raaum 1999:34-36
ⁱⁱⁱ Aarnes 1917:1
^{iv} Eide 2000:13
^v Eide 1993 i NML-rapport nr. 4/93
^{vi} Mills [1959]1967:6, Eide 1993:15
^{vii} Rokkan [1987]1998
^{viii} Eide 2000:18
^{ix} Stegane 1987:12
^x Ibid:67
^{xi} Eide 1998:91
^{xii} Eg nyttar den svenske oversettinga *Vetandes arkeologi* ved Bjurström 2002.
^{xiii} Foucault 2002/1969:23
^{xiv} Gripsrud 1990:37

Kapittel 1

- ^{xv} Joleik i *Kleppstølsfolkje i 400 år* 1980:36
^{xvi} Ibidem
^{xvii} Lothe 1950:289
^{xviii} Joleik i Tank (red.) 1921:147
^{xix} "Før var kvinnfolka venare øvst og nedst", Gula Tidend 10. mars 1960
^{xx} Joleik i Tank (red.) 1921:147
^{xxi} Notat underskrive av Hambro 4. november 1897.
^{xxii} Joleik i Tank (red.) 1921:147
^{xxiii} Løkensgard Hoel i *Studentmållaget i Oslo 1900-2000* 2003:54
^{xxiv} Attest frå Rasmus Steinsvik, Oslo 14.august 1908.
^{xxv} Joleik i Tank (red.) 1921:148
^{xxvi} Attest frå Professor Marius Hægstad, Kristiania 4. april 1908.
^{xxvii} Joleik i Tank (red.) 1921:149
^{xxviii} "Sunnfjordingen er ikkje "sein i snuen"!", Nationen 28. april 1956
^{xxix} Ibid
^{xxx} Skeidsvoll m.fl. i *Norsk Bladmannalag* 1938, Sande 2000:62
^{xxxi} Joleik i Tank (red.) 1921:149
^{xxxii} Håland (skriftstyrar) 1979:23
^{xxxiii} Ibid:61
^{xxxiv} Joleik i *Bondeungdomslaget i Oslo* 1929:37, *Bondeungdomslaget i Oslo* 1989:18
^{xxxv} Løkensgard Hoel i *Studentmållaget i Oslo* 2003:18,38
^{xxxvi} Haugland i Almenningen m.fl. 1981:20-21
^{xxxvii} Hannaas m.fl. [1918]1978:337-339
^{xxxviii} Kittelsen (red.) 1946:305
^{xxxix} Gula Tidend 10. mars 1960
^{xl} Joleik i Tank (red.) 1921:150
^{xli} Ibidem
^{xlii} "Albert Joleik avliden", Gula Tidend 2. mai 1968
^{xliii} Bjørn i Hagvedt 1969:219

Kapittel 2

^{xliv} Mills [1959]1967:6

^{xlv} Ibid:6-7

^{xlvi} Ibid:4-5

^{xlvii} Eide 2000:18

^{xlviii} Ibid:13

^{xlix} Foucault 2002/1969:33

^l Eide 1998:55

^{li} Elias 1978:15

^{lii} Ibid:16

^{liii} Abrams 1982:(i)x

Kapittel 3

^{liv} Haugland 1985:33

^{lv} Ibid:34

^{lvii} Dalhaug 1995:42

^{lvii} Nerbøvik 2000:23, 56

^{lviii} Ibid:56

^{lix} Haugland 1985:12

^{lx} Ibid:32

^{lxii} Nerbøvik 2000:20

^{lxii} Ibidem

^{lxiii} Fjordaposten 11. april 1924

^{lxiv} Gripsrud 1990:99-100, Dalhaug 1995:15-16

^{lxv} Gripsrud 1990:102

^{lxvi} Rokkan [1987]1998:68-70

^{lxvii} Dalhaug 1995:49

^{lxviii} Rokkan 1987/1998:70

^{lxix} Ibidem

^{lxx} Sande 2000:52

^{lxxi} Varpe i *Jul i Sunnfjord* 1993 s.15

^{lxxii} Joleik i (red.) Tank 1921:145

^{lxxiii} Gripsrud 1990:47

^{lxxiv} Ibid:44-45

^{lxxv} Nerbøvik 2000:33

^{lxxvi} Ibid:34

^{lxxvii} Anderson 1996/1983:77-80

^{lxxviii} Melle 2002:75-76

^{lxxix} Sande 2000:25

^{lxxx} Ibid:21

^{lxxxi} Nerbøvik 2000:24

^{lxxxii} Dalhaug 1995:52-53

^{lxxxiii} Ibid:89-90

^{lxxxiv} Nerbøvik ibid:29, 37

^{lxxxv} Gripsrud 1990:114-5, Nerbøvik 2000:24, 37-42, 56-57

^{lxxxvi} Haugland 1985:11-12

^{lxxxvii} Haugland i Almenningen m.fl. 1981, Haugland 1985, Nerbøvik 2000:19-20, 51

^{lxxxviii} Gripsrud 1990:88-92, Nerbøvik 2000:23

^{lxxxix} Erlandsen og Nerbøvik 2004

^{xc} Haugland 1985:11-12

^{xcii} Birkeland og Kvalsvik 1986:15

^{xcii} Rokkan [1987]1998: 8

^{xciii} Ibid:199, 137

^{xciv} Dalhaug 1995:14

^{xcv} Ibid:18

^{xcvi} Anderson 1996/1983:19-21

-
- ^{cxxvii} Ibid:52-56
^{cxxviii} Ibid:36-37, 140-141
^{xcix} Dalhaug 1995:33
^c Haugland 1985:188
^{ci} Haugland 1974:149 i Dalhaug 1995:69
^{cii} Melle 2002:12, 52-53
^{ciii} Almenningen i Almenningen m.fl. 1981:154, 164-166
^{civ} Dalhaug 1995:136
^{cv} Haugland i Almenningen m.fl. 1981:18-20
^{cvi} Haugland 1985:8
^{cvi} Birkeland og Kvalsvik 1986:36
^{cvi} Melle 2002:67
^{cix} Gripsrud 1990:103-105, Rokkan [1987]1998:71, Nerbøvik 2000:27, 169-176, 199, 207-215
^{cx} Stegane 1987:53-54
^{cxi} Ibid:64
^{cxii} Birkeland og Kvalsvik 1986:112-115
^{cxi} Sørbø 1991:25
^{cxiv} Stegane 1987:17
^{cxv} Sørbø 1991:25
^{cxvi} Gripsrud 1990:37
^{cxvii} Vikør 1996:45-46
^{cxviii} Walton i Skrifter frå Ivar Aasen-intituttet nr.7/99:11
^{cix} Ibidem

Kapittel 4

- ^{cxx} Høyler 1995:5
^{cxxi} Høyler 1995:134
^{cxxii} Eide 2000:20
^{cxxiii} Sørbø 1991:24-25, Sande 2000:13
^{cxxiv} Sande 2000:13, Eide 2000:35
^{cxxv} Høyler 1995:191
^{cxxvi} Høyler 1995:203, Sande 2000:15, Eide 2000:51-56
^{cxxvii} Eide 2000:196
^{cxxviii} Høyler 1995:274
^{cxxix} Stegane 1987:68
^{cxxx} Sande 2000:61
^{cxxxi} Ibid:57
^{cxxxii} Håland (skriftstyrar) 1979:31
^{cxxxiii} Aure i Norsk Bladmannalag 1923:69
^{cxxxiv} Sande 2000:82
^{cxxxv} Håland (skriftstyrar) 1979:135-41
^{cxxxvi} Moen i Håland (skriftstyrar) 1979:114
^{cxxxvii} Håland (skriftstyrar) 1979:130
^{cxxxviii} Aure i Norsk Bladmannalag 1923:47
^{cxxxix} Nationen 28. april 1956
^{cxl} Stegane 1987:70
^{cxi} Ibid:74-75
^{cxlvi} Haugland 1985:28
^{cxlvi} Sande 2000:52-53
^{cxlvi} Stegane 1987:75
^{cxlvi} Ibid:17
^{cxlvi} Sørbø 1991:31
^{cxlvi} Stegane 1987:16
^{cxlvi} Raaum 1999:36
^{cxlvi} Ibid:34-35
^{cl} Ibid:9
^{cli} Ibid:65-66

-
- ccli Ibid:36-37
clii Høyter 1995:328
cliv Ibid:265
clv Ottosen 1996:9
clvi Ibid:12
clvii Sørbø 1991:26
clviii Høyter 1995:299
clix Eide 2000:76
clx Ibid
clxi Ottosen 1996:49
clxii Strand 1999:98
clxiii Johannessen 1958, Strand 1999
clxiv Eide 2000:6
clxv Ibidem, Ottosen i Norsk Medietidsskrift nr. 1/97:86
clxvi Erichsen 1960, Ottosen 1996, Ottosen i Norsk Medietidsskrift nr. 1/97
clxvii Ottosen i Norsk Medietidsskrift nr. 1/97:96
clxviii Ibid:85
clxix Eide:13
clxx Ibid:249
clxxi Ibid:18
clxxii Ibid:23
clxxiii Ibid:26
clxxiv Ottosen 1996:10
clxxv Eide 2000:230
clxxvi Ibid:15
clxxvii Ibid:84
clxxviii Ibid:164
clxxix Ibid:181
clxxx Ibid:14
clxxxi Hovden i Eide (red.) 2001
clxxxii Melle 2002:11
clxxxiii Eide 2000:14-15

Kapittel 5

- clxxxiv Aarnes i *Norsk Bladmannalag* 1923:11
clxxxv Ibid:9
clxxxvi Ibid:8
clxxxvii Ibid:7
clxxxviii Ibid:39-40
clxxxix Ottosen 1996:22-23
cxc Ibid:103-107
cxci Almenning i Almenningen m.fl. 1981:90
cxcii Håland (skriftstyrar) 1979:144
cxcii Aarnes i 1917:3
cxciv Aarnes i *Norsk Bladmannalag* 1923:46
cxcv Skeidsvoll m.fl. 1938:25
cxcvi Aarnes i *Norsk Bladmannalag* 1923:7
cxcvii Aarnes i 1917:1, Aarnes i *Norsk Bladmannalag* 1923:9
cxcviii Aarnes i Håland (skriftstyrar) 1979:80
cxcix Ibid:84-85
cc Haugland i Almenningen m.fl. 1981:19
cci Allmenning i Almenningen m.fl. 1981:90, 175
ccii Ibid:118, 175
cciii Strand 1999:52
cciv Aarnes i *Norsk Bladmannalag* 1923:19
ccv *Bladmannaskulen* 1919b
ccvi Aarnes i *Bladmannaskulen* 1919a:3

-
- cxxvii Ibid:4
caviii Strand 1999:52
ccix Aarnes i *Bladmannaskulen* 1919a:3
ccx Melle 2000:51-52
ccxi Ibid:53
cxcii Aarnes i *Norsk Bladmennalag* 1923:29
ccxiii Aarnes i *Bladmannaskulen* 1919a:6
ccxiv Ibid:8
ccxv Raaum 1999:34
ccxvi Aarnes i *Bladmannaskulen* 1936:5
ccxvii Strand 1999:52
ccxviii Aarnes i *Bladmannaskulen* 1936:10
ccxix Ibid:11-15
ccxx Sunnanå 1979:10
ccxxi Ibid:11

Kapittel 6

- ccxxii Spegjelen 12. april 1911
ccxxiii Ibid
ccxxiv Spegjelen 3. oktober 1911
ccxxv Spegjelen 18. november 1913
ccxxvi Haugland i Almenningen m.fl. 1981:66
ccxxvii Fjordaposten 13. februar 1935
ccxxviii Fjordaposten 9. oktober 1923
ccxxix Spegjelen 25. september 1930
ccxxx Fjordaposten 5. september 1928
ccxxxi Fjordaposten 6. september 1933
ccxxxii Fjordaposten 14. oktober 1926
ccxxxiii Fjordaposten 9. oktober 1924
ccxxxiv Fjordaposten 29. februar 1924
ccxxxv Fjordaposten 11. september 1924
ccxxxvi Spegjelen 12. april 1911
ccxxxvii Dagbladet 10. mars 1955
ccxxxviii Håland (skriftstyrar) 1979:16
ccxxxix Spegjelen 14. oktober 1911
ccxl Spegjelen 26. februar 1912
ccxli Dagbladet 14. mars 1955
ccxlii Spegjelen 16. april 1912
ccxlii Nerbøvik 2000:56-57
ccxlv Spiegjelen 1. juli 1911
cclv Nationen 28. april 1956
cclvi Varpe i *Jul i Sunnfjord* 1993 s. 18
cclvii Spegjelen 12. april 1911
cclviii Fjordaposten 13. januar 1926
cclix Fjordaposten 5. juni 1930
ccl Fjordaposten 26. febr 1936
ccli Fjordaposten 4. mai 1937
celi Fjordaposten 13. aug 1939
celii Fjordaposten 24. mai 1927
ccliv Nationen 28. april 1956
cclv Fjordaposten 11. april 1934
cclv Fjordaposten 5. oktober 1923
cclvii Fjordaposten 2. september 1929
cclviii Joleik i Tank (red.) 1921:146
cclix Dagbladet 14. mars 1960
cclx "Joleik flytter", Bergen Illustrerte nr. 8/1940
ccxi Spegjelen 12. april 1911

-
- cclxii Bøe m.fl. 1994:1468, Nynorskordlista 2001:212
cclxiii Hartvedt m.fl. 2002:55
cclxiv Bergen Illustrerte nr. 8/1940
cclxv Bjørn i Hagtvædt 1969:228
cclxvi "Albert Joleik", Norgesposten 20. juli 1940

Kapittel 7

- cclxvii Spegjelen 17. september 1913
cclxviii Fjordaposten 11. januar 1912
cclxix Ibidem
cclxx Fjordaposten 11. september 1924
cclxxi Fjordaposten 13. oktober 1927
cclxxii Fjordaposten 23. januar 1930
cclxxiii Fjordaposten 11. september 1924
cclxxiv Spegjelen 12. april 1913
cclxxv Almenningen i Almenningen m.fl. 1981:154
cclxxvi Spegjelen 4. januar 1912
cclxxvii Gula Tidend 10. mars 1960, Varpe i *Jul i Sunnfjord 1993* s. 17-18
cclxxviii Spegjelen 16. april 1913
cclxxix Spegjelen 13. april 1912
cclxxx Spegjelen 18. januar 1912
cclxxxxi "Joleik 85 år", Bergens Tidende 10. mars 1965
cclxxxii Joleik i Tank (red.) 1921:146
cclxxxiii Fjordaposten 12. januar 1938
cclxxxiv Fjordaposten 20. mai 1937
cclxxxv Spegjelen 12. desember 1913
cclxxxvi *Studentmållaget i Oslo 1900-2000* 2003
cclxxxvii H.H.-h i Spegjelen 7. mai 1912
cclxxxviii Fjordaposten 27. juni 1924
cclxxxix Spegjelen 13. februar 1912
ccxc Joleik i Tank (red.) 1921:150
ccxi Fjordaposten 11. april 1924
ccxii Varpe i *Jul i Sunnfjord 1993* s. 19
ccxiii Spegjelen 17. mai 1911
ccxiv "Albert Joleik 75 år", Bergen Arbeiderblad mars 1955
ccxv "Albert Joleik er dåin", Dagen 10. april 1968
ccxvi Håland (skriftstyrar) 1979:35

Kapittel 8

- cxcvii Høyre 1995:329
cxcviii Eide 2000:249
cxcix Grepstad 2002:8
ccc Håland (skriftstyrar) 1979:45
ccci Nationen 28. april 1956
ccci Joleik i Tank (red.):146
ccci Gula Tidend 10. mars 1960
cccv Skeidsvoll m.fl. 1938:11
cccv Spegjelen 18. juni 1912
ccvi Notat frå Ingjerd Underlid 16. januar 2001.
ccvii "Albert Joleik avliden. Mannen som alltid var seg sjølv", Gula Tidend 2. mai 1968
ccviii Spegjelen 28. mars 1912
ccix Påskrive ei utgåve av Fjordaposten 15. oktober 1925 adressert til Bakke og Mikkelsen.
ccx Eide 2000:186-187
ccxi Spegjelen 28. juni 1911

-
- cccxii Spegjelen 16. april 1912
cccxiii Spegjelen 24. juli 1912
cccxiv Spegjelen 27. november 1912
cccxv Fjordaposten 28. september 1923
cccxvi Fjordaposten 18. februar 1926
cccxvii Eide 2000:172-174
cccxviii Fjordaposten 17. juni 1924
cccxix Braastad i Fjordaposten 12. oktober 1924
cccxv Fjordaposten 6. oktober 1927
cccxxi Fjordaposten 30. januar 1935
cccxii Fjordaposten 27. september 1933
cccxiii Fjordaposten 25. august 1932
cccxiv Fjordaposten 2. februar 1930
cccxv Fjordaposten 20. mars 1935
cccxvi Fjordaposten 29. juni 1939
cccxvii Fjordaposten 9. desember 1932

LITTERATUR

Aarnes, Hans (1917): *Norsk bladmannalag. Ei utgreiding ved formannen*, Bergen
- (1926): *Norsk Bladliste for 1927*, Kristiansand

Abrams, Philip (1982): *Historical Sociology*, Ithaca, New York: Cornell University Press

Almenningen, Olaf m. fl. (1981): *Målreising i 75 år. Noregs mållag 1906-1981*, Oslo: Fonna forlag
- (1989): *Og byen er vår bror, Bondeungdomslaget i Oslo 1899-1989*, Oslo: i kommisjon hos Noregs Boklag/Det Norske Samlaget

Anderson, Benedict (1996/1983): *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning* (norsk utgåve av *Imagined Communities: Reflections on the Origin and Spread of Nationalism* fra 1983), London/New York: Verso

Birkeland, Bjarte og Bjørn Nic. Kvalsvik (1986): *Folkemål og danning. Nynorske lærebøker 1867-1915*, Oslo: Det Norske Samlaget

Bjørn, Finn (1969): "Ymsingen" i Gunnar Hagen Hartvedt (red.) (1969): *Tidige typer. 15 fargerike bergensprofiler*, Oslo: Cappelen

Bladmannaskulen (1919a): "Rundskriv til lagsmennene i Norskt Bladmannalag. Fraa styret", Bjørgvin: Gula Tidend Prenteverk
- (1919b): "Plan 1919-1920", Bjørgvin: Gula Tidend Prenteverk
- (1920): "Plan 1920-1921", Bjørgvin: Gula Tidend Prenteverk
- (1923): "Plan for brevbyteskeid", Kristiansand: Agder Tidends Prenteverk
- (1936): "Plan for brevbyteskeid", Oslo

Bondeungdomslaget i Oslo. 30-årsskrift (1929), Oslo

Bourdieu, Pierre (1998): *Om fjernsynet* (norsk utgåve av *Sur la télévision. Suivi de L'emprise du journalisme*), Oslo: Gyldendal

Bøe, Reidar m.fl. (1994): *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*, Oslo: Det Norske Samlaget

Dalhaug, Ole (1995): *Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse, 1877-1887 i KULTs skriftserie nr. 43/1995*, Oslo: Norges forskningsråd
- (1998): *Den 17de Mai, Rasmus Steinsvik 1863-1913*, Modum: Blaafarneværket

Eide, Martin (1993): "Den sosiologiske fantasi og journalistikkforskningen eller den journalistiske fantasi og sosiologien" i *NML Rapport* nr. 4/93, Bergen: Norsk medieforskerlag
- (1998): *Popularisering, modernisering, strukturering. En populæravis tar form. Verdens Gang i forvandling 1945-1981*, Rapport nr. 40, Universitetet i Bergen: Institutt for medievitskap
- (2000): *Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie*, Kristiansand: IJ-forlaget
- (2002): "Journalistisk makt. Et oppslag" i Eide (red.): *Til dagsorden. Journalistikk, makt og demokrati*, Oslo: Gyldendal

-
- Elias, Norbert (1978): *What is Sociology?*, London: Hutchinson & Co
- Erichsen, Rolv Werner (red.) (1960): *Norsk Presseforbund 1910-1935-1960*, Bergen: J. W. Eides Boktrykkeri
- Erlandsen, Roger (2004): *Myndige møringer: 1740-1870*, Oslo: i kommisjon hos Det Norske Samlaget
- Foucault, Michel (2002/1969): *Vetandes arkeologi* (svensk utgåve av *L'archéologie du savoir* från 1969), Lund: Arkiv förlag
- Furre, Berge ([1992]1996): *Norsk historie 1905-1990*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Grepstad, Ottar (2002): *Det nynorske blikket*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Gripsrud, Jostein (1990): *Folkeopplysningas dialektikk. Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteatret 1890-1940*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Habermas, Jürgen (1971/1962): *Borgerlig offentlighet - dens framvekst og forfall. Henimot en teori om det borgerlige samfunn* (norsk utgåve av *Strukturwandel der Öffentlichkeit* från 1962), Oslo: Gyldendal
- Hartvedt, Gunnar Hagen, Reidar Storaas og Rolf Tofte (red.) (2002): *Kort og godt. Bergenske penneknekter gjennom hundre år*, Bergen: Stigma Forlag
- Hannaas, Torleiv, Conrad Clausen og Ludvig Jerdal ([1918]1978): *Vestmannalaget i 110 år*, Bergen: Norsk Bokreidingslag
- Haugland, Kjell (1985): *Striden om skulespråket. Fra 1860-åra til 1902*, Oslo: Det Norske Samlaget
- Hovden, Jan Fredik (2001): "Etter alle journalistikkens reglar... Skisse til *ein* studie av det norske journalistiske feltet" i Martin Eide (red.) (2001)
- Høyler, Svennik (1995): *Pressen mellom teknologi og samfunn. Norske og internasjonale perspektiver på pressehistorie fra Gutenberg til vår tid*, Oslo: Universitetsforlaget
- Håland, Per (skriftstyrar) (1979): *Gula Tidend i 75 år. Eit liv i strid for fridom og norskdom, bygdenorsk kulturarv og norsk bondereising på fullnorsk målgrunn*, Bergen: Gula Tidend
- Johannessen, Werner (1958): *Bergens Presseforening 1908-1958*, Bergen
- Jul i Sunnfjord* (1993), utgjeve av Sunnfjord Sogelag og Sunnfjord Museum, Førde: Firda Trykk
- Kittelsen, Ingolf (red.) (1946): *Studentene fra 1896. Minneblad til 50-årsjubileet*, Oslo: Grøndahls & Søns Boktrykkeri

Kleppstølsfolkje i 400 år (1980), Bergen (privat utgjeving)

Lothe, Anders A. (1950): *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane*, utgjeve av: Firda lærarlag m.fl., Florø: Stryn trykkeri

Melle, Oddbjørn (2002): "Utdanning og nasjon i modernitet – mellom sivilt samfunn og governmentalitet. Tema med variasjon i tid og rom" i *Utdanning som nasjonsbygging*. Skrift nr. 4/02, Høgskulen i Volda

Mills, C. Wright ([1959]1967): *The Sociological Imagination*, New York: Oxford University Press

Nerbøvik, Jostein (2000): "Nasjonsbygging og modernisering. Tema med variasjonar. Artiklar og talar 1990-2000" i *Skrifter fra Ivar Aasen-Instituttet* nr.8, Høgskulen i Volda

Norsk Bladmannalag (1923): "Norsk Bladmannalag gjennom 10 aar – 1913 – 1923. Dei norske bladi gjennom 65 aar", Bjørgvin: J. D. Beyer Prenteverk

Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok (2001), Oslo: Det Norske Samlaget

Ottosen, Rune (1996): *Fra fjærpenn til Internett. Journalister i organisasjon og samfunn*, Oslo: Norsk Journalistlag/Aschehoug

- (1997): "Akademisk, kommersiell eller distriktpolitisk? Journalistutdannings jakt på identitet" i *Norsk Medietidsskrift* nr. 1/97, Oslo: Novus

Ottosen, Rune, Lars Arve Røssland og Helge Østbye (2002): *Norsk pressehistorie*, Oslo: Det Norske Samlaget

Raaum, Odd 1999: *Pressen er løs*, Oslo: Pax Forlag

Rokkan, Stein ([1987]1998): *Stat, nasjon, klasse*, Oslo: Universitetsforlaget

Sande, Øystein (2000): "Aviser på nynorsk. Arbeidsrapport" i *Skrifter fra Ivar Aasen-Instituttet* nr. 9/00, Høgskulen i Volda

Skeidsvoll, Agnar, Johan Tveite og Aksel Andersson (skriftstyre) (1938): *Norske bladmenn og norske blad. 25 års skrift for Norsk Bladmannalag og ei 80 års norsk bladsoga*, Bergen: Lunde & co Forlag

Stegane, Idar (1991): *Det nynorske skriftlivet. Studiar i framvoksteren av ei nynorsk offentlegheit*, avhandling, Universitetet i Bergen

Strand, Odd (1999): *Bergens presse i tre århundrer*, Bergen: Bergen Presseforening

Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000 (2003), Oslo: utgjeven av Studentmållaget i Oslo i kommisjon hos Det Norske Samlaget

Sunnanå, Olav (1979): *Framvoksteren av nynorsk brevkuleopplæring*, rapport nr. 8/79, Universitetet i Oslo: Pedagogisk Forskningsinstitutt

Sørbø, Jan Inge (1991): *Offentleg samtale. Innføring i presseetiske grunnspørsmål*, Oslo: Det Norske Samlaget

Tank, Gunnar (red.) (1921): *Studentene fra 1896. Minneblad til 25-årsjubileet*, Oslo: Grøndahls & Søns Boktrykkeri

Vikør, Lars (1996): "Nynorsk skriftkultur sett i nordisk lys" i Helga Stave Tvinneheim (red.) (1996): *Nynorsk skriftkultur – aktuelle forskingsfelt*, Volda

Walton, Stephen J. (1999): "Litt laust, litt fast" i *Skrifter frå Ivar Aasen-tunet*, nr. 7/99

VEDLEGG

1) Notat frå Fjordaposten i 1927 med tal på tingarar og opplysingar om heimfylke og yrke.

”Til rettleiding for oss sjølv og andre hev me talt saman kva slag folk det er som les Fjordaposten. Av eit vanlegt upplag 2500-2000 vert sendt til:

	Hordaland	Sogn og Fj	I alt
Bønder	127	230	357
Fiskarar	106	21	127
Handverkarar og fabrikantar	254	121	375
Embetsmenn og umbodsmenn	248	120	368
Handelsmenner	192	133	325
Agentar, ungdom o.a.d.	117	58	175
Hotell og kaféar (um sumaren)	15	25	40
Til saman			1767
I Bergen (millomklassa og overklassa)			584
Resten til Nordland og Trøndelag, Austland, Sørland			ca. 2-300”

2) Kopi av Spegelen 23. mars 1911

3) Kopi av Fjordaposten 23. september 1923

